


# NISSEDAL KOMMUNE



## ÅRSMELDING 2023

## **Innhald:**

### **Årsberetning**

1	Innleiing .....	s. 3
2	Organisering av kommunen (politisk og administrativ).....	s. 4
2.1	Organisasjonskart .....	s. 4
2.2	Politisk organisering .....	s. 5
2.3	Administrativ organisering .....	s. 5
2.4	Interkommunalt samarbeid .....	s. 5
3.	Investeringsrekneskapen .....	s. 7
4.	Driftsrekneskapen .....	s.13
5	Balansen .....	s.17
5.1	Gjeld.....	s.17
5.2	Arbeidskapital .....	s.18
5.3	Utestående fordringar .....	s.18
5.4	Fond . .....	s.18
6.	Rapport - Finansforvaltning.....	s.19
7.	Likestilling .....	s.20
7.1	Kjønnsfordeling .....	s.20
7.2	Bruk av overtid/ubekvem arbeidstid .....	s.20
7.3	Lønsnivå .....	s.21
7.4	Stillingsbrøk .....	s.21
7.5	Vidareutdanning – kompetanseheving .....	s.22
7.6	Etnisitet og nedsett funksjonsevne .....	s.22
8.	Fråvær .....	s.22
9.	Etisk standard .....	s.22
10.	Årsverk og lønsnivå .....	s.23
11.	Vurdering av økonomisk situasjon/utvikling.....	s.23
12.	Aktivitetsnivået på utvalde område .....	s.24

### **Handlingsprogram – rapportering**

13.	Visjon (kapittelet er henta fra kommuneplanen) .....	s.25
14.	Hovudmål (jf. kommuneplanen) .....	s.26
15.	Handlingsdelen - Målloppnåing og gjennomføring av tiltak .....	s.28
15.1.	Sentral leiing.....	s.28
15.1.1	Fellestenesta .....	s.30
15.1.2	Interkommunale samarbeid .....	s.31
15.2.	Eining for oppvekst og kultur .....	s.36
15.2.1	Heile eininga .....	s.36
15.2.2	Grunnskule og SFO.....	s.37
15.2.3.	Barnehage .....	s.42
15.2.4.	Kultur .....	s.44
15.2.5	Vaksenopplæring .....	s.46
15.3.	Eining for velferd .....	s.49
15.3.1	Heile eininga .....	s.49
15.3.2	Institusjonsbaserte omsorgstenester .....	s.53
15.3.3	Heimebaserte omsorgstenester .....	s.54
15.3.4	Helsetenester .....	s.56
15.3.5.	Habilitering og aktivisering .....	s.57
15.4.	Eining for teknisk drift .....	s.61
15.4.1	Heile eininga .....	s.61
15.4.2.	Kommunale utleigebustader.....	s.62
15.4.3	Kommunale bygg .....	s.63
15.4.4	Kommunale grøntanlegg .....	s.64
15.4.5.	Samferdsel (vegar, plassar og Fjoneferga) .....	s.64
15.4.6	Brann og ulykkeberedskap .....	s.65
15.4.7	Vatn og kloakk .....	s.66
15.5	Plankontor og næringsutvikling.....	s.71
15.5.1	Interkommunalt plankontor Kviteseid og Nissedal .....	s.72
15.5.2	Administrasjon og plan .....	s.72
15.5.3	Kart og oppmåling .....	s.72
15.5.4	Byggesaksbehandling.....	s.73
15.5.5	Næringsutvikling .....	s.73
15.5.6	Arealbaserte kulturaktiviteter .....	s.75

## 1. Innleiing

Opphavleg budsjett for 2023 blei vedteke med eit negativt netto driftsresultat på 0,3 mill. (-0,12%) Dette var langt unna nasjonal målsetning om eit positivt netto driftsresultat på 1,75%. Det var budsjettert med avsetning til felles buffer på 3,9 mill. Bakgrunn for det svake netto driftsresultatet i opphavleg budsjett er m.a. bruk av bunde fond på 4,2 mill., der bruk av sjølvkostfond på VA utgjer 2,6 mill. Ved å halde VA «utafor» ville ein budsjettert med eit netto driftsresultat på 0,95%. Rekneskapen for 2023 er gjort opp med netto driftsresultat på 16,5 mill. (5,6%). Eit viktig enkelt-moment her er tilskot til utbygging av breiband i kommunen på 9 mill. som betrar netto driftsresultat «kunstig», då dette er midlar vi på mange måtar berre formidlar. Avsetning til felles buffer blei 7,4 mill., som er 1 mill. meir enn budsjett.


Nissedal hadde i ein lengre periode fram til 2017, ein positiv auke i folketalet, med ein topp i innbyggartalet 30.06.17 med 1.495 innbyggjarar. I perioden 2018-2021 var det ein nedgang i foletalet. Men både i 2022 og 2023 har det vore vekst i folketalet. 31.12.23 var innbyggartalet 1.471 som er ein oppgang på 29 personar sidan 31.12.22. Dette utgjer ein auke i folketalet på 2,01%. Auken på 29 innbyggjarar skuldast i sin heilhet netto tilflytting då det er eit fødselsunderskot på 6. På bakgrunn av høg busetjing av ukrainarar er det for heile landet utarbeidd statistikk for endring i folketal utan busetjing av ukrainarar. Då er auke i folketal 3 i kommunen i 2023. Ved årsskifte bur det 54 ukrainarar i kommunen.

I 2021 og 2022 var det høgt forbruk av overtid, som i stor grad blei forklart med pandemi og særskilt avtale kring overtid knyt til dette. Byrjinga av 2023 starta litt på same måte med eit svært høgt forbruk av overtid, men nå knyta meir til vakante stillingar meir enn sjukefråvær. Med andre ord rekrutteringsproblem. På bakgrunn av at ein i lengre tid hadde hatt eit høgt nivå på overtid, med dei utfordringar dette har for tilsette, gjekk ein over til å løyse bemanningsproblem med bruk av vikarbyrå. Dette gav seg store økonomiske utslag, då dette er ein svær kostbar løysing å løyse bemanningsproblem på. Det blei kjøpt tenester fra bemanningsbyrå til 8,4 mill. gjennom 2023, primært på omsorgssenteret, heimesjukepleiar og Kåsa.

Nissedal kommune har hatt som mål å få det legemeldte sjukefråværet under 5%. I 2023 blei det totale fråværet 8,87%. Dette var ein auke på 0,12 prosentpoeng i høve til 2022. Med andre ord kan ein tolke det slik at nivået på sjukefråvær frå «korona-åra» vert oppretthalde. . Sjukefråværet i 2023 fordelte seg med 1,86% korttidsfråvær (u. 16 dager) og 7,01% langtidsfråvær. Eining for velferd er den eininga med høgast fråvær i 2023 (11,08%). Deretter fylgjer teknisk med 8,29%, oppvekst/kultur med 7,65%, felles med 7,65% og plan/næring med 4,34%. Sjukefråvær totalt i Noreg, samla for offentleg og privat sektor i 2023 var 6,7%. Legemeldt fråvær i kommunal sektor i 2023 var 7,7%, som kan samanhaldast med langtidsfråværet lokalt på 7,01%. Nærare kommentarar kring sjukefråvær kjem under kvar eining.

## 2. Organisering av kommunen (politisk og administrativt)

### 2.1 Organisasjonskart



## **2.2 Politisk organisering**

Formannskapet har funksjon som eit "driftsstyre", og har møter ca. kvar 3.-4. veke. Meir prinsipielle saker og saker av litt "tyngde" skal handsamast av kommunestyret. Saker som ikkje er knyt til plan, næring og økonomi skal i prinsippet handsamast direkte i kommunestyret, utan å gå vegen om formannskapet. Kommunestyret hadde 7 møte og formannskapet hadde 11 møte i 2023.

## **2.3 Administrativ organisering**

Nissedal kommune er organisert i 3 driftseiningar og stab-/støttefunksjonar. Kommunedirektøren si leiargruppe består i tillegg til han sjølv, 3 einingsleiarar (Oppvekst og kultur, Velferd, Teknisk), kommunalsjef plan/næring, kommunalsjef økonomi og kommunalsjef samfunn/utvikling.

Eining for oppvekst og kultur omfattar grunnskuleundervisning, sfo-tilbod og vaksenopplæring, kommunale barnehagar og ev. oppfylging av private barnehagar, musikk- og kulturskule, bibliotek, kulturvern/samlingar, kino, ålmenne kulturtiltak, fritidsklubb, rusfri ungdom, ungdomsrådet, vaksenopplæring og flyktingar.

Eining for velferd omfattar omsorgssenter, heimesjukepleie og heimehjelp, tenester for funksjonshemma, legetenester, jordmor, helsestasjon, fysioterapi, barnevern, dagsenter og psykiatri, kontor for sakshandsaming etter Helse- og omsorgslova.

Eining for teknisk drift omfattar drift av alle kommunale bygg, (adm.bygg, skular, barnehagar, omsorgssenter, omsorgsbustader, utleigebustader, dagsenter m.m.), kloakkanlegg, vassforsyning, feiing, kommunale vegar, brannvern, idrettsanlegg/grøntanlegg.

Plan og næring omfattar forvaltningsoppgåver innan arealplanlegging, kartfesting, oppmåling og byggesaksbehandling i kommunane Kviteseid og Nissedal. Næringsarbeid for Nissedal ligg og til plan og næring.

Under fellesstenesta ligg ulike administrative oppgåver innan økonomi/løn, personal, post/arkiv, resepsjon. I tillegg ulike interkommunale samarbeid som løn, landbrukskontor, NAV og barnevern.

## **2.4 Interkommunalt samarbeid m.m.**

Kommunen deltek i ei rekke samarbeid med andre kommunar om tenesteyting. både i form av eigne selskap (IKS) og gjennom samarbeidsavtalar.

### Interkommunale selskap (IKS) og interkommunale samarbeid (§ 27)

- Renovasjon vert utført av IATA (IKS). Deltakande kommunar er Nissedal, Drangedal, Nome og Åmli.
- Alle kommunane i Vest-Telemark samarbeider om førebyggande brannvern i eige IKS
- Vest-Telemarkrådet (§ 27 selskap)
- Vestfold, og Telemark kommunerevisjon IKS
- Vestfold, Telemark og Agder kontrollutvalssekretariat IKS
- IKA Kongsberg IKS
- Vest-Telemark PPT IKS.

## Samarbeidsavtalar

- Nissedal og Kviteseid kommunar har eit utstrakt fagleg samarbeid. Plankontoret i Nissedal utfører bygningskontroll, oppmåling og arealplanlegging for begge kommunane. Landbrukskontoret i Kviteseid er felles landbrukskontor for Kviteseid og Nissedal. Nissedal kommune fører løn/rekneskap for Kviteseid kommune.
- Alle seks kommunane i Vest-Telemark har felles NAV-kontor, med Tokke som vertskommune.
- Alle seks kommunane i Vest-Telemark har felles Barnevern med Kviteseid som vertskommune
- Nissedal kommune har samarbeidsavtale med Arendal kommune om Legevakt.
- Nissedal kommune har ei rekke samarbeidsavtalar med STHF i samband med Samhandlingsreforma. Desse avtalane tek vare på Nissedal sitt behov for sjukehustenester frå SSHF.
- Nissedal kommune deltek i eit innkjøpssamarbeid.
- Nissedal kommune samarbeider med Drangedal kommune om VA-anlegg på Gautefallheia.
- Felles psykologteneste saman med 5 av kommunane i Vest-Telemark, med Seljord som vertskommune.

### 3. Investeringsrekneskapet (jf. bevilgningoversikt og note 18)

Investeringsrekneskapet er også i 2023 prega av høy aktivitet, då særleg innan VA-sektoren.

I opphavleg budsjett var det lagt inn sum investeringar varige driftsmidlar med totalt 194,9 mill. Dette blei justert ned i løpet av året til 98,54 mill. Rekneskapen gav investeringar i varige driftsmidlar på 68,2 mill. Eit avvik på omlag 30%. Det meste av avviket skuldast at prosesjonen på fleire prosjekt blei mindre enn kva ein la til grunn ved vedtak av 2. tertial. Av totale investeringar i varige driftsmidlar på 68,2 mill. var 54,9 mill. knyt til investeringar innan VA.

Bruk av lån i 2023 var 40 mill. (Bruk av lån til vidareutlån er då halde utafor). Sett opp mot sum investeringsutgifter på 68,2 mill. gir dette at 59% av investeringane i 2023 var finansiert med lån. Dette gir ikkje eit heilt realistisk bilet av finansieringa av investeringar til kommunen. Dersom ein held anleggsbidragsavtaler og refusjon frå Drangedal i høve til fellesprosjekt med dei, er lånefinansieringsgrad av investeringar nær 100%.

Gjennom året er investeringsbudsjettet justert ved tertialkontrollane.

Status på investeringsprosjekta går fram av note 18 i rekneskapen, s. 33, der det går fram eventuelle avvik i høve til prosjektkostnad og budsjett 2023. Under følgjer kommentarar til kvart investeringsprosjekt opp mot note 18.

## 0126 – Startlån

Ramme for vidareutl n av Husbanken sine midlar.

I 1. tertial blei utlånsramma styrka med kr 2.146.000 som var udisponerte midlar frå 2022. I kommunestylesak 51/23, blei det vedteke å auke låneramma med 2 mill. I tillegg blei det i 2. tertial vedteke å nytte eit låneavdragsfond på kr 821.000 til å styrke utlånsramma ytterlegare med. I sum blei utlånsramma styrka med kr 4.967.000. Det er aukande interesse for denne type lån, m.a. på bakgrunn av staten sine innstrammingar av bankane sine muligheter til å gje lån. 31.12.23 stod det att kr 2.783.000 av utlånsramma. Dette blir overført til 2024. Noko av bakgrunnen til dette avviket var eit vedtak om lån på 1,6 mill. fatta før årsskifte, men der eigedomsoverdraginga og utbetaling av lånet ikkje skjedde før etter årsskifte.

0149 – Kjøp og sal av aksjar, andelar og tomter

Eigenkapitalinnskot til KLP (kr 542.000) i samsvar med budsjettet. Det var budsjettert med sal av fast eigedom, kr 552.000 som finansiering av EK-innskot. Sal av fast eigedom blei kr 45.000, der kr 20.000 var knyt til VA-prosjekt og inngår i sølvkost VA. Dermed blei salsinntekt fast eigedom som kan finansiere EK-innskot kr 25.000. Sal av dei to nemnde bustadtomtene blei forseinka og blir gjennomført etter årsskifte. EK-innskot kan ikkje finansierast med lån. På denne bakgrunn blei det eit udekka meirforbruk i investeringsrekneskapen på kr 526.000.

0591 – Tur-/sykkelløype Åmli-Treungen

Attst  ande sikringstiltak er n   gjennomf  rt, og prosjektet er avslutta, i samsvar med budsjetttramme. (traseen fr   Tj  n nefoss til Illekleiv er skild ut som eige prosjekt 0690).

0593 – Omsorgsbustader – Omsorgsenteret

I prosjektet sto det att å sette opp søppelboder. Dette er nå gjennomført og prosjektet er avslutta kr 175.000 under budsjetttramme.

#### 0633 – Bakkebufjellet - Anleggsbidragsavtale

Anleggsbidrag frå Kyrkjebygdeia AS regulert i utbyggingsavtale (samla kr 4.5 million + renter fordelt på 8 år). Årleg sum på kr 745.750 vert avsett til bunde investeringsfond som kan nyttast til nye VA-investeringsar. Innbetalt og avsett jf. budsjett.

#### 0634 Kyrkjebygdeia – opprusting av eksisterande anlegg

Prosjektet gjeld ferdigstilling av diverse tiltak i samband med at kommunen etablerte/overtok vassforsyninga på Kyrkjebygdeia. Arbeidet er i sluttfasen og i 2. tertial blei det sett som mål å bli ferdig før vinteren. På bakgrunn av tidleg vinter og ulike uforutsette problem, m.a. trykkproblem, må dette prosjektet fullførast i 2024. Unytta prosjektramme kr 652.000.

#### 0640 – Forprosjekt – ungdomsskulen

Bygge- og prosjekteringsnemnda har ansvaret for prosjektet.. Prosjektet skal ta høgde for alle prosjekteringskostnader fram til kontrakt er signert. I 2. tertial blei prosjektramma styrka med kr 100.000. Prosjektet har hatt behov for meir bistand enn kva som blei lagt til grunn i 2. tertial og har ei overskridning i høve til prosjektramma på kr 191.000.

#### 0644 – Ombygging/Ny brannstasjon

Bygget er overtatt av kommunen og sluttsynfaring er gjort.

Løyving i 2023 gjaldt noko innkjøp av inventar. Nødvending utstyr/inventar er nå kjøpt inn. Det som eventuelt står att blir ein driftsutgift. Prosjektet avsluttas kr 717.000 under prosjektramme.

#### 0648– Høgdebasseng Framnes

Prosjektramme på kr 13.600.000. I 2. tertial blei det rapportert at det planleggast med å fullføre prosjekteringen i 2023. Noko prosjektering står att til 2024. Prosjektet blir sendt ut på anbod tidleg 2024. Grunneigaravtale er på plass. Unytta budsjett 2023 kr 217.000.

#### 0650 – Driftsovervaking – pumpestasjonar

Prosjektet er avslutta/fullført kr 52.000 under budsjett/prosjektramme.

#### 0651 – Oppgradering av/etablering av nye kummar.

Løyvinga var til to kummar i Smeitkollen. Arbeidet er gjennomført. Ramma vart auka med kr 346.000 i tertial, m.a. for å ta høgde for utgifter til asfaltering. Prosjektet avsluttast i samsvar med gjeldande prosjektramme/budsjett.

#### 0670 – Anleggsbidragsavtale – Utsjå hyttegrensd – trinn 3

Kommunedirektøren har etter fullmakt inngått anleggsbidragsavtale der utbyggar finansierer tiltaket. Øvre ramme for prosjektet er kr 6.500.000. Budsjett 2023 5 mill. Utbyggar styrer framdrifta her. Kr 1.871.000 stod att av prosjektramme/budsjett 31.12.

#### 0672 –Prosjektering – kjøkken og vaskeri NOS

Forprosjektet er nå godkjent av prosjekterings- og byggenemnda, og Husbanken har løya tilskot. Prosjekteringsarbeidet er med dette i utgangspunktet avslutta. Detaljprosjektering vil inngå i byggeprosjektet, jf. prosjekt *0697-Tilbygg/ombygging-Nissedal omsorgssenter*. Prosjektet er avslutta med eit meirforbruk på kr 89.000 i høve til prosjektramme/budsjett.

#### 0681 – Vassforsyning – Naurak inkl. kloakk i Rypelia

I 1. tertial vart ramma for dette prosjektet styrka med kr 990.000. Bygging av trykkaukestasjon er gjennomført og dei siste hyttene er tilkopla. Det står at noko mindre arbeid, m.a. grusing av veg. Dette vil bli gjort i 2024 innafor resterande budsjett/prosjektramme på kr 214.000.

#### 0683 – Offentleg toalett – Kyrkjebygda.

Det er tidlegare løyva kr 250.000 til dette. Her ser ein føre seg ei løysing knytt til Nissedal reinseanlegg og ombygging av dette i 2024/2025. Fram til då er det etablert ei midlertidig løysing, der publikum kan bruke eksisterande wc på reinseanlegget.

#### 0686 – Anleggsbidragsavtale – Solheia 2 (2022)

Kommunedirektøren har inngått anleggsbidragsavtale her etter fullmakt. Øvre ramme for prosjektet er kr 2.445.000. Dette er fullt ut finansiert med anleggsbidrag, og utbyggar styrer framdrifta. Unytta prosjektramme/budsjett pr. 31.12. er kr 1.960.000,-

#### 0687 – Anleggsbidragsavtale – Svivkollen 2 (2022)

Prosjektet er etablert med ei prosjektramme på kr 850.000, der 100 % skal dekkast med anleggsbidrag. Utbyggar styrer framdrifta etter behov. Unytta prosjektramme/budsjett pr. 31.12. er kr 330.000.

#### 0688 – Anleggsbidragsavtale – Nordstøy

Prosjektet, som omfattar utbygging av hovudinfrastruktur «aust for Stokksosen» og intern infrastruktur i delar av reguleringsplanen for Nordstøy hyttegren, er i praksis gjennomført, men det står att nokre kostnader knytt til sluttgodkjenning/-leveranse. Både i 1.tertial og 2.tertial vart det rapportert om behov for tilleggsløyvingar knytt til uføresette tiltak og underbudsjettering. Ved gjennomgang av prosjektøkonomien ved årets slutt er det oppdaga at budsjettsum ikkje samsvarer med dei vedtak som er gjort. Vedteke eigenfinansiering/bruk av lån er totalt kr 7.144.000, og av dette er kr 6.432.000 nytta pr. utgangen av 2023. Unytta løyving, kr 712.000 overførast til B2024. I tillegg til kommunen sin eigenfinansiering så er dette prosjektet finansiert med frivillig anleggsbidrag frå utbyggar. Kravd anleggsbidrag er kr 5.560.000, men av dette står kr 2.446.000 ubetalt ved utgangen av 2023, grunna utbyggar sin økonomiske situasjon.

#### 0690 – Sykkeltrase Tjønnefoss - llekleiv

Dette prosjektet heng nært saman med utbygginga av va-leidningar til Langmoen, der hovudelementa er toppdekke på grøftetraseen, ny bru over Raudåna og utviding av fjellskjering sør for Tjørullkroa. I tillegg kjem diverse informasjonsmateriell, skilting og benkar. Det er tidlegare rapportert om samarbeidet med Statens vegvesen (SVV) om breiddeutviding av Rv.41, og i budsjettet er det teke høgde for ein kostnad på 6,1 million finansiert av SVV. Av dette er det påløpt kr 3.790.000 i 2023. Dersom ein ser bort frå arbeidet for SVV, så er prosjektramma 4.175.000, medan sum påløpte prosjektkostnader er kr 4.521.000.

#### 0691 – 2 søppelboder Tveit skule og Treungen barnehage

Arbeidet blei rapportert i 2. tertial skulle bli utført før vinteren og i samanheng med søppelbodene på NOS. Men snøen kom noko tidlegare enn tenkt og prosjektet blei difor forseinka. Vidare arbeid vil og bli sett i samanheng med ein heilheitleg plan for uteområdet på skulen. Pålegget frå branntilsyn kring søppelhandtering er løyst mellombels. Pr. 31.12. er det unytta kr 250.000 av prosjektramme/budsjett.

#### 0692 – Offentleg toalett Sundsmoen

I k-sak 52/23 blei prosjektramma auka med kr 175.000. Sjølve bygget er nærmast ferdig ved årsskifte, men det det ikkje motteke faktura på alt utført arbeid. I tillegg står det att ein del arbeid på uteområdet, m.a. står att å få asfaltert parkeringsplassar/avkjørsel. Unytta prosjektramme/budsjett pr. 31.12. er kr 342.000.

#### 0693 – Gateljos – Haugsiåsund

Arbeidet er fullført i samsvar med prosjektramme/budsjett på kr 150.000.

#### 0695 – Anleggsbidragsavtale – Fela Nord (2022)

Anleggsbidragsavtale godkjent i K-sak 57/22, der prosjektramme seinare er korrigert etter fullmakt til ei ramme på kr 5.460.000, der auken er finansiert med anleggsbidrag fullt ut. Prosjektet er fullført med ei overskridning i høve til prosjektramme/budsjett på kr 137.000. Overskridingen er fullt ut dekt opp av anleggsbidrag.

#### 0696 – Ikt i skulen

For å kome inn i ei fornuftig rullering, få på plass elektroniske tavler i alle klasserom og for at alle elevane i ungdomsskulen skal ha pc frå hausten 2023, vart ramma auka med kr 515.000 i 1. tertial. Ramme i 2024 blei tilsvarende redusert. Prosjektet var pr. 31.12. kr 46.000 under prosjektramme/budsjett.

#### 0697 – Tilbygg/ombygging – Nissedal omsorgssenter

Forprosjektet er nå fullført (jf. 0672) og prosjektet er klart for utlysing av anbod. Detaljprosjektering vil gå på hovudprosjektet. Sjølve utbygginga vil fyrst starte opp i 2024. I 2. tertial blei budsjettramma redusert med kr 125.000. Behovet for konsulentbistand syntes seg høgare i 2023 enn kva som blei lagt til grunn i 2. tertial og prosjektet hadde eit meirforbruk 31.12. i høve til budsjett på kr 134.000.

#### 0698 – Ny heisløysing i symjebassenget

I k-sak 23/23, blei det løyva kr 123.000 + mva. til dette prosjektet. Tiltaket er gjennomført.

#### 0699 – Parkeringsplass – Osmyr

I k-sak 13/23, blei det løyva kr 750.000 til prosjektet. I 2. tertial blei det tilleggsløyva kr 197.000, som skuldast behov for meir masseutskifting enn fyrst antatt. Prosjektet er ferdig med unnatak av lysanlegg. Dette vil bli sett opp i 2024 innafor resterande prosjektramme/budsjett på kr 159.000.

#### 0700 – Sykkeltrase – universell utforming (Sommarsletta-Haukerhyl)

Kommunen har fått kr 250.000 frå fylkeskommunen for å oppgradere strekninga frå Sommarsletta til Haukerhyl til universell utforming, som er kr 50.000 meir enn budsjettet. Prosjektet er nær ferdig, men det er avsett kr 13.000 til bundne investeringsfond, som vil bli nytta i 2024 til å fullføre prosjektet. Prosjektet har eit meirforbruk på kr 46.000 jf. prosjektramme/budsjett, men dette er dekt opp av tilskot over budsjett. Det står att noko arbeid kring skilting, som vil bli gjort i 2024.

#### 0702 – Ombygging av VA-leidningar-Stasjonsområdet

Ved sal av tomt til Pedersen rørservice AS oppstod det behov for omlegging av VA-leidningar. I 2. tertial blei det løyva kr 500.000 til dette prosjektet. Det har i 2023 berre påløpt mindre kostnader til konsulentbistand. Gjennomføring av prosjektet er utsatt til 2024. Pr. 31.12. er det eit unytta prosjektramme/budsjett på kr 466.000.

#### 0703 – Ferjebustaden – påkostning – ny terrasse

Leigeforholdet på ferjevaktarbustaden blei sagt opp med virkning frå 30.09., på bakgrunn av skifte av driftsoperatør på ferja. I leigeperioden har leidgetakar, etter avtale med kommunen, etablert ein stor terrasse til bruk i cafedrifta. I leigeavtala går det fram at ved opphør skal bygget settast attende til slik det var før start på leigeforholdet. Leidgetakar søkte difor kommunen om å få rive terrassen og fekk denne innvilga i sommar. I 2. tertial blei det løyva kr 150.000, slik at kommunen kunne oveta terrassen. Gjennomført i samsvar med prosjektramme.

#### 0704 – Anleggsbidragsavtale – Raudnes hyttefelt

Kommunestyret vedtok i k-sak 45/23 utbygging av VA-infrastruktur i Raudnes hyttefelt, organisert som ei frivillig anleggsbidragsavtale. Etter fullmakt gjeve i saka har ordførar godkjent ein auke i utbyggingskostnaden for det interne spreienettet, slik at samla prosjektramme er kr 4.536.000. Auken vert finansiert gjennom tilsvarande auke i anleggsbidraget frå utbyggjar. Utbyggjar styrar framdrift i prosjektet. Prosjektet hadde pr. 31.12. unytta prosjektramme/budsjett kr 2.012.000.

#### 0705 – Ombygging/rehabilitering – Tveit skule

Dette prosjektet skulle etter budsjett ikkje starte opp før 2025. Men kommunen fekk tilskot frå Sparebankstiftelsen DNB på kr 200.000 til utstyr til uteområdet på skulen. I tillegg påløp det konsulentutgifter på kr 101.000. Prosjektet står pr. 31.12. med eit meirforbruk i høve til prosjektramme/budsjett på kr 412.000. Dette er dekt opp med ubudsjettert tilskot på kr 200.000, mva.ref. på kr 82.000 og bruk av lån kr 130.000.

#### 0712 – Restaurering/ombygging – Lokstallen

Kommunen har motteke kr 1.750.000 frå fylkeskommunen og kr 200.000 frå staten i tilskot til å projektere ombygging av lokstall til klatrehall. Midlane er avsett til bundne investeringsfond. Mottak av tilskot av avsetning til fond er ikkje innarbeidd i investeringsbudsjettet. Dette på bakgrunn av at midlane blei utbetalt heilt mot slutten av året og var ikkje avklart ved handsaming av 2. tertial.

#### 0713 – Ombygging av Naurak RA til pumpestasjon

På slutten av året oppstod det eit behov for å legge om straum og VA-leidningar knytt til ei tomt i utbyggingsområdet Naurak. Dette er tiltak som uansett måtte gjerast i samband med at Naurak reinseanlegg skal fasast ut, og erstattast med ein pumpestasjon. Av omsyn til VTK sitt behov, valde ein å forsøktere tiltaket. Tiltaket var dermed ikkje innarbeidd i budsjettet eller med ei vedteke prosjektramme og forbruk 2023 på kr 342.000 framstår då som eit meirforbruk.

### **Felles VA-prosjekt saman med Drangedal kommune**

#### 0535 VA-Gautefallheia – Trinn 4 – Drangedal avløp

Prosjektet omfattar ny kloakkledning mellom Gautefall Ski Lodge og Gautefall RA, der kostnader fordelast mellom Nissedal og Drangedal etter gjeldande samarbeidsavtale. I tillegg har Drangedal fått utvida vassforsyningsskapasiteten, noko dei har finansiert 100 %. I k-sak 68/22 vart prosjektet rapportert fullført og udisponert ramme på vart trekt inn. Men då det var ein diskusjon om sluttfakturering frå entreprenør, som ikkje var sluttført, blei udisponert ramme i 1. tertial 2023 ført opp att i investeringsbudsjettet og vidareført i 2024. Ein legg nå til grunn at prosjektet er avslutta og resterande ramme på kr 710.000 vert trekt inn.

#### 0657 – Høgdebasseng – Tveit (Treungen)

Det visast til k-sak 12/23, der kommunestyret vedtok ei prosjektramme på kr 27.600.000, og der stipulert refusjon frå Drangedal kommune var kr 9.388.000. Avtale med grunneigar var på plass kring årsskifte. I 2. tertial 2023 blei det meldt at det var planlagt å fullføre prosjekteringa i 2023 og byggestart på vårparten 2024. Prosjekteringa blei noko forseinka og prosjektet fekk av den grunn eit mindreforbruk i høve til budsjett på kr 336.000.

#### 0676 – Prosjektering – Langmoen reinseanlegg

Det er så langt utført eit betydeleg prosjekteringsarbeid fram til utarbeiding av konkurransegrunnlag. I høve til prosjektramme på kr 16.418.000 er det pr. 31.12. eit mindreforbruk på kr 738.000. Forprosjektet er nå avslutta og vidare prosjekteringsutgifter vil bli hovudprosjektet, 0678. Drangedal dekker omlag 35% av kostnadene.

#### 0678 – Utbygging – Langmoen reinseanlegg

Det er vedteke utbygging med ei prosjektramme på kr 138.100.000. Opphavleg budsjetttramme i 2023 var kr 76.750.000. Dette blei endra i løpet av året, hovudsakleg pga. progresjon til 8.750.000 og overført til 2024-budsjettet. Men progresjonen synter seg å bli noko høgare enn lagt til grunn i 2. tertial og i høve til budsjett fekk prosjektet eit meirforbruk kr 5.606.000.

#### 0679 – Utbygging – Felles vass- og avløpsleidning Langmoen

Det er vedteke utbygging med ei prosjektramme på kr 58.700.000. Justert budsjett 2023 var kr 36.635.000. Arbeidet er nærmast seg sluttført ved årsskifte. Det står at arbeid til rundt 3 mill. som vil bli utført i 2024. Prosjektkostnad ligg an til å bli godt under prosjektramma. Men samstundes er det ein del «MÅ-tiltak» som ennå ikkje er lagt inn i budsjettet. Dette er prosjekt som ikkje vil inngå i samarbeidet med Drangedal men er bare Nissedal sine, t.d. kloakkpumpestasjonar på Høgefoss og Haugsjåsund og VA-anlegget på Haugsjåsund. Ombygging av dagens reinseanlegg til kloakkpumpestasjonar er under prosjektering. Dette vil ein kome attende til i eigne løyvingssaker.

#### 0701 - Forlenging av inntaksleidning – Treungen vassverk

Statsforvaltar/Mattilsynet har stilt krav om at kommunen dokumenterer ein plan for flytting av inntaket til Treungen vassverk i samband med Nisser Brygge AS sine planar om utfylling i Nisser. Planarbeidet med dette er så godt som klart, og det ligg føre ei kostnadskalkyle på 3,9 millionar. Det blei løyva midlar til dette i 2. tertial, men det blei allereie då signalisert at det er usikkert kor mykje ein kan få gjennomført i 2023. Pga. isforhold i Nisser og leverandør sin kapasitet blei berre ein mindre del av prosjektet gjennomført før årsskifte og prosjektet har av den grunn med eit mindreforbruk i høve til budsjett på kr 3.726.000.

#### **Oppsummert:**

Investeringsrekneskapen for 2023 er gjort opp med eit udekka beløp på kr 526.000. Dette på bakgrunn av finansiering av EK-innskot KLP, som var budsjettert med sal av tomter, men der tomtesalet ikkje blei gjennomført i 2023. Beløpet må dekkast inn i 2024, truleg med bruk av driftsmidlar/fond/buffer.

Sum investeringsutgifter er 30,3 mill. under budsjett. I all hovudsak er dette mindreforbruket årsaka av progresjonen på ulike prosjekt blei lågare enn kva ein la til grunn ved siste justering av investeringsbudsjettet i 2. tertial 2023. Det største avviket er knyt til prosjekt 0679 Felles vass- og avløpsleidning Langmoen. Her er det eit mindreforbruk på 21,8 mill. i høve til budsjett. Men som det går fram av prosjektkommentarane er det her vel så mykje ei forklaring at ein ikkje har fått endelig avklart kva som skal inngå av «tilleggsprosjekt». Så ved å ta omsyn til dette er avvik knyt til progresjon omlag 8,5 mill. (8,6%).

## **4. Driftsrekneskapen**

**(jf. øk. oversikt, bevilgningsoversikt netto ramme pr. rammeområde og note 17)**

### **Økonomisk oversikt drift (s. 11 i rekneskapen)**

Oversikten syner at sum driftsinntekter blei 2,6 mill. over budsjett og ein auke på 38,9 mill. samanlikna med rekneskap 2022. Endring frå 2022 er m.a. auka av eigedomsskatt kraftverk 7,2 mill., konsesjonskraftinntekter 3,2 mill., tilskot ressurskrevjande brukar 6,3 mill., tilskot utbygging breiband 9 mill., gebyrinntekter VAR 3,6 mill. og auke i refusjon sjukepengar/fødselspengar 3,7 mill.

Inntekts- og formueskatt blei 2,9 mill. under budsjett. Gjennom året blei anslaget på denne inntekta auka med 6,6 mill. I 2. tertial blei det lagt til grunn same skatteinngang i perioden august-desember som i 2022. Men skatteinngangen i 2023 for denne perioden blei 3 mill. lågare enn i 2022. Nissedal kommune hadde ein nedgang på 4,6% inntekts-/formueskatt mot 4,7% på nasjonalt nivå. Kommunen hadde i 2023 ein skatteinngang på 94,7% av landssnittet målt pr. innbyggjar.

Naturressurskatten (som og inngår i inntektsutjamninga – avrekninga mot rammetilskot), blei 0,4 mill. under budsjett og 0,4 mill. lågare enn i 2022. Naturressursskatten utgjer 1,1 øre pr. produsert kWh. Med andre ord må då kraftproduksjonen i kommunen ha vore lågare i 2023 enn 2022.

Rammetilskot blei 4,3 mill. meir enn budsjettert. Dette dels på bakgrunn av skatteinntektene blei under budsjett og dette blir kompensert ved inntektsutjamninga. I tillegg blei det avklart, etter 2. tertial, at staten reverserer siste del av uttrekket av rammetilskot knyt til konsesjonskraftinntekter. Dette utgjorde 1,6 mill.

Inntekter frå eigedomskatt blei omlag som budsjett (54.000 over budsjett) og var totalt 20,6 mill. Dette fordele seg på 1,4 mill. frå næringsbygg/linenett, 12,6 mill. frå kraftanlegg og 6,6 mill. frå hus/hytter.

Integreringstilskot (som utgjer hovudtyngda av «andre overføringer og tilskot frå staten») blei 3,4 mill. under budsjett. Avviket her skuldas til forhold. Først ein regelrett reknefeil i samband med justering av tilskotet ved 2. tertial. Dette feilen utgjorde 2,2 mill. I tillegg blei det busett 6 færre flyktningar dei siste månadene av 2023 i høve til det ein la til grunn i 2. tertial.

Sum driftsutgifter blei 0,6 mill. over budsjett. Veksten i driftsutgifter frå 2022 var på 20,4 mill. Med andre ord auka driftsinntektene med 18,5 mill. meir enn driftsutgiftene.

Lønsutgiftene (inkl. sos.utg.) auka med 13,8 mill. frå 2022 til 2023. Dette utgjer ein auke på omlag 9%. Dette inkluderer ordinær lønsvekst og av auke av årsverk gjennom året. Bruk av overtid i 2023 inngår i dette talet med 5,3 mill., som er ein nedgang på 2 mill. frå 2022.

Netto finansutgifter blei 0,5 mill. under budsjett. Dette skuldast at renteinntekter blei 0,2 mill. meir enn budsjettert. Dette på bakgrunn av at innskotsrenta gjekk noko «brattare» opp siste halvår enn lagt til grunn. I tillegg blei inneståande sum på konto (rentegrunnlaget) underbudsjettert. Renteutgifter blei 0,3 mill. mindre enn budsjett.

Avsetning til disposisjonsfond blei 7,4 mill. som er 1 mill. meir enn budsjettert. Dette på bakgrunn av at oppgjer av rekneskapen gav grunnlag for ei avsetning utover det som var budsjettert. Saldo disposisjonsfond/felles buffer pr. 31.12.23 kr 18.571.146.

#### Bevilgningsoversikt, netto ramme pr. rammeområde (s. 8 i rekneskapsdokumentet)

Totalt syner rekneskapen kr 131.640.000 i sum nettoramme for alle rammeområde (eksl. fondsbruk/-avsetning). Dette mot justert budsjett på kr 135.561.000. Dette vil seie eit mindreforbruk i høve til netto driftsutgifter på kr 3.921.000 (2,9%). Det er store variasjonar rammeområda i mellom, felles har eit mindreforbruk på 44,2%, eining for oppvekst og kultur meirforbruk på 1,3%, eining for velferd meirforbruk på 2,1%, eining for teknisk drift mindreforbruk på 6%, sjølvkost VA meirforbruk på 6,1% og plan/næring eit meirforbruk på 22,2%. Bakgrunn/moment for avvik innafor dei ulike rammeområda kjem fram under.

#### Rammene pr. rammeområde

Note 17 i rekneskapet (s. 31) syner endringane i driftsrammene gjennom året, og faktisk driftsresultat for kvart rammeområde for året. Større endringar av budsjetttramma og budsjettavvik (over kr 100.000) vert teke med i oppsettet under. Endringar av meir teknisk karakter som t.d. avskrivningar og verknad av lønsoppgjer for kvart rammeområde, vert ikkje teke med. Det er viktig å merke seg at rekneskapsresultat ikkje nødvendigvis seier noko om oppnåing av mål eller effektivitet. Dei ulike momenta vert berre omtala i stikkord i oppsette under. For meir utfyllande kommentarar, sjå kommentar til rekneskapen under kvart rammeområde sin rapport.

(I oppsettet under er auke av budsjetttramma markert med + og reduksjon av ramme med -. Meir-/mindreforbruk tek omsyn til bruk/avsetning fond).

#### **Felles:**

Dei viktigaste tiltaka i budsjettvedtaket var:

- Auke av konsesjonskraftinntekter redusert -kr 15.000.000
- Auke utgifter NAV +kr 950.000
- Auke utgift barnevern – tiltak +kr 334.000
- Brøyting kyrkjebrygg ny avtale +kr 100.000
- Støtte til kjøp av bil Frivilligentral +kr 100.000
- Straumstøtte lokalt næringsliv +kr 1.500.000
- Rammekutt –kr 167.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Avsett sum straumstøtte trekt inn –kr 1.474.000
- Red. av konsesjonskraftinntekter +kr 2.946.000
- Auke utgifter økonomisk sosialhjelp +kr 950.000
- Nytt rekrutteringssystem +kr 130.000
- Kostnader reg.plan Jettegrytene/Treunge sentrum +kr 295.000
- Etterløn ordførar +kr 235.000
- Styrking av felles lønspott +kr 720.000

Felles har eit netto mindreforbruk på kr 3.739.000 (avvik 31%). Dette kan i hovudsak knytast fylgjande moment:

- Konsesjonskraftinntekter meirinntekter over budsjett på kr 3.300.000
- Mindregifter barnevern kr 956.000
- Mindreforbruk NAV kr 741.000
- Støtte til kjøp av bil frivilligentral returnert kr 100.000
- Auke avsetning næring-/kraftfond ved auke renteinntekter kr 697.000
- Meirforbruk IKT heile kommunen kr 124.000
- Meirforbruk på div. lønspostar kr 154.000
- Meirforbruk lønspott heile kommune kr 114.000
- Meirforbruk tillitsvalte frikjøp/drift kr 62.000
- Meirforbruk velferd heile kommunen kr 66.000
- Meirforbruk landbrukskontor kr 80.000

### **Eining oppvekst og kultur:**

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- Løyving budsjett 2022 stolar/bord/skulebøker trekt inn -kr 370.000
- Heilår mat ungdomsskule +kr 195.000
- Redusert foreldrebetaling bhg./SFO +kr 428.000
- Budsjett flyktningkorordinator/intro.program +Kr 4.350.000
- Assistent barnehage/skule flyktningres. +kr 1.010.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Mindreforbruk vikar m.m. skule/barnehage –kr 1.192.000
- Auke ressurs spesialundervisning +kr 400.000
- Utviding av flyktningapparat +kr 2.105.000
- KS-konsulent – bistand lokal oppvekstplan +kr 100.000
- Støtte kultursenter Nes sag +kr 100.000
- Støtte til Vårsol/Solborg +kr 130.000

Eining for oppvekst og kultur har eit netto meirforbruk på kr 700.000 (avvik 1,17%). Dette kan knytast til følgjande moment:

- Vaksenopplæring, statstilskot under budsjett/lønsutg. over budsjett kr 466.000
- Feilbudsjettering statstilskot Tveit skule kr 419.000
- Meirforbruk overtid Tveit skule kr 168.000
- Utgifter skuleskyss Kyrkjebymda over budsjett kr 167.000
- Meirforbruk undervisningsmateriell Tveit skule kr 134.000
- Felle barnehage, avvik ref. sjukeløn, under budsjett kr 100.000
- Andre driftskostnader bibliotek over budsjett kr 94.000
- Flyktning/intr.program mindreforbruk kr 394.000
- Mindreutgifter andre kostnader felles adm., eininga kr 321.000

### **Eining velferd:**

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- Forvaltning/drift nasjonale e-helseløysingar +kr 162.000
- Auke utgifter legevakt/KØH-plassar +kr 260.000
- Nytt team Kåsa / 80/100 turnus innført +kr 2.920.000
- Tilskot ressurskrevjande brukarar auka –kr 2.952.000
- Rask psykisk helsehjelp etablert +kr 255.000
- Etablering stilling som turnuskoordinator +kr 667.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Bruka av vikarbyrå +kr 7.593.000
- Reduksjon av statstilskot ressurskrevjande brukarar +kr 716.000
- Overtid Kåsa +kr 567.000
- Auke kostnad legevakt +kr 350.000
- Rekrutteringstiltak sjukepleiar/vernepleia 10-års ans. +kr 110.000
- Auke utgifter Rask psykisk helsehjelp +kr 109.000
- 40% stilling integrering/psykiatri +kr 130.000
- Mindreforbruk løn administrasjon –kr 291.000

Eining velferd har eit netto meirforbruk på kr 1.332.000 (avvik 2,1%). Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Meirforbruk løn Kåsa, særleg vikar kr 1.877.000.
- Statstilskot ressurskrevjande brukarar over budsjett kr 1.432.000
- Opphaldbetaling NOS under budsjett kr 257.000
- Overtid NOS over budsjett kr 167.000
- Overforbruk løn heimesjukepleie vikar/tilleggsløn m.m. kr 472.000
- Sprekk matvarer kjøkken NOS kr 120.000
- Skjerma avd. kjøp av vikartenester over budsjett kr 168.000.
- Mindreforbruk løn administrasjon kr 403.000

#### **Eining for teknisk drift:**

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet var:

- Auke straumutgifter +kr 1.700.000
- Framførbart underskot feiring dekt inn +kr 247.000
- Red. leigeinntekter komm. bustader ved ledighet +kr 130.000
- Auke utgifter kommunale avgifter +kr 170.000
- Særskilt prisvekst reinhaldmidlar +kr 150.000
- Beredskap festival kr 100.000
- Sommarjobb ungdom/studentar kr 250.000
- Auke vedlikehaldsbudsjett kommunale bygg kr 320.000

Dei viktigaste endringane gjennom året var:

- Auke i straumutgifter +kr 1.700.000
- Red. inntekt komm. bustader ledige påvente av flyktninger kr 200.000
- Div. vedlikehald kommunale bygg kr 150.000
- Vedlikehald Fjoneferja kr 150.000
- Div. tiltak etter vernerundar kr 200.000
- Auke utgifter utrykking brann kr 100.000

Eining teknisk drift har eit netto mindreforbruk på kr 1.197.000 (avvik 6,3%). Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Mindreforbruk straum kr 764.000
- Mindreforbruk materialer/vedlikehald bygg kr 400.000
- Tenestekjøp brann mindreforbruk kr 144.000
- Mindreforbruk brann kurs/utstyr kr 87.000

#### **Sjølvkost Vatn og Kloakk:**

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet:

- Ramme redusert pga. auke i rentenivå og avskrivingsgrunnlag -kr 6.093.000

Dei viktigaste endringane gjennom året:

- Ingen endringar

Sjølvkostområdet VA har eit meirforbruk på kr 739.000 (avvik 5,3%). Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Inntekt tilkoplingsavgifter kloakk under budsjett kr 355.000
- Driftskostnader kloakk kr 282.000 over budsjett.

## **Plan og næring:**

Dei viktigaste tiltaka i budsjettet:

- Midlar til prosjekt «Nyskapande vekst» trekt ut -kr 350.000

Dei viktigaste endringane gjennom året:

- Ingen vesentlege endringar

Plan og næring har eit netto mindreforbruk på kr 521.000 (avvik 16,2%). Dette kan knytast til fylgjande moment:

- Mindreforbruk næringsadministrasjon/auke bruk kraftfond kr 55.000
- Reduksjon av ramme 2. tertial (kr 330.000) ikkje gjort
- Inntekter plankontor over budsjett kr 190.000

## **Måltall**

For budsjett 2023 var det sett opp måltall slik:

- Netto driftsresultat skal vere betre enn 1,75%.  
Dette måltallet er oppnådd då netto driftsresultat i rekneskapen 2023 er 5,6%.
- Dispositionsfond skal utgjere 5% av generelle driftsinntekter.  
Generelle driftsinntekter var kr 166.396.000 og dispositionsfond var kr 18.571.146. Dette gir at disp.fond utgjer 11,2% av gen. driftsinntekter. Dette måltallet er dermed oppnådd.
- 100% inndekning på sjølvkostområde.  
Måltallet tek omsyn til bruk av sjølvkostfond. Sjølvkostområde som ikkje har full inndekning og fond til å dekke inn underskot med er: vatn 0,4 mill., avløp 1,4 mill., oppmåling 0,5 mill. og slam 0,1 mill. (Sjå note 13). Måltall ikkje oppnådd.

## **5. Balansen**

### **5.1 Gjeld:**

Kortsiktig gjeld var pr. 31.12.23, 70 mill. Dette er ein auke på 10,3 mill. frå 2022. Største enkeltposten på kortsiktig gjeld er interimskonto remittering som har ein auke på 8,6 mill.

#### **Utvikling av lånegjeld**

Allt tal i tusen	2019	2020	2021	2022	2023
Husbanken	11 497	11 018	13 539	16 059	21 456
Sparebanken Sør	1 294	1 294	1 294	570	0
Kommunalbanken	194 311	186 991	186 967	180 128	223 488
KLP Kommunekredit	14 846	13 804	12 761	11 720	10 678
KLP	9 252	46 452	44 179	76 109	72 980
Totalt:	231 200	259 559	258 740	284 586	328 602

Auken i lånegjeld siste 5 år (97 mill.) er i stor grad knytt til VA-anlegg. Nissedal kommune har vedtak om 100% dekningsgrader innan desse sjølvkost-regulerte områda, og auken i lånegjeld skal difor ikkje, i utgangspunktet, påverke handlingsromet for anna kommunal drift. Kommunalbanken har dei siste åra vore hovudbank på innlån for kommunen. Ubruka lånemidlar pr. 31.12.23 er 16,9 mill. mot 6,4 mill. pr. 31.12.22. Auken/sum unytta lånemidlar heng saman med lågare progresjon på investeringsprosjekt enn kva budsjettet la opp til.

## **5.2 Arbeidskapital (note 1 i rekneskapen)**

Kommunen sin arbeidskapital kjem fram av sum omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld. Arbeidskapitalen fortel om i kva grad kommunen er i stand til å dekkje laupande utgifter.

### Arbeidskapital

Alle tal i 1000	2019	2020	2021	2022	2023
Arbeidskapital	54 426	55 071	45 659	44 734	75 672

Arbeidskapitalen har i 2023 blitt auka med kr 30.938.000. Dette heng saman med auke i omløpsmedel på 41,2 mill., samstundes som kortsiktig gjeld og er auka med 10,3 mill. Auke i omløpsmedel er samansett, men m.a. kjem auken i unytta lånemidlar inn her med 10,5 mill. Auke av disposisjonsfond/felles buffer på 7,4 mill. er og med på å bygge opp auke i omløpsmidlar. Vidare har kundefordringar auka med 13,2 mill. og premieavvik pensjon har auka med 13,7 mill.

## **5.3 Uteståande fordringar**

Utvikling av kommunale krav. (Som er sendt gjennom faktureringssystemet)

Alle tal i 1000	2019	2020	2021	2022	2023
Sum restanse	2 164	2 531	2 641	3 335	1 336
Eldre enn 6 mnd	158	391	316	285	570

Sum restansar har gått kraftig ned i 2023, samanlikna med tidlegare år. Det er framleis mange nedbetalingsavtaler på tilkoplingsavgifter på bakgrunn av mange hyttefelt som er kopla til VA-nettet siste par åra. Forfall på 4. termin kommunale avgifter mot slutten av desember gjer og til å halde talet på totale restansar oppe. Men det er mest interessant å følgje talet på restansar eldre enn 6 mnd. Her er hovudtyngda knyt til kommunale avgifter. Rundt halvparten av beløpet her er det lagt inn trekk på løn/NAV eller inngått nedbetalingsavtaler på. Det er i 2023 ikkje gjort noko avskrivningar av kommunale krav, som må seiast å vere svært bra.

## **5.4 Fond**

Kommunen sine fond er delt inn i 4 ulike grupper.

BDF (bundne driftsfond) som normalt er avsetjingar eller bruk til øyremerka føremål bestemt av gjevaren. UBIF (ubundne investeringsfond) som normalt er avsetjingar som kommunen sjølv har sett av til føremål i investeringsrekneskapen. BIF (bundne investeringsfond) som normalt er avsetjingar brukt i investeringsrekneskapen til øyremerka føremål. DF (disposisjonsfond) som normalt er avsetjingar utan særskilt føremål, men utgjer ein «økonomisk reserve». Bruken kan skje både i investering- og driftsrekneskapen. (sjå note 7 i rekneskapen).

Utviklinga i fondsbehaldning dei siste åra.(Alle tal i tusen)

	2019	2020	2021	2022	2023
Bundne driftsfond	26 748	25 623	30 179	25 826	34 964
Ubundne investeringsfond	0	0	0	0	0
Bundne investeringsfond	1 534	2 137	2 862	3 153	5 762
Disposisjonsfond	5 479	4 296	5 906	11 169	18 571
SUM	33 761	32 056	38 947	40 148	59 297

Tabellen syner at samla fondsbehaldning siste år er auka med 19,1 mill. Disposisjonsfond (felles buffer), er auka siste år med 7,4 mill. Bundne driftsfond er auka med 9,1 mill. Auken i bundne driftsfond er i hovudsak motteke tilskot til breibandutbygging som er avsett til fond.

## 6. Rapport – Finansforvaltning

Vedteke finansreglement med rutinar seier at det i årsrapporten skal rapporterast i høve til finansforvaltninga for heile året. Det blei teke opp 4 nye lån i 2023. 2 lån på 30 mill. og 20,2 mill. i høve til finansiering av investeringar. Båe lån blei teke opp i Kommunalbanken etter ordinær anbodsrunde. I tillegg blei det teke opp 2 lån i Husbanken på høvesvis 4 mill. og 2 mill. for vidareutlån (Startlån). Eit lån i Sparebanken Sør blei avslutta i 2023.

Rapportering for passiva:

	31.12.2023		
	Mill. kr	%	Dur.
Lån med pt rente (vekta gj.sn.)	328,6 mill.	5,5%	
Lån med 3 mnd. NIBOR	0		
Lån med fast rente	0		
Finansiell leasing	0		
Samla langsiktig gjeld	328,6 mill.		
Effektiv rente (vekta gj.sn.)		5,5%	
Avkastning (kostnad) benchmark (ST4X)		(ikkje aktuelt)	
Tal på enkeltlån		15	
Største enkeltlån		113,2 mill.	

Rapportering for midlar til driftsføremål:

	31.12.2023		
	Mill. kr	%	Dur.
Inniskot hjå hovudbank	55,1	4,6%	
Inniskot andre bankar	0		
Samla kortsliktig likv.	0		
Avkastning 2023	2,43		
Stadfesting av enkeltekspionering ≤ 2% av forvaltningskapital		Ikkje aktuelt	
Stadfesting av enkeltpapir ≤ 15 mnd. Løpetid.		Ikkje aktuelt	
Største tidsinniskot		Ikkje aktuelt	
Største enkeltpapirplassering		Ikkje aktuelt	

Alle lån er jf. finansreglementet teke opp med flytande rente. Dette gjer til at kommunen er sårbar for renteendringar på innlån. Lån vert nå teke opp med ei nedbetalingstid på 40 år. Dette for å få best mogleg samsvar mellom avskrivningstid på VA-investeringar og betalte avdrag. Utover at lån berre skal takast opp med flytande rente, legg gjeldande finansregelment opp til ei særslig risikoekspionering. Gjeldande reglement er etterlevd i 2023 og kommunen har derfor fortsatt ei låg risikoekspionering. Men ein ser ved endring i rente, som har skjedd i løpet av 2022 og 2023, så blir effekten raskt merkbar i driftsbudsjettet. Det er ingen avvik å rapportere om mellom faktisk forvaltning og rammene i finansreglementet. I høve til inniskot er dette plassert i Sparebanken Sør. Det er ikkje gjort nærmare analyser av kor konkurransedyktige dei rentevilkåra ein har på inniskot er.

## 7. Likestilling

### 7.1 Kjønnsfordeling

Kjønnsfordeling (fordeling kjønn pr. org. eining)	2021		2022		2023	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Ordførar/Leiargruppe (einingsleiar, kommunalsjef, kommunedirektør, plansjef, inngår og i tala under)	25%	75%	25%	75%	50%	50%
Felles/komm.dir./ordførar/tillitsvalte	53,8%	46,2%	57,1%	42,9%	58,3%	41,7%
Oppvekst og kultur	77,1%	22,9%	77%	23%	77,3%	22,7%
Velferd	88,3%	11,7%	88,2%	11,8%	88,1%	11,9%
Eining for teknisk drift	33,3%	66,7%	35,1%	64,9%	36,1%	63,9%
Plan og næring	33,3%	66,7%	14,3%	85,7%	33,3%	66,7%
<b>Totalt heile kommunen</b>	<b>73,2%</b>	<b>26,8%</b>	<b>72,7%</b>	<b>27,3%</b>	<b>73,6%</b>	<b>26,4%</b>

I Nissedal kommune er det i dei fleste einingane kvinner som utgjer fleirtalet og det er liten utvikling frå 2021 til 2023. Det er i 2023 blitt kjønnsbalanse i øvste leiing av kommunen. Ein ser at Velferd og Plan/næring skil seg ut med å ha ein særskilt kjønnsfordeling, men også oppvekst/kultur har stor overvekt av kvinner. Kommunen kan bli betre til å oppmøde menn til å søkje stillingar innan fagområde der kvinner er i fleirtal og motsett der menn er i fleirtal.

### 7.2 Bruk av overtid/ubekvem arbeidstid

Timar:	2021		2022		2023	
	Overtid	Ubkv.arb.tid	Overtid	Ubkv.arb.tid	Overtid	Ubkv.arb.tid
Felles/rådm./till.v./ordf/næring	419	889	847	44	83	312
Eining for oppvekst og kultur	326	2.831	1.159	3.054	987	3.082
Eining for velferd	3.492	54.234	8.710	56.673	6.933	68.416
Eining for teknisk drift/VA	995	0	2.460	0	1.441	0
Plankontor	0	0	70	0	39	0
<b>Totalt heile kommunen</b>	<b>5.232</b>	<b>57.954</b>	<b>13.246</b>	<b>59.770</b>	<b>9.483</b>	<b>71.809</b>

Tabellen syner tal på timer det er utbetalt overtid (50%, 100%, 133%) fordelt pr. eining. Ubekvem arbeidstid vert her definert til å vere timer det er utbetalt laurdag/sundagstillegg, kveld/nattstillegg, heldag/høgtidstillegg. Det er ein auke både i bruk av overtid og godtjersle ubekvem arbeidstid.

Bruk av overtid var høgt og i 2023, sjølv om det har gått ned samanlikna med 2022. Men som ein ser er forbruket av overtidstimer auka med meir enn 80% frå 2021 til 2023. Det er naturleg nok eining for velferd som står for hovudtyngda av forbruk av overtidstimer. Bruk av overtid kjem i tillegg til innleige frå vikarbyrå. I kroner utgjer bruken av overtid i heile kommunen omlag 5,3 mill. I tillegg til den økonomiske sida har ein slik sterkt bruk av overtid har og andre negative sider i høve til arbeidsmiljø/belastningar.

Naturleg nok er det einingane som har heildøgns drift som har størst innslag av ubekvem arbeidstid og overtid. Her er det sterkt overvekt av kvinnelege tilsette og dermed er det også ei stor overvekt av kvinner som må jobbe overtid og ha ubekvem arbeidstid.

### 7.3 Lønsnivå

Lønsnivå – Kjønn	2021		2022		2023	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Felles/komm.dir./ ordførar.	521.771	729.467	539.700	761.250	570.329	850.040
Oppvekst og kultur	514.200	541.391	516.388	561.570	560.900	606.050
Velferd.	474.264	508.658	495.159	542.192	539.446	571.583
Teknisk drift	499.250	507.163	482.062	531.913	497.423	559.952
Plan og næring	616.000	635.250	483.700	659.533	655.650	672.500
<b>Tot. heile kommunen</b>	<b>495.253</b>	<b>545.650</b>	<b>504.751</b>	<b>573.423</b>	<b>550.124</b>	<b>606.236</b>

(Snitt årløn vert rekna uavhengig av stillingsstorleik. Frå 2023 er ikkje tillitsvalte med i tala på felles).

Tala er berekna utifrå årløn pr. 31.12. Det er berre teke omsyn til fast grunnløn. Ingen tillegg (faste/variable) er teke med i grunnlaget.

Snittløn for heile kommunen (menn og kvinner samla) er kr 564.963 Dette er kr 41.460 høgare enn i 2022, som utgjer ein vekst på 7,9%. Som ein ser er gjennomsnittsløna for menn høgare enn for kvinner, totalt i heile kommunen. I 2023 var gjennomsnittleg løn for kvinner på 91% samanlikna med snittløn menn. Dette er ein auke på 3% samanlikna med 2022.

I 5 av 5 område er snittløn til menn høgare enn snittløn til kvinner. Lønsnivået må sjåast opp mot talet på tilsette i dei ulike kompetanse-gruppene i kvar eining. T.d. er kvinner betydeleg overrepresentert blant ufaglærte og assistenter.

### 7.4 Stillingsbrøk

Stillingsbrøk – Kjønn	2021		2022		2023	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Felles/kommunedir./ordførar	94,3%	89,3%	89,3	92,5%	94,3%	100%
Oppvekst og kultur	72%	79,2%	74,7%	82,5%	81,1%	75,6%
Velferd	67,7%	65,6%	72%	67,1%	77,1%	72,9%
Teknisk drift	77,6%	34,3%	79,3%	34,3%	73,2%	35,7
Plan og næring	100%	100%	15%	100%	67,5%	100%
<b>Tot. heile kommunen</b>	<b>71,4%</b>	<b>63%</b>	<b>73,7%</b>	<b>65,6%</b>	<b>79,4%</b>	<b>64,2%</b>

(frå 2023 inngår ikkje tillitsvalte med under felles, komm.dir. ordførar)

Gjennomsnittleg stillingsbrøk for heile kommunen (kvinner og menn i saman) er 75,3% mot 71,5,2% i 2022.

Ein ser at særleg kvinner har auka sin stillingsandel i 2023 samanlikna med 2022. Utsлага er såpass store at ein kan seie at ein har kome eit steg nærmare målet om å gå frå deltid til heiltid. Jf. tabellen har menn ein lågare stillingsandel enn kvinner. Ein viktig faktor her er deltidsbrannvesenet, som har 16 menn og 1 kvinne tilsett i 1,4% stilling. Dette gjer utslag på totaltala. Ved å korrigere for dette er gjennomsnittleg stillings-% for menn, 83,4%, som er 5 prosentpoeng høgare enn gjennomsnittet for kvinner.

Ein har ikkje talmateriale som seier noko om kor stor del av dei som går på deltid som ønskjer større stilling. Det er ikkje fullt ut teke omsyn til at fleire tilsette har tilsetningsforhold i meir enn ei eining. Dette gjer til at gjennomsnittleg stillingsbrøk for heile kommunen reelt sett er noko høgare enn tala over viser. Både arbeidsgjevar og tillitsvalte har som målsetting å redusere bruken av deltid, men det er viktig å få fram at ikkje all deltid i kommunen er ufrivillig.

## **7.5 Vidareutdanning – kompetanseheving**

I budsjettet for 2023 var det avsett felles opplæringspott på kr 300.000. Denne potten ble fordelt av AMU i sak 2/23 slik:

Eining oppvekst og kultur – vidareutdanning lærarar kr 134.000, vidareutdanning av barnehagestyrarar, kr 29.000

Eining velferd – Hospitering sjukehus, helsepersonell kr 25.000

Eining for teknisk – lovpålagt kurs tilsette brannvesen kr 100.000

Heile kommunen – Folkehelsedag kr 12.000

I tillegg til pott fordelt av AMU blir det og innan ordinære driftsmidlar avsett midlar til kompetanseheving/fagelg oppdatering. Totalt blei det brukt kr 755.000 til opplæring/kurs totalt i kommunen. Dette opp mot budsjettet kr 970.000.

## **7.6 Etnisitet og nedsett funksjonsevne.**

Kommunen har ingen vedteke strategi kring dette. Ein har heller ikkje gjort nokon form for kartlegging av tilsette i høve til etnisitet. Blant kommunen sine tilsette finnast fleire med utanlandsk bakgrunn. Men rekruttering skjer på bakgrunn av ordinær vurdering av kompetanse m.m. og ikkje på bakgrunn av ein vedteke strategi i høve til kvotering eller andre vedtekne rekrutteringsstrategiar.

## **8. Fråvær**

Sjukefråvær:	2019	2020	2021		2022	2023
Felles/rådm./till.v./ordf.	3,54%	8,42%	13,73%		8,95%	6,24%
Eining for skule	3,4%	7,02%	5,89%	Oppvekst og kultur	10,53%	7,65%
Eining for barnehage	11,29%	9,24%	14,08%			
Eining for kultur	4,14%	4,52%	3,87%			
Eining for helse og hab.	5,91%	2,14%	2,39%	Velferd	8,01%	11,08%
Eining for omsorg	5,74%	10,25%	8,22%			
Eining for teknisk drift	4,45%	7,71%	11,81%		6,26%	8,29%
Plankontor	9,68%	0,51%	1,27%	Plan og næring	3,09%	4,34%
Sjølvkost vatn/kloakk	3,01%	0,33%	0%		2,35%	4,81
Næring	0%	0%	0%			
<b>Totalt heile kommunen</b>	<b>6,1%</b>	<b>7,05%</b>	<b>7,79%</b>		<b>8,75%</b>	<b>8,87%</b>

Sjukefråværet i 2023 var samansett av korttidsfråvær på 1,86% og langtidsfråvær på 7,01% (langtidsfråvær er legemeldt fråvær utover arbeidsgjevarperioden på 16 dagar).

## **9. Etisk standard**

Kommunen har utarbeidd etiske retningslinjer, som er vedteke i K-sak 26/08. Etiske retningslinjer blir gjort kjend for nye tilsette og ligg tilgjengeleg på Compilo, som del av personalhandboka. Leiarforum nyttast til å diskutere praktisering av etiske retningslinjer.

## 10. Årsverk og lønsnivå

Oversikt over utvikling av årsverk siste 3 år:

	2021	2022	2023	Endr. 2021-2023
Ordførar	1,0	1,0	1,0	0
Komm.dir./felles/tillitsvald	11,0	11,8	10,6	0,4
Oppvekst og kultur	60,4	65,2	70,3	9,9
Velferd	69,5	73,0	77,4	7,9
Eining for teknisk drift	17,4	17,6	17,7	0,3
Plan og næring	6,2	6,2	5,4	-0,8
<b>Totalt heile kommunen</b>	<b>166,3</b>	<b>174,8</b>	<b>182,4</b>	<b>16,1</b>

(Historiske tal for felles og oppvekst/kultur frå 2021 og 2022 er korrigert/retta).

På Oppvekst/Kultur er veksten frå 2021 til 2023 i hovudsak knyt til etablering av stillingar innan integrering av flyktingar (konsulent/vaksenopplæring/ressurs skule og barnehage), ungdomslos og auke spesialundervisning. På Velferd er veksten i årsverk i hovudsak knyt til etablering 80/100-ordning på ein turnus på Kåsa, turnus ny brukar Kåsa og etablering av stilling turnuskoordinator. På plan og næring er reduksjon knyt til red. av ei oppmålingsstilling.

## 11. Vurdering av endring i økonomisk situasjon/utvikling.

Rekneskapen for 2023 kan i utgangspunktet gje eit inntrykk av ein komfortabel økonomisk situasjon for kommunen, med ei avsetning til felles buffer på 7,4 mill., og ein opparbeidd økonomisk reserve på 18,6 mill, eit netto driftsresultat godt over målsetning og staten sine føringar.

Gjeldande økonomiplan for 2024-2027 syner at ein i planperioden må gjere tiltak for å oppnå ein berekraftig økonomisk situasjon. Rekneskapen 2023 syner og at ein er blitt svært avhengig av kraftinntekter på eit svært høgt nivå for å kunne oppretthalde eit driftsnivå som det ein har hatt i 2023. Inntektene frå kraftproduksjon kan variere sterkt, og det bør derfor vere eit mål, i eit lengre perspektiv, og ikkje nytte alle kraftinntekter fullt ut til å finansiere driftsbudsjettet. Det er på denne bakgrunn sett opp som eit punkt i handlingsprogrammet for 2024 at kommunen skal gjere endringar i driftsnivået, slik at ein har oppnådd samsvar mellom varige inntekter og utgifter i driftsbudsjettet i 2025/2026 når kraftinntektene jf. prognosar er forventa å bli redusert. For å illustrere kan ein vise til at eigedomsskatt kraftverk og konsesjonskraftinntekter i sum utgjorde 35,9 mill. i 2023. Tilsvarande tal for 2020 var 10,5 mill. Med andre ord har desse inntektene auka med meir enn 25 mill. på 3 år.

Det er og grunn til å merke seg folketalsutviklinga siste åra, som og vil gje økonomiske utfordringar om det held fram. Dette gjeld både nedgang i folketalet totalt sett og den «forgubbinga» som ein ser ved framskriving av utvikling/samansetning av befolkninga. Litt enkelt sagt vil dette medføre at inntektene går ned og utgiftene opp. Sjølv om det i 2023 var ein vekst i folketalet, så kan denne veksten i stor grad knytast til busetjing av flyktingar. Dette blir å sjå som ein «kunstig» tilvekst av innbyggjarar og endrar ikkje biletet av at kommunen nå har utfordringar med folketalsutviklinga.

Dei store investeringane innan VA skal i utgangspunktet dekkast innanfor prinsippet om sjølvkost. Når ein nå siste åra har hatt ein sterk vekst i rentenivå, saman med auke i avskrivningar på VA-investeringar, så gir dette behov for ein sterk auke i gebyrnivået. Noko ein såg både i 2023 og i endå større grad i budsjettvedtaket for 2024 som blei gjort i desember. Men prognosar lagt fram syner at VA-investeringar, både gjennomførte og

planlagte vil bli finansiert av VA-inntekter/gebyr. Med andre at det ikkje skal vere behov for å subsidiere VA med ordinære driftsmidlar.

I tillegg kjem store investeringar vedteke i høve til ombygging/rehabilitering av Tveit skule/Nissedal ungdomskule og Nissedal omsorgssenter. Dette er prosjekt av ein slik storleik at det vil legge begrensingar på investeringsnivået i lang tid framover.

Totalt sett vurderer ein den økonomiske stoda framleis som stram, men under kontroll.

---

Sverre Sæter  
Kommunedirektør  
Treungen 8. april 2024

## 12. Aktivitetsnivået på utvalde område:

	<b>2018</b>	<b>2019</b>	<b>2020</b>	<b>2021</b>	<b>2022</b>	<b>2023</b>
<i>Kommunestyresaker (m)</i>	87(8)	76(8)	85 (8)	88(8)	79(7)	87(7)
<i>Formannskapssaker (m)</i>	144(13)	134(12)	153 (13)	133(11)	118(12)	111(11)
<i>Administrasjonsutv.s .(m)</i>	9(4)	7(2)	5 (3)	3(2)	3(2)	2(1)
<i>Arbeidsmiljøutv.s .(m)</i>	11(4)	22(4)	20 (4)	4(12)	15(4)	12(4)
<i>Kontrollutvalsaker (m)</i>	25(4)	31(4)	31 (4)	40(4)	32(4)	31(3)
<i>Besøkstal turistinformasjon</i>	2470	2386	3501	3.625	2.599	2.439
<i>Elevtal grunnskule</i>	179	194	201	178	193	189
<i>Årstimar til undervisning</i>	16.619	15.974	17.033	16.653	17.052	19.508
<i>Barnehageborn</i>	85	75	64	62	58	56
<i>Bokutlån</i>	7.700	4.563	4.070	4.429.	5.215.	7.019
<i>Besøk biblioteket</i>	5.572	6.920	1.357	1.650	2.259	2.588
<i>Kultur- og musikkkulen t/v</i>	23,82.	23,28	23,55	24,33	26,01	28,6
<i>Kultur- og musikkkulen elevtal (dans i tillegg)</i>	61 (+26 danserar i 6 mnd.)	58 (+24 danserar i 6 mnd.)	56 (ikkje danseguppe)	59 (ikkje danseguppe.)	66 (teatergruppe del av ord. tilbod)	73(+55 dansarar i 10 veker)
<i>Kulturskuletimen</i>	55	52	0	0	0	0
<i>Barnevernstiltak (tal - barn)</i>	9	11	14	13	16	17
<i>Vedtak pleie og omsorg</i>	171	172	242	268	258	303
<i>NOS 19 plass+1akuttrom (frå -23 12 langtid/3korttid)</i>						
<i>Sal plassar (døgn/pas.)</i>	83/5 79,75%	85/6 82,87%	0/0 79,55%	0/0 68,22%	5/1 71,62%	35/3 87,41%
<i>Dødsfall på institusjonen</i>	11	12	8	6	7	10
- <i>Brukarar som mottar heimesjukepleie/ helsehjelp</i>	78	82	77	79	81	110
<i>Delegerte vedtak byggesaker, etter PBL, §20-3 og 20-4</i>	124	114	152	199	159	88
<i>- Nye frådelingar</i>	76	76	84	126	197	92
<i>- Godkjente reguleringsplanar</i>	1	0	0	1	2	3
<i>Branntrykkingar</i>	27	27	22	28	37	28

## 13 Visjon (kapittelet er henta frå kommuneplanen)

### Nissedal – der gode liv levast

Nissedal kommune sin visjon «*Nissedal – der gode liv levast*», er ny i kommuneplanen. Visjonen understrekar at Nissedal er ein god stad å leve, og slik skal det fortsetje å vere.

Kva som er eit godt liv kan opplevast ulikt, både mellom enkeltindivid, ulike kulturar, aldersgrupper osv. I arbeidet med denne planen har me m.a. lagt til grunn at:

- Me må trivast
- Me må kjenne oss inkludert
- Me må få hjelp når me treng det
- Me må ha valfridom
- Me må ha økonomisk tryggleik
- Me må vere til nytte

I høve til tidlegare planar har denne planen eit større fokus på samfunns- og innbyggjarperspektivet, enn på den kommunale tenesteytinga. Det er lagt til grunn at det er i fagplanar og økonomi- og handlingsplan at konkrete mål og tiltak vert vedteke.

#### Folketal

Å oppretthalde, og helst auke, folketalet i kommunen har stor innverknad på at alle også i framtida kan leve det gode liv i Nissedal. Med færre innbyggjarar blir det sosiale miljøet snevrare og mindre attraktivt, og det vil heller ikkje vere mogleg å vidareføre dei gode kommunale tenestene slik dei er i dag.

Visjonen og positiv folketalsutvikling heng sterkt saman. Så lenge det opplevast at det gode liv levast i Nissedal, vil kommunen også vere attraktiv for busetjing. I tillegg vil skaping av næringsattraktivitet og arbeidsplassar kunne gje positiv effekt på folketalsutviklinga.

#### Folkehelse

Innbyggjarar som er livskraftige og glade får overskot, meistrar eige liv, treng mindre helsehjelp og bidreg i lokalsamfunnet. Alt ein gjer i kvardagen kan i større eller mindre grad påverke helsetilstand og trivsel, og difor skal kommunen leggje til rette for at folk kan gjere gode og helsefremjande val. Fokus i barnehage og skule på livsmeistring, inkludering og trivsel er viktige faktorar i utviklinga av god folkehelse. God folkehelse gir gode liv.

#### Berekraftig samfunnsutvikling

Kommunane er nøkkelaktørar for å realisere ei berekraftig samfunnsutvikling. Dei er nærmast befolkninga, lokale verksemder og organisasjonar, og samstundes ansvarlege for mykje av den sosiale og fysiske infrastrukturen som påverkar levekåra og utviklingsmogleighetene til befolkninga.

Å vidareutvikle Nissedal som eit berekraftig velferdssamfunn der det blir skapt verdiar og arbeidsplassar inneber å balansere ønskje om større aktivitet med berekraftige rammer. Vekst i reiseliv og meir bruk av fritidsbustader gir grunnlag for lokal vekst og arbeidsplassar, med utvikling av infrastruktur og tenestetilbod som også er til nytte for fastbuande. Fritidsbustader inneber samstundes meir utbygging, transport, ferdsel og slitasje i natur- og friluftsområde.

#### Åferdsverdiar

Det er i relasjon med andre menneske livet levast. Korleis ein opplever menneska rundt seg har mykje å bety for «det gode liv».

Åferdsverdiar vi ønskjer skal prege dei mellommenneskelege relasjonane i Nissedal:

**Saman er vi rause, respekfulle, omtenksame, inkluderande, blide og stolte.**

## 14 Hovudmål (jf. kommuneplanen)

### Nissedal - ein god og trygg stad å leve gjennom heile livet

4.1.1 I Nissedal har me livskraftige og glade innbyggjarar som tek ansvar for eige liv

4.1.2 I Nissedal har me engasjerte innbyggjarar som deltek i frivillig arbeid til gode for fellesskapet

4.1.3 I Nissedal har innbyggjarane tilgang til arbeid og økonomisk tryggleik

4.1.4 I Nissedal verdsett me initiativ og nytenkning og grip sjansene som byr seg

4.1.5 I Nissedal legg me til rette for at det er mogleg å busetje seg der ein ønskjer

4.1.6 I Nissedal får innbyggjarane gode kommunale tenester etter behov

4.1.7 I Nissedal har me eit inkluderande og trygt samfunn, med levande grender og eit felles sentrum i Treungen

4.1.8 I Nissedal er det innbyggjarane som skapar framtida

## Nissedal – ein attraktiv stad å drive næringsverksemd

4.2.1 I Nissedal utviklast eksisterande og nytt næringsliv i tett samarbeid mellom kommunen og privat næringsliv

4.2.2 I Nissedal er reiselivsbasert næringsutvikling eit hovudsatsingsområde

4.2.3 I Nissedal er det ein arealpolitikk og ein infrastruktur som stimulerer til nyskaping og etablering av ny næringsverksemd

4.2.4 I Nissedal er naturen grunnlaget for berekraftige verksemder

4.2.5 I Nissedal utnyttast potensialet for ei kulturbasert næringsutvikling

4.2.6 I Nissedal etablerast det nye kompetanse-arbeidsplassar

## Nissedal – tek miljø- og klimautfordringane på alvor

4.3.1 I Nissedal skal det vere like naturleg å ta omsyn til berekraft-perspektivet som kost/nytte-perspektivet, både i dagleg tenesteproduksjon og i

4.3.2 I Nissedal stillast vasskrafta til disposisjon for ein klimatilpassa produksjon av fornybar energi til fellesskapet

4.3.3 I Nissedal formidlast kunnskap og haldningar som fremjar eit berekraftig samfunn

4.3.4 I Nissedal utviklast ei berekraftig hytteutbygging

4.3.5 I Nissedal skal innbyggjarane få vass-, avløp- og renovasjonstjenester av svært høg kvalitet

4.3.6 I Nissedal blir landbruket med jord-, skog- og utmarksressursane drive

## 15. Handlingsdelen – Måloppnåing og gjennomføring av tiltak

### 15.1 Sentral leiing

Sentral leiing utgår frå kommunen si rådmannsgruppe med kommunedirektøren sjølv og to kommunalsjefar. Kommunedirektøren si leiargruppe er Leiarforum der einingsleiarane og plansjefen jamleg møter rådmannsgruppa.

Politiske saker vert utgreidd av sakshandsamar, som ofte er ein av einingsleiarane eller plansjefen, men tilrådinga er kommunedirektøren si. Dette systemet er basert på det me kallar for fullført sakshandsaming, som i praksis betyr at sakshandsamar skriv saka med konklusjon og tilråding. Sentral leiing er rettleiarar i saksprosessane.

Kommunedirektøren har eit overordna personalansvar i kommunen. Kommunedirektøren har møter i arbeidsmiljøutvalet og kontaktmøter med hovudtillitsvalte.

Lokale lønnsforhandlingar blir gjennomført saman med fagsamanslutningane og rådmannsgruppa.

Sentral leiing har eit overordna ansvar for at det vert gjennomført vernerundar og medarbeidarsamtalar, og at HMS er i eit skarpt fokus i heile organisasjonen.

#### Felles mål for heile organisasjonen

- Kommunen skal vere ein god arbeidsplass i alle fasar av tilsette sitt arbeidsforhold.
- Kommunen skal opplevast som ein inkluderande arbeidslivsbedrift som arbeider med å førebygge og redusere sjukefråvær, styrke jobbnærværet, betre arbeidsmiljøet og hindre utstøyting og fråfall frå arbeidslivet
- Gjennom oppdaterte reglement, retningsliner og rutinar skal kommunen ha ein tydeleg personalpolitikk, med fokus på eit godt samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta.
- Planmessig kompetanseutvikling og rekruttering skal sikre naudsnyt kompetanse i organisasjonen.
- Nissedal kommune deltek i mange ulike samarbeid, både i form av etablert tenesteyting og meir utviklingsretta prosjekt. Kommunen skal vere ein aktiv part i det regionale samarbeidet i Vest-Telemark generelt, og i dei interkommunale samarbeida spesielt.
- Gjennom ein samla beredskapsplan skal kommunen vere førebudd på hendingar og kriser som krev særskilde tiltak for å oppretthalde tenesteyting og/eller handtering av publikum, pårørande eller andre

#### Felles tiltak for heile organisasjonen

- Kommunen sin økonomi er blitt avhengig av kraftinntekter på eit høgt nivå for å finansiere ordinær drift. Det går fram at økonomiplanen at det er ubalanse mellom forventa varige inntekter og kostnader. Det bør derfor allereie nå startast eit arbeid for å førebu å gje eit grunnlag for å tilpasse driftsbudsjettet frå 2025/2026 til nivå som samsvarer med varige driftsinntekter.

**Dette tiltaket er ført vidare som enkelttiltak i 2024.**

- Justere ulike samarbeid etter ny kommunelov  
**Dette arbeidet er fullført. Sist med organisering av Vest-Telemarkrådet**
- Særskilt fokus på sjukefråværsoppfølging  
**Dette blir gjort både i jamlege oppfølgingsmøter med BHT og NAV v/arbeidslivssenteret og samlingar kommunedirektøren har med sine avdelingsleiarar. Kommunedirektøren rapporterer jamleg til formannskapet om dette.**

- Gjennomføre medarbeidarundersøking  
Kommunedirektøren har kjøpt inn KF sitt verktøy 10 faktor for medarbeidarundersøkingar. Den første undersøkinga vart gjort i oktober i alle einingar. Kvar tilsett med personalansvar har si definerte gruppe med respondentar. Analysearbeidet er gjort på kvar arbeidsplass, og jobben med å lage handlingsplanar er i gang.
- Ta i bruk internkontrollsystemet Compilo i heile organisasjonen  
**Compilo er no godt innarbeidd som kommunen sitt internkontrollsystemet**
- Fullføre arbeidet med å lukke avvik fra Statsforvaltaren på beredskapsområdet  
Nissedal kommune hadde beredskapstilsyn på overordna nivå og innan sosial beredskap nyleg. Sluttrapport peika på både avvik fra tidlegare tilsyn som ikkje er lukka og nye avvik. Samt kommentarar. Arbeidet med å lukke avvika er meddelt Statsforvaltar, og me ventar på attendemelding om avvika er lukka.
- Utgreie betre system for SMS-varsling til innbyggjarane.  
**Nissedal kommune har allereie eit tilfredsstillande system for SMS-varsling**
- Implementere tilstrekkelege rutinar for GDPR i Nissedal kommune.  
Ikkje gjort særskilte tiltak på dette så langt i år. Dette er eit fagområdet som Vest-Telemarkkommunane bør gå saman om.
- Nissedal kommune vil i løpet av 2023 ha på plass IKT-plan for alle einingar.  
**Gjennom store delar av 2023 har det vore arbeidd med å få etablert eit ikt-samarbeid mellom alle 6 kommunar i Vest-Telemark. Arbeidet resulterte i likelydande vedtak i alle kommunar på slutten av året, der det vart lagt til grunn at eit samarbeid er på plass frå 1.juli 2024. Kommunedirektøren har vurdert at det å utarbeide ikt-planar som omfattar heile kommunen, først bør gjennomførast når samarbeidet er etablert. Det vil i den samanheng vere naturleg å vurdere kva planar og strategiar som bør utarbeidast i fellesskap i Vest-Telemark.**
- Kommunedirektøren sett i gang arbeid med å få oversikt på kommunen sine bemanningsbehov i heile kommunen. Det vert så sett i verk tiltak som sikrar tilstrekkelig bemanning av fagfolk i heile kommunen, både ved rekrutteringstiltak og tiltak som sikrar at arbeidstakarar ønsker å bli i sine stillingar.  
**Dette arbeidet er i gang. Kommunedirektøren kartlegger først bemanningsbehov, og vil ut frå dette jobbe vidare med ein tiltaksplan for å sikre god rekruttering til ledige stillingar og, ikkje minst, bidra til at våre medarbeidarar trivst i Nissedal kommune og opplever å få mogleik til vekst og utvikling. Arbeidet er ikkje slutført.**

### **15.1.1 Fellestenesta**

Fellestenesta har 7,6 årsverk fordelt på 8 personar. Fellestenesta er leia av kommunalsjef økonomi. Av tenester som ligg til fellestenesta kan nemnas, resepsjon/sentralbord, rekneskap, løn, fakturering, arkiv/post, personal, møtepapir, heimeside. Nettoramme for dei ansvarsområda som utgjer fellestenesta er 3,5 mill. (Tenestene, viktigaste førande lovverk/nasjonale føringar, årsverk, kostnadsramme, inntekter og netto ramme).

#### Mål for tenestene

- Halde eit forsvarleg og godt fagleg nivå på dei administrative tenestene som ligg til fellestenesta
- Yte god støtte til leiarar og andre tilsette i einingane som jobbar med administrative/merkantile oppgåver.
- Oppnå i størst mogleg grad at nøkkelkompetanse er fordelt på meir enn ein person, for å redusere sårbarhet ved fråvær.
- Oppnå effektivisering ved å automatisere/digitalisere/forenkle utan at kvaliteten på arbeidet blir redusert.

#### Tiltak

- Få etablert rutinebeskrivelsar for alle sentrale arbeidsområde.

Det er etablert rutinebeskrivelser for dei fleste arbeidsområde og desse er gjort tilgjengelig i Compilo. Dette er eit arbeid som ein aldri kan seie er sluttført. Det vil stadig dukke opp behov for nye rutinebeskrivelser og vedlikehald av eksisterande. Kontrollutvalet har fulgt opp denne saka. I møte i juni sa dei seg nøgd med det arbeidet som er gjort på området.

- Vurdere intern arbeidsfordeling på felles og avklare ansvar/arbeidsfordeling med Kviteseid i høve til samarbeidsområde løn/rekneskap.

Dette arbeidet har ein ikkje klart å prioritere i 2023. Vil bli tatt opp att i 2024.

- Førebu ny takseringsperiode for eigedomsskatt - 2025-2034

Sak kring dette blei lagt fram for kommunestyret i juni-møte med vedtak om å nytte kontortaksering for komande takstperiode (2025-2034) og ikkje ordinær taksering. Under handsaming av budsjett 2024 blei denne saka teke opp att. I handlingsprogrammet for 2024 blei det vedteke å ta opp dette til vurdering att tidleg i 2024.

## 15.1.2 Andre interkommunale samarbeid

Nissedal kommune har skilt ut delar av kommunen si verksemd i interkommunale samarbeid, interkommunale selskap og aksjeselskap. Fleire av desse er eigne rettssubjekt og blir ikkje regulert av kommunelova.

Val av organisasjonsform legg rammene for kva høve kommunestyret har til styring av desse verksemdene. Fristilte selskap har eigne selskapsorgan og er regulerte av særskilt regelverk, som mellom anna omhandlar forholdet mellom eigarane (kommunen) og selskapsorgana. Dette gjev utfordringar når det gjeld demokratisk folkevald styring, innsyn og kontroll av verksemda. Eigarstyring og selskapskontroll er komunesektoren sitt verkty for å møte desse utfordringane.

Ei eigarskapsmelding skal gjere tydeleg kva kommunen vil med sitt eigarskap, formål og langsiktige mål og grunnleggande prinsipp som skal gjelde for selskap som kommunen vel å nytte for delar av si verksemd. Vidare skal ei eigarskapsmelding innehalde ein oversikt over dei føretaka og selskapa som kommunen er eigar i og eigarstrategi for det einskilde selskap. Eigarskapsmeldinga skal ikkje nyttast til å detaljstyre selskapa. Når kommunen vel å leggje ein del av sine verdiar inn i eit selskap, medfører det og ei overføring av styringsrett til verksemda. Kommunen må trekke opp ei ytre ramme av prinsipp og reglar, og innafor denne eigarstrategien må selskapet ha ein stor grad av spelrom.

Kommunen kan som medveten eigar utøve sitt eigarskap gjennom generalforsamling, representantskap og eigarmøte. Om kommunen gjer dette godt nok, vil koma fram gjennom eigarskapskontroll som kommunens kontrollutvalt utøver som del av selskapskontrollen i kommunen. Heimel for selskapskontroll finn me i kommunelova §77, jf. i tillegg §80 om innsynsrett i selskap.

Plan for selskapskontroll for kvar fireårsperiode skal leggjast fram for kommunestyret seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, jf. Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. Gjennom denne planen vil kommunestyret vedta kva for selskap som skal undersøkjast, anten som eigarskapskontroll (obligatorisk) eller forvaltningsrevisjon (friviljug).

### Eigarstyringsprinsipp i Nissedal kommune

1. Kommunen skal definere føremålet med selskapet (alle selskapsformer) og skal som eigar gje klare langsiktige mål for selskapa gjennom eigarstrategi for det einskilde selskap. Kommunen skal setje utbyte- og avkastningsmål for selskapa.
2. Nissedal kommune fremjar sine interesser gjennom generalforsamling, representantskap og eigarmøte. Kommunen føreset at styret sjølv kontrollerer leiinga av selskapet på vegne av eigarane.
3. Kommunens formelle eigarorgan er kommunestyret. Kommunestyret har eit tilsyns- og kontrollansvar for kommunens eigarskap, og vedtek eigarmelding og eigarstrategiar for dei selskapa kommunen har eigarinteresser i. I selskap med fleire eigarkommunar bør kommunane utarbeide felles eigarskapsmelding og utbytepoltikk.
4. Årsmeldingar blir lagt fram for kommunestyret, som og skal få jamleg informasjon om selskapa. Kommunestyret går i starten av ny kommunestyreperiode gjennom dei selskapa som dei ønskjer selskapskontroll for.

5. Det bør nyttast valnemnd som grunnlag for å setje saman styra i selskapa. Styra skal setjast saman ut frå kompetanse, kapasitet og mangfald ut frå selskapets behov, eigenart og formål. Styret sitt arbeid skal evaluerast jamleg.
  6. Godtgjersle til styret skal vera på moderat nivå, men rimeleg ut frå styrets ansvar, kompetanse, tidsbruk og kompleksiteten til arbeidet. Leiars lønsnivå bør vera konkurransedyktig, men ikkje lønsleiale.
  7. Selskapa skal vere medvetne om sitt samfunnsansvar, og særleg vektlegge arbeid mot misleghald og korruksjon, rett og effektiv ressursbruk ved anskaffingar , høg standard på arbeidet med helse, miljø og tryggleik, likestilling, mangfald og samfunnstryggleik.
  8. Nissedal kommune sine etiske retningsliner skal ligge til grunn for den verksemda som vert drive i selskap der kommunen har eigarinteresser. Selskapa bør ha eigne etiske retningsliner.
  9. Nissedal kommune skal vera open om sin eigarstrategi og selskapa si verksemd, og informasjon skal vera tilgjengeleg for alle.
10. Nissedal kommune sine styrerrepresentantar skal vera registrert i styrevervregisteret.

Nissedal kommune har eigarinteresse i desse selskapa og samarbeida:

Renovasjon – IATA

Vest-Telemark branksamrabid

Vest-Telemark pedagogiske – psykologiske teneste IKS

Vest-Telemarkrådet

Vest-Telemark Barnevernsamarbeid

Nav Vest-Telemark

Telemark innkjøpssamarbeid TIS

Interkommunalt landbrukskontor

Dei kommunale oppgåvene innan landbruksforvaltning, miljø og viltforvaltning utførast av interkommunalt landbrukskontor for kommunane Nissedal og Kviteseid. Kontoret er organisert administrativt i eining for samfunnsutvikling og teknisk drift i Kviteseid kommune, og er lokalisert på kommunehuset i Kviteseid.

Landbrukskontoret sine tenester og innsats er i stor grad styrt gjennom lovverk og eigen landbruksplan for Nissedal og landbruksplanen for Vest-Telemark.

#### Mål for Landbrukskontoret

- Med høg kompetanse skal landbrukskontoret bidra til at landbruket i kommunane medverkar til utvikling og verdiskaping, samtidig som ein tek vare på miljøet og kulturlandskapet.
- Landbruket skal vere ein viktig del av aktiv bygdeutvikling som sikrar busetjing og næringsutvikling og gode levekår.

### Tiltak

- Følgje opp endra søknads- og kontrollrutinar for skogbruket i samsvar med krav frå Fylkesmannen i Telemark  
Landbruksdirektoratet sine system for ordningar i landbruket er stadig under utvikling og tendensen er på sikt at alle ordningar skal handterast digitalt. Dei siste to åra har dei fleste system fått samhandling med Altinn og kommunane sine arkivsystem. Dette fører også til at mange brukarar har utfordringar, både med årsak i manglande digital kompetanse, men også med årsak i brukargrensesnittet desse systema ofte opererer med. Landbrukskontoret driv difor mykje rettleiing i bruk av desse systema, både av ferske brukarar, men også som følgje av omleggingar og systemutvikling hjå Landbruksdirektoratet.  
Dei ulike ordningane i landbruket har krav om oppfølging og kontroll, der Statsforvaltaren har overordna ansvar for at kommunane fylgjer opp dette. Landbrukskontoret gjennomfører årleg kontroll av minst 10 % av søknadane om produksjonstilskot i jordbruket og tilskot til skogkultur. Andre tilskotsprosjekt som t.d. vegbygging, drenering av innmark og miljøtiltak i jordbruket vert synfara/kontrollert før avslutting og utbetaling.
- Ha merksemd på oppfølging av bu- og driveplikta i kommunen.  
Nissedal har nedsett konsesjonsgrense, der landbrukskontoret er lokal konsesjonsmynde i kommunen. Det vert kontrollert buplikt ved stikkprøver på bustadhús, då desse har konstant men ikkje personleg buplikt. Landbrukseigedomar over 35 daa dyrka og/eller 500 daa produktiv skog har lovpålagt 5 års personleg buplikt. Desse eigedomane vert kontrollert meir regelmessig enn reine bustadeigedomar. For alle eigedomar med buplikt vert det også gjort kontollar med bakgrunn i tips frå publikum.

### Viltforvaltning

Kommunen har eigen forvaltningsplan for hjortevilt. Den praktiske delen av forvaltninga skjer i Nissedal viltlag, som er grunneigarane sitt organ. Kommunen har ansvar for dei «offentlege» interessene knytt til forvaltninga og ansvaret for ettersøk av skada hjorteviltvilt, og skadefelling.

### Miljø

Kommunen har delteke i eit prosjekt saman med fylkeskommunen, nabokommunar og andre samarbeidspartnarar i vassområda våre. Prosjektet er avslutta og det er utarbeida ein regional plan med tiltaksprogram for heile vassregionen Agder. Kommunen skal følgje opp arbeidet i handlingsplanen og tiltaksprogrammet for vassområdet Nidelva.

## Rammeområde felles:

### Kompetanseutvikling:

Det har blitt gjennomført ein intern opplæringsøkt for avdelingsleiarar i vår. Det er vidare planlagt eit eksternt opplæringstiltak for einingsleiarar/avd.leiarar i november. (Sjå eige innspel under økonomi/nye utfordringar). Opplæring i høve til gjennomføring av kommunevalet er gjennomført. Tilsette på løn har fått opplæring i kommunen sitt turnusprogram (GAT).

### Sjukefråvær:

På felles er det eit sjukefråvær på 5,5% i 2. kvartal mot 10,3% i 1. kvartal. Totalt for 1. halvår gir dette eit fråvær på 8% Dette fordeler seg på 6,9% langtidsfråvær og 1,1% kortidsfråvær. Dei siste 2 åra har felles hatt eit høgt sjukefråvær, i hovudsak langtidsfråvær. Det er få tilsette på rammeområdet og nokre få langstidsfråvær gjer store utslag i statestikken. Men det er viktig å få fram at dette ikkje berre er tal i statistikken, men også gir store utslag i kvardagen i høve til arbeidssituasjon for tilsette på avdelinga.

### Kommentar til rekneskapen:

Felles har eit mindreforbruk på kr 3.739.000.

Konsesjonskraftinntektene blei 23,3 mill. som er 3,3 mill. over budsjett. Gjennom året blei anslaget justert ned med omlag 3 mill. i høve til det som var lagt inn i opphavleg budsjett. Men etter vedtak av 2. tertial kom det ny prognose/anslag som gav ei inntekt på det som var omlag sum i opphavleg budsjett.

Overføring til barnevernet (tiltak og drift) blei 3,7 mill. som er kr 956.000 mindre enn budsjettert. Hovudforklaringa på mindreforbruket er lågare utgifter til tiltak.

Utgifter NAV (økonomisk sosialhjelp og drift) blei 4,2 mill. som er kr 741.000 under budsjett. Mindreforbruket kan knytast til mindre utgifter til økonomisk sosialhjelp enn budsjettet la opp til. I 1. tertial blei overføring NAV styrka med kr 950.000. Men då siste avrekning kom syntet det seg at utgiftene blei lågare enn kva ein trudde i 1. halvår.

Avsetning av avkastning kraftfond (renteinntekter og konsesjonsavg.) blir sett av til fond under rammeområde felles. Desse inntektene går som ei sentral inntekt. På bakgrunn av at både renteinntekter på kraft-/næringsfond og konsesjonsavgifter blei høgare enn budsjettert, så gir dette eit «meirforbruk» på rammeområde felles. Utgjer kr 697.000.

I budsjettet for 2023 blei det vedteke å gje støtte til Frivilligentralen med kr 100.000 til innkjøp av bil. Mot slutten av året returnerte Frivilligentralen desse midlane, då dei ikkje klarte å finansiere ein bil for den summen dei hadde tilgjengelig. Det blei vurdert som meir aktuelt å kunne inngå eit samarbeid med kommunen i høve til bil kommunen skal anskaffe.

Under felles blir utgifter til drift/support til fleire av dei IT-applikasjonane kommunen nyttar seg av førd. Her har utgiftsveksten vore høgare enn ordinær prisvekst og det har resultert i ein budsjettsprekke på kr 124.000.

På lønspostar samla blei det eit meirforbruk på kr 154.000 (1,25%). Dette var primært knytt til frikjøp politikarar, ansvar rådmann og utarbeiding av kulturminneplan.

Antatt lønsvekst for heile kommunen blir avsett under felles. Det var avsett 4,5 mill. i opphavleg budsjett og blei styrka med kr 720.000 i 1. tertial. Då alle konsekvensar av sentralt og lokalt oppgjer var klare synte dette ei overskridning på kr 114.000.

Det var og eit meirforbruk på frikjøp tillitsvalte og andre postar kring tillitsvalte (kr 62.000), meirforbruk velferd hele kommunen, primært overføring BHT (kr 66.000) og overføring til landbrukskontoret kr 80.000.

Status handlingsplan vernerundar:

Jf. utarbeidd handlingsplan for kommunehuset er det sett opp 3 tiltak som kan medføre risiko:

- Lytt mellom kontor til jordmor og fysioterapeut
- Bytte dør inn til einingsleiar velferd og oppvekst og kultur
- Ikkje hatt brannøvingar på mange år

Avdelingsleiar teknisk samarbeider med avdelingsleiar helse om tiltaket lydisolering mellom kontor jordmor/fysioterapeut og deling av tidlegare flyktningkontor og dette er nå utført.  
Flytting av kontor for psykisk helse er og gjennomført.

Bytte av dører med glas i på skulekontoret er gjennomført. Det blei sett inn dører som blei skifta ut i lokale til vaksenopplæringa på Prix-bygget. Arbeidet gjennomført med eigeninnsats frå teknisk. Det blei dermed ei svært rimeleg løysing.

Avdelingsleiar teknisk tek over rolla som brannvernsleiar på kommunehuset og tek ansvar for jamlege brannøvingar.

## 15.2 Eining for oppvekst og kultur

### 15.2.1 Heile eininga

Eining for oppvekst og kultur består av barnehage, grunnskule, SFO, vaksenopplæring, flyktningtenesta og kultur. Fra 2022 er også koordinering av folkehelsearbeid lagt til eininga.

Budsjettramme heile eininga: kr. 55 259 000

Årsverk heile eininga: Omlag 74

Leiinga har ein sentral administrasjon med einingsleiar og pedagogisk konsulent i 100% stilling kvar. Logopedstillinga i kommunen på 27% og spesialpedagog for barnehagane i 100% ligg også her. Budsjettramme administrasjon: kr. 4 866 000

Felles lovverk:

- FN sin barnekonvensjon

Felles planar for eininga:

- Kva gjer me når me er bekymra for eit barn (Modellkommuneplanen)
- «Det gode liv – Plan for det gode oppvekstmiljøet i Nissedal»
- Oppvekstplanen – kjem ila 2023

Felles mål for heile eininga

- Gode tilbod for barn og unge i Nissedal kommune, dag og kveld. (4.1.6)
- Arbeide aktivt for å avdekke barn og unge som lever under urovekkjande forhold. (4.1.7)
- Fokus på livsmeistring (4.1.1)

Felles tiltak for heile eininga

- Inkluderande oppvekstmiljø på tvers av einingar og avdelingar, til det beste for våre barn og ungdom. Vi markerer mangfold og integrering ved å heise regnbogeflagget 1. juni og markere hendinga i barnehagane og på skulane. Regnbogeflagget blir her kalla inkluderingsflagg, og gjeld særleg for homofile og transpersoner dine rettar, men også for inkludering generelt. Inkluderingsflagget vaier i heile juni månad for å markere Nissedal kommune som eit inkluderande samfunn.

**Arrangement blei gjennomført 1. juni, med kultursjef som ansvarleg. Målet med dagen er å vise alle born i kommunen at dei er inkluderte og aksepterte for den dei er.**

**Sjå meir informasjon under tiltak på kultur.**

- Følgje opp artikkel 3 i barnekonvensjonen: Barns beste Statsforvaltar var nyleg på skuleleiarsamling for Vest-Telemark og gav god informasjon og opplæring på feltet. Er viktig læring for alle som skriv saker som omhandlar barn. Har vore tema på leiarmøte i oppvekst og kultur.
- Følgje opp artikkel 12 i barnekonvensjonen; Barns rett til å bli høyrd
- **Statsforvaltar var nyleg på skuleleiarsamling for Vest-Telemark og gav god informasjon og opplæring på feltet. Er viktig læring for alle som skriv saker som omhandlar barn. Har vore tema på leiarmøte i oppvekst og kultur.**
- Strategisk arbeid i leiargruppa (einingsleiar, pedagogisk konsulent, kultursjef, styrarar og rektorar) for å finne gode samarbeidsområde  
**Har feller leiarmøte ein gong per månad der vi drøfter saker på tvers av avdelingane/fagområda**
- Vere aktive brukarar av modellkommuneplanen  
**Dette blir fulgt opp og etterspurd. Var tema på barne- og ungdomsteam på førre møte. Alle medlemmar skal lese gjennom og kome med eventuelle innspel.**

- Gjennomføre vernerundar kvart år, og følgje opp tiltak i handlingsplan etter vernerunde gjennom året  
**Utført april 23**
- Tettare samarbeid med barnevernet, jf. Barnevernreformen  
**Positiv utvikling, kommunal plan for arbeid ivaretak gjennom oppvekstplanen.**
- Delta i prosjekt «Rusfri, Robust og Rettferdig» (Skule og kultur)  
**Tett samarbeid**
- Delta i prosjekt med Foreldreutval for barnehagar (FUB) og Foreldreutval for skular (FUG) for å vidareutvikle foreldresamarbeidet  
**Prosjektet er nå avslutta, arbeidet med implementering i avdelingane held frem.**
- Delta i «Partnerskap for inkludering og ung deltagelse i Vestfold og Telemark» i regi av KS, utviklar oppvekstplan i dette partnarskapet.  
**Overordna oppvekstplan for Vest-Telemark er ferdig og vedteke. Lokal del er under arbeid i samarbeid med KS-konsulent.**
- Arbeide med system for internkontroll  
**Vi har rydda i forefallande oppgåver. Pedagogisk konsulent har store oppgåver knytt til leiing av vaksenopplæring og flyktningstenesta som tek meir tid enn vi antok. Derfor skyver vi dette arbeidet føre oss inn til 2024.**
- Arbeide for å få folkehelse inn i alle ledd  
**Under arbeid, må intensiveres. Også her gjer ressurssituasjonen at vi ikkje har kome så langt som vi ønskjer. Vi hadde ein fin samling for tilsette i kommunen og samarbeidspartnerar på Mila i mai. Tema: arbeidsglede og motivasjon.**
- Utarbeide oversiktssdokument for folkehelse og legge denne fram for kommunestyret ila 2023  
**Lagt fram for kommunestyret sept. 2023.**
- Utarbeide folkehelseplan (2024)

### **15.2.2 Grunnskule og SFO**

Nissedal kommune har to barneskular og ein ungdomsskule. Kyrkjebrygda oppvekstsenter ligg i Kyrkjebrygda og Tveit skule ligg i Treungen. Desse to skulane er 1-7 skular, der Kyrkjebrygda er ein tre-delt skule og Tveit er ein fulldelt skule. Nissedal ungdomsskule er felles og ligg i Treungen. Tveit skule og Nissedal ungdomsskule har felles administrasjon og rektor. Ved begge skulane er det ein SFO, samt ein SFO-avdeling i samband med Felle barnehage. Kvar skule er leia av ein rektor. Einingsleiar for oppvekst og kultur er skulefagleg ansvarleg. Tenesteinnhald, satsingsområde og utviklingsarbeid vert utarbeidd gjennom jamlege felles rektormøte, samt gjennom nasjonale og regionale føringer og samarbeid.

## Prognose elevtal planperiode

Basert på tal fra skuleadministrativt system og helsestasjon 30.08.22

Skule	2021-2022	2022-2023	2023-2024	2024-2025	2025-2026	2026-2027
Kyrkjebygda oppvekstsenter, avd. skule 1.-7. klasse	32	28	24	23	23	19
Tveit skule, småskulen 1.-4. klasse	50	61	53	50	46	41
Tveit skule, mellomsteget 5.-7. klasse	48	41	43	43	42	44
Nissedal ungdomsskule 8.-10. klasse	54	61	61	60	55	57
Elevtal totalt i kommunen	184	191	181	176	166	161

Det er totalt omlag 40 årsverk i skule og SFO.

Skule og SFO har ei budsjetttramme på omlag 29 millionar årleg.

Ein anslår foreldrebetaling i SFO i 2023 til omlag 250 000 kr inntekt.

### Lovverk:

- Opplæringslova med forskrifter
- Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020 «Fagfornyinga» (LK20)
- Rammeplan for SFO

### Planar:

- Plan for overgangar «Frå eldst til yngst»
- Plan for skule-heimsamarbeid
- Lesoplan
- Plan for Vurdering som læring
- Forskrift til ordensreglement
- Strategiplan for digital satsing i barnehagar og skular i Nissedal kommune
- «Det gode liv – Plan for det gode oppvekstmiljøet i Nissedal»

### Mål for tenestene

- Nissedalsskulen skal ha eit godt læringsmiljø og vere ein stad der barn og unge trivst (4.1.1, 4.1.7)
- Nissedalsskulen har folkehelse og livsmeistring i fokus (4.1.1)
- Tilpassa opplæring innanfor fellesskapet er ein del av det ordinære opplæringstilbodet (4.1.6)
- Tidleg innsats, både fagleg og sosialt, blir prioritert (4.1.1)
- Opplæringa i Nissedal kommune skal vere av høg kvalitet, utviklingsorientert og i tråd med nasjonale føringar og lokale forventningar (4.1.6)
- Vi er gode samarbeidspartnarar med foreldre og tenester som PPT, barnevern og skulehelsetenesta (4.1.8)
- Vi arbeidar stadig for å sikre god brukarmedverknad (4.1.8)

## Tiltak

- Delta i tett samarbeid med teknisk avdeling og arkitektfiramat Sør Arkiteker i sak om renovering av skulebygga på storskulen (Tveit skule/Nissedal ungdomsskule)  
**Rektor har delteke i planlegginga av utbetringsprosessen, i samarbeid med eksterne firma og prosjektgruppa.** Ein har og jobba med å planlegge mellombels skule i byggeperioden.  
Ein held no på med å pLanlegge gjennomføringa av utbetringsprosessen, i samarbeid med eksterne firma. Samstundes vurdere ein korleis undervisning skal gjennomførast i utbetringsperioden.
- Bruke modellkommuneplanen aktivt ved bekymring kring barn  
**Dette blir følt opp.**
- Delta i det fylkeskommunale «Liv og røre»-prosjektet for å syte for meir fysisk aktivitet i skulekvardagen  
**Dette arbeidet har blitt gjennomført som planlagt.**  
Tilskotet frå fylkeskommunen på 110.000 blei nytta på å styrke kapasitet ved kantina i form av ny omn og tilrettelegging av kjøkken. Rektor og ressurspersonar frå skulen har delteke på Liv og røre-samling med dei andre kommunane hausten 2023.
- Syte for gode overgangar ved å bruke planen for overgangar «Frå eldst til yngst». Denne vert nytta som ein del av den ordinære drifta, har gjennomført det som årshjulet tilseier.  
Skulane nytta plan for overgangar, og har gjennomført planlagde tiltak og møter til tross for at vegen mellom Nissedal og Treungen var stengt store delar av vinteren på grunn av utbetring.
- Legge til rette for læring innanfor dei tre tverrfaglege tema i LK20: folkehelse og livsmeistring, demokrati og medborgarskap og bærekraftig utvikling.  
**Tveit skule:** Demokrati og elevmedverknad var eit av dei mest sentrale tema både i skuleåret 2022/23 og 2023/2024. Dette var ein sentral del på planeleggingsdagane til oppstart av skuleåret. Med tanke på ny opplæringslov frå hausten 2024 vil elevmedverknad bli desto tydelegare.  
Kyrkjebygd oppvekstsenter har gjennomført undervisningsopplegg rundt demokrati og medborgarskap knytt opp mot haustens kommuneval og årets TV-aksjon.
- Arbeide vidare med fagfornyingsprosessen, med vekt på ”vurdering og læring” og ”læreplanar i praksis”.  
**Ny plan for vurdering og læring blei vedteke i kommunestyret hausten 2022, og planen blei fylgt opp i skulen i 2023.**  
**Tveit:** Temaet blei teke opp som eit hovudtema på planeleggingsdagane i august 2023.
- Ha kontinuerleg fokus på eit godt foreldresamarbeid, gjennom ”Plan for heim-skulesamarbeid  
**Det er gjennomført oppsette møte med rådsorgana i 2023.**  
Delta i prosjekt med FUG (Foreldreutvalet for grunnskular) for å vidareutvikle skuleheim-samarbeidet  
**Prosjektperioden med FUG er avslutta og evaluert. Ein har teke med seg mykje av kunnskapen over til vanleg drift i 2023.**
- Legge til rette for eit godt samarbeid med skulehelsetenesta  
**Det er tett samarbeid mellom skulehelsetenesta og skulen, og spesielt helsejukepleiar og psykisk helse-arbeidar har deltek i ulike individuelle tiltak kring elevar, prosjekt og ansvarsgruppemøte.**
- Nytte det kommunale Barne- og ungdomsteamet godt til å drøfte utfordrande saker og problemstillingar, samt strategisk tenking i forebyggingsarbeid  
**Det har ikkje vore nye saker frå skulane i 2023.**

- Samhandle aktivt i prosjektet «Rusfritt, robust og rettferdig» (2020-2023)  
Rektor ved Tveit skule/Nissedal ungdomsskule har delteke i prosjektgruppa i 2023, og det har vore møter og evaluering av arbeidet våren 2023. I løp av sommaren blei det arrangert fleire sosiale og kulturelle aktivitetar i for barn og ungdom i kommunen som kan knytast til prosjektet.
- Halde fram med å vere godkjende ”trafikksikre skular”  
Skulane følger ny plan som blei vedteke i 2022, gjennom å legge til rette for eit trygt skulemiljø og undervise elevane i ulike trinn om kunnskap om trafikktryggleik.  
Tveit skule: Det blei i august 2023 søkt direktoratet om midlar for å få kartlagt korleis ein kan utbetre forholda rundt småskulen og vegen opp til ungdomsskulen, da den i dag ikkje er trygg nok, spesielt ved henting og levering av elevane morgon og ettermiddag. På grunn av deling av fylkeskommunen, som handsamar søknadane er fristen for svar utsett til våren 2024.  
Kyrkjebygda oppvekstsenter har i samarbeid med teknisk og entreprenør utført grunnarbeid for å ljossette parkeringsplassen og hente- og bringeområdet for føresette som nyttar bil. Montering av stolpar vert gjort i januar/februar 2024.
- Følgje opp ”Strategiplan for digital satsing i barnehagar og skular i Nissedal kommune”  
Rulleringsordning for innkjøp av utstyr er vedteken og utstyr i tråd med dette er tinga. Ny plan for digital satsing blei vedteke i 2022, noko som inneber at alle elevar i ungdomsskulen no har fått eigne pc. Alle elevar med iPad har fått tastatur og det er kjøpt inn digitale tavler i alle klasserom på Tveit skule/Nissedal ungdomsskule.
- Universell utforming skal vere standard i alt bygge- og utviklingsarbeid.  
I dei nye planane for utbetring i skulen er universell utforming eit sentralt krav og tema.
- Gjennomføre brukarundersøkingar og aktiv nytte skulen sine rådsorgan, som beskrive i ”Plan for heim-skulesamarbeid”  
Resultata frå elevundersøkingane har vore eit tema i foreldresamarbeidet og arbeide i samarbeidsutvala hausten 2023, og vil nyttast ved planlegging av drift og pedagogisk - og psykososiale tiltak.
- Ha eit godt samarbeid mellom skule og private bedrifter lokalt, og invitere til besøk av lokale bedrifter og teknologibedrifter som ein del av faget «Utdanningsval» på ungdomsskulen.  
Tveit skule: Ein har i løp av hausten styrka samarbeidet med private bedrifter.
- Halde fram og styrke samarbeidet mellom Tveit skule/Nissedal ungdomsskule og Ungt Entreprenørskap, som er ein ideell, landsomfattande organisasjon. Målet er å utvikle barn og unge sin kreativitet, skaparglede og tru på seg sjølv, gjennom samarbeid mellom skule, næringslivet og andre aktørar  
Skulen har hatt stort fokus på Ungt entreprenørskap (UE) hausten 2023, gjennom ulike prosjekter og gjennomført konkursar.  
Halde fram med Jobbavis i samband med arbeidsveka for 9. klasse (Samarbeid med næringskonsulent)  
På grunn av dødsfall sist skuleår, blei jobbavisa avlyst våren 2023. Men med ny rådgjevar og næringssjef i kommunen, vil ein ta opp att planarbeidet slik at ein kan få ny jobbavis våren 2024.
- Ha ei aktiv og god rådgjevarteneste og samarbeid med Vest-Telemark vidaregåande skule  
Det er i løpet av året tilsett ny rådgjevar ved Tveit skule/Nissedal ungdomsskule og dette arbeidet er vidareført på ein god måte.
- Arbeide for å auke elevane sine føresetnadar for å lukkast i vidaregåande skule.  
Plan for overgangar har vore eit nyttig verktøy, spesielt etter at det og kom eit kapittel for overgang til vidaregåande skule. Elevane blir no førebudd på overgangen til vidaregåande skule i større grad.

- Nyte ungdomslosen aktivt i arbeidet med å førebygge fråfall i vidaregåande skule, både med elevar i ungdomsskulen og elevar som har starta på vidaregåande skule. **Ungdomslosen har heile året jobba aktivt både med elevar som skal ut i vidaregåande skule hausten 2023 og dei elevane som allereie har vore elev i vidaregåande skule dei siste par åra. Arbeidet held fram til hausten 2024.**
- Miljø og klima er på dagsordenen  
Dette inngår som ein naturleg del av den ordinære undervisning i fleire fag. Skulane har eit regelmessig fokus på resirkulering. Nytt av hausten er at Tveit skule/Nissedal ungdomsskule satsar på resirkuleringsboksar for plast.
- Vi deltek i «Dekomp»: Desentralisert ordning for kompetanseutvikling i Vest-Telemark  
Ein har fått innvilga timer til rettleiing frå USN for hausten 2023, der ei gruppa frå Tveit skule/Nissedal ungdomsskule har fått rettleiing på skriving i alle fag. Kyrkjebygda er invitert med og blir med der dei får det til
- Tilstandsrapport for foregåande skuleår blir lagt fram for kommunestyret innan april kvart år  
**Ny tilstandsrapport for 2021/2022 blei ferdigstilt våren 2023. Arbeidet med plan for 2022-2023 er godt i gang.**
- Vi har eit godt samarbeid med PP-tenesta (PPT), særleg gjennom faste TPO-møte gjennom året  
**Kyrkjebygda og Tveit skule/Nissedal ungdomsskule: Har teke i bruk ny samarbeidsmodell. Det har ført til eit tettare og betre samarbeid med PPT, PPT er oftare på skulen og kan då nyttast til observasjon, rettleiing ol. Erfaringar frå hausten 2023 har vore gode.**
- Arbeide aktivt for elevmedverknad i skulekvardagen  
**Tveit skule: Dette var eit av hovudtema i skuleåret 2022/2023, i samanheng med nye kompetanseplanar, og har vore eit sentralt tema hausten 2023. Ny opplæringslov frå august 2024 lovfestar eleven sin rett til medverknad i enda større grad.**
- Arbeide for eit engasjert og aktivt ungdomsråd  
**Vi har eit engasjert og aktivt ungdomsråd. To representantar for ungdomsrådet har delteke i styringsgruppa for lokal oppvekstplan, og deltek engasjert i diskusjonar i gruppa. Einingsleiar har overteke ansvaret for elevrådet for komande år, og arbeidet er styrka denne seinsommaren.**
- Friske opp arbeidet med å vere ein “dysleksivenleg skule”  
**Arbeidet kring dysleksi har blitt styrka i løp av 2023, mellom anna ved at to tilsette har teke vidareutdanning om tema, og som har starta ei arbeidsgruppe som skal leie satsinga om tema lese- og skrivevanskar.**
- Halde fram med MOT-prosjektet og Aktiv365 ved Tveit skule/Nissedal ungdomsskule  
**Rektor ved Tveit skule/Nissedal ungdomsskule har gjennomført grunnutdanninga som MOT-instruktør. Skulen har hatt regelmessige møter og aktivitetar i skulekvardagen, og miljøterapeuten er ein sentral pådrivar for satsinga. Skulen har meldt seg på deltaking i Aktiv 365 skuleåret 2023/2024.**
- Halde fram med “Sterk-og klar”- samarbeidet med IOGT, som et eit førebyggingsprogram retta mot foreldre, mot bruk av rusmidlar.  
**Det blei gjennomført foreldremøte for føresette med elevar i ungdomsskulen både vår og haust 2023.**
- Halde fram samarbeidet med Politiet kring tema som “trygg bruk av internett” (Delbart), “rusførebygging” og “lov og orden”.  
**Politiet har gjennomført foredraget «Delbart» for føresette og elevar i ungdomsskulen hausten 2023.**
- Innan 1. tertial skal kommunestyret få ein oversikt over korleis ein kan tilrettelegge for eit meir funksjonelt kjøkken på kantina i Fleirbrukshuset.  
**I løp av sommaren 2023 blei kantina tilrettelagt for meir funksjonell drift og ein har skaffa ny omn som vil auke produksjonen og kvaliteten på varene.**

### 15.2.3 Barnehage

Nissedal kommune har ein desentralisert barnehagestruktur med barnehagetilbod i Treungen, Kyrkjebygda, Felle og Fjone. Kvar barnehage er leia av ein styrar. Einingsleiar for oppvekst og kultur er barnehagefagleg ansvarleg. Tenesteinnhald, satsingsområde og utviklingsarbeid vert utarbeidd gjennom jamlege felles styrarsamlingar, samt gjennom nasjonale og regionale føringer og samarbeid.

#### Prognose barnetal og kapasitet

For barnehage kan vi berre lage prognose eit år fram i tid, av den naturlege årsaka at barna ikkje er fødde enda. Basert på tal frå helsestasjonen 30.08.22 har vi denne prognosa for barnetal i dei ulike barnehagane:

#### 2022-2023

Barnehage	Godkjent for (Tal på plasser)*	Barn i barnehagealder i krinsen	Av desse, barn under 3 år	Totalt brukt barnehageplasser
Treungen barnehage	60	32	13	45
Kyrkjebygda oppvekstsenter, avd. barnehage	32	10	3	13
Fjone barnehage	20	12	5	17
Felle barnehage	20	4	3	7
Totalt tal på barn i barnehagealder		58		

#### 2023-2024

Barnehage	Godkjent for (Tal på plasser)*	Barn i barnehagealder i krinsen	Av desse, barn under 3 år	Totalt brukt barnehageplasser
Treungen barnehage	60	29	10	39
Kyrkjebygda oppvekstsenter, avd. barnehage	32	11	4	15
Fjone barnehage	20	13	3	16
Felle barnehage	20	4	1	5
Totalt tal på barn i barnehagealder		57		

\*Alle barnehagane i kommunen har god arealmessig kapasitet. Dersom ein kjem over barnetal på bemanningsnorm, vil ein ofte justere dette internt i kommunen. Likevel er det viktig å kjenne til at eit barn utover norm vil utløyse ei heil pedagogstilling. Barn under 3 år tel to barnehageplassar

Det er totalt i underkant av 23 årsverk i barnehagane. Total budsjetttramme er på omlag 14 millionar kroner.

Foreldrebetaling er anslått til omlag 1,4 millionar kroner i inntekt i 2023.

Lovverk:

- Barnehagelova med forskrifter
- Rammeplanen for barnehagens innhold og oppgaver

Planar:

- Barnehagevise årsplanar
- Plan for overgangar «Frå eldst til yngst»
- Strategiplan for digital satsing i barnehagar og skular i Nissedal kommune
- Kompetanseplan for barnehagane i Nissedal kommune i 2020-2023
- Plan for tilsyn med barnehagane i Nissedal kommune
- «Det gode liv – Plan for det gode oppvekstmiljøet i Nissedal»

## Mål for tenestene

- Eit godt og inkluderande barnehagemiljø (4.1.7)
- Sikre full barnehagedekning (4.1.6)
- Kontinuerleg kompetanseutvikling for dei tilsette for å sikre god kvalitet på det pedagogiske innhaldet i barnehagane (4.1.6)
- Sikre at barnehagane fangar opp barn som har behov for særskilt oppfølging og tilrettelegging, uavhengig av årsak gjennom tidleg innsats (4.1.6)

## Tiltak

- Vi tek aktivt i bruk Rammeplanen sin Del 1, som mellom anna omtalar arbeidet med demokrati, bærekraftig utvikling, livsmeistring og helse.  
*I alle planar (Årsplan, månadsplan, periodeplan) ligg dette som grunnlag for arbeid med barna i barnehagane. Vår viktigaste jobb er å hjelpe barna til å få ein solid grunnmur, slik at dei står robuste til møte med framtida. Vi har fokus blant anna på å samhandling, stå opp for seg sjølv, gjere noko godt for andre. Vidare har vi barnehagemøter der demokratiske prinsipp blir fokusert på. Livsmeistring har stort fokus kvar dag, mellom anna ved å takle små og store utfordringar, teste ut sosiale speleregler, øve på konflikthandtering, utfordre seg sjølv på meistring, heie på kvarandre og sjå andre meistrar. Dette punktet arbeidast det med heile tida, kvar dag, og er det viktigaste vi arbeidar med i barnehagen. Eit viktig fokus for å styrke barna til å kunne handtere livets opp – og nedturar.*
- Vi brukar modellkommuneplanen aktivt.  
*Vi er godt kjende med planen. Den ble nøye gått igjennom på planleggingsdag med dei tilsette i barnehagane i kommunen.*
- Symjetrenings (tilvenning og tryggleik i vatn) for alle 5-åringar i kommunen.  
**Utført**
- Samarbeid med PPT gjennom «Forum for systemretta arbeid» (FSB).  
*Det har vore regelmessige møter mellom PPT og barnehagane.*
- Vi syter for gode overgangar mellom barnehage og skule gjennom bruk av «Plan for overgangar – frå eldst til yngst».   
*Planen er gjennomført. Den er ein del av årshjulet for førskulegruppene i dei aktuelle barnehagane.*
- Tett samarbeid mellom skulehelsetenesta/helsestasjonen.  
*Me har blitt betre på tverrfagleg samarbeid, bla. med helsejukepleiar både i generelle og enkeltsakar der samtykke er gitt. Det har vore eitt tett samarbeid med helsejukeleiar både i generelle og enkeltsaker.*
- Hovudmål for barnehageåret 2022-2023: «Det gode liv i leiken»  
*Det har vore fokus på barna sitt leikemiljø, korleis dei vaksne kan legge til rette for ein allsidig leik og utvikling av barnas leikekompetanse.*
- Halde fram med å vere godkjende trafikksikre barnehagar.  
*Når barna er utanfor barnehageområdet, er det alltid fokus på trafikkreglar. Halde oppe fokuset på trafikksikkerheit på foreldremøte. Det har vore nokon utfordringar i korleis føresette sikrar barn i bil, og styrar har hatt kontakt med politiet i samband med denne problematikken. Trafikksikre forbilder er viktig. Elles tar me opp temaet på kvert foreldremøte på hausten, der me går igjennom punkt me ynskjer at føresette skal vere bevisste på.*
- Fortøpande barnehageopptak, men med eit hovudopptak i året.  
**Gjennomført**
- Arbeide vidare med IKT-satsinga i barnehage via Strategiplan for digital satsing i barnehagar og skular i Nissedal kommune.  
*Barnehagane har hatt fokus på digitale verktøy som kamera (ta bilet), Ipad (bruke ulike appar som utfordrar fantasien), telefon (høyre musikk/eventyr) og ulike robotar (lærar seg koding).*
- Nytte Barne- og ungdomsteamet som ein arena for tverrfagleg samarbeid.  
*Vi har nytta oss av teamet i 2023*

- Gjennomføre foreldreundersøking kvart 2. år (frå 2020).  
**Skal ikkje gjennomførast i 2023**
- Fokus på barns medverknad.  
**Barnehagane legg til rette for at barna får erfare at dei kan påverke det som skjer i barnehagane. Barna får gje uttrykk for kva dei ynskjer og kva dei meiner. Personalelet vurderer korleis dei best kan ta vare på barnas ynskjer, interesser og behov i samsvar med alder og mognad.**
- Bærekraftig utvikling er på dagsordenen.  
**Bærekraftig utvikling er eit fokusområde. Gjenbruk og oppmoding om å ta vare på t.d. leiar er eit gjentakande tema. Vi har fokus på å redusere matsvinn til det minimale.**
- Delta i prosjekt med FUB (Foreldreutvalet for barnehagar) for å vidareutvikle barnehage-heim-samarbeidet.  
**Prosjektet er avslutta.**
- Deltek i Rekomp-ordninga i Vest-Telemark: Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage Vestfold og Telemark.  
**Har inntil vidare trekt oss ut av dette samarbeidet, på line med resten av regionen. Dette grunna utfordringar med å få til kvalitet i samarbeidet med USN.**
- Liv og røre for barnehagar i perioden haust 2021-vår 2024.  
**Avsluttande periode, men ønskje om å vidareføre ein del av prosjektet å få det inn i dagleg drift.**
- Arbeide med å lukke avvik etter tilsyn med statsforvaltaren for barnehagemynde  
**Barnehagemynde og Statsforvaltar arbeidar tett saman kring dette**

#### **15.2.4 Kultur**

Kultur har eit vidt tenestespekter, sjølv om dei ulike tenestane er små. Tenestane er musikk- og kulturskule, bibliotek, kulturarrangement og –administrasjon, fritidsklubben, kino og offentleg symjing. Kultursjefen er leiar av desse tenestane, samt flyktningtenesta som er beskrive i eige avsnitt.

Det er totalt omlag 4 årsverk i kultur. Total budsjetttramme er på omlag 3 millionar kroner. Ein stipulerer inntekter i 2023 til 180 000 kr.

Lovverk:

- Kulturlova
- Lov om folkebibliotek
- Folkehelselova

Planar:

- «Det gode liv – Plan for det gode oppvekstmiljøet i Nissedal»
- Plan for den kulturelle skulesekken lokalt, i Nissedal kommune
- Skulebibliotekplan for Nissedal
- Plan for idrett og friluftsliv i Nissedal kommune

#### Mål for tenestene

- Kulturtenestene skal gje ei kjensle av meistring og skape eit inkluderande miljø, der målsettinga er at innbyggjarane har ein felles forståing av at kommunen er ein god stad å leve (4.1.1, 4.1.2, 4.1.7)
- Ha eit godt samarbeid med lag og organisasjonar i kommunen (4.1.2, 4.1.8)
- Ha fokus på at tenestene vi gjer skal ha grunnfeste i folkehelsearbeid, som går på fysisk aktivitet, god psykisk helse og eit inkluderande miljø for alle (4.1.1)

## Tiltak

- Kulturskulen har fokus på den enkelte elev, og skal ha fokus på meistring og utvikling av kreative evner. Kulturskulen skal vere ein inkluderande arena med undervisning tilpassa den enkelte elev. Det skal gjennomførast 2-3 konserter pr år.  
*Kulturskulen har gjennomført undervisning i Kyrkjebygda for elevar som ikkje har hatt høve til å ha oppmøte på Fleirbrukshuset under perioden at vegen har vore stengd, før og etter sommaren. Vy har sett opp eigen busstransport i periodar med delvis stengd. Vy har gjort ein stor innsats for elevane frå Kyrkjebygda med ekstra busstilbod, og lærarar ved kulturskulen har hatt undervisning i Kyrkjebygda i staden for på Fleirbrukshuset. Vårkonsert for alle elevar i kulturskulen vart gjennomført i juni. For nytt skuleår 23/24 kunne kulturskulen tilby 70 kulturskuleplassar, fordelt på song, gitar, piano, bass, trommer og teater. Det var 10 elevar på venteliste. Ei gruppe pianoelevar fekk undervisning i Kyrkjebygda, resten av undervisning var i Fleirbruks huset.*
- Ungdomsklubben skal ha fokus på eit inkluderande rusfritt miljø, der alle kan finne sin plass, og ha meistring på å vere i ein sosial setting gjennom ulike typer aktivitet. Ungdomsklubben samarbeider tett med skule og helse, og deltek aktivt som ein samarbeidande del i arrangement og tiltak i prosjekt Ung i Nissedal.  
*Det har vore vanskeleg med rekruttering, men no er dette i ferd med å stabilisere seg. Det har vore til stor hjelp å kunne tilby eit funksjonstillegg for dei som jobbar fredag og laurdag. Laurdag 3. juni vart det arrangert ein stor ungdomskonsert og disco i Fleirbruks huset i samarbeid med Ung i Nissedal, SLT –koordinator og samarbeid i Vest-Telemark og ungdomsklubben. Arrangementet var svært vellukka. Ungdomsklubben var også med på noko sommaraktivitet for ungdom i samarbeid med Ung i Nissedal.*
- Biblioteket skal vere ein arena for inkludering for alle og formidling av litteratur i alle former.  
*Det skal vere fokus på alle aldersgruppe, men særskilt på born, ungdom og eldre. Nissedal folkebibliotek har hatt tor aktivitet, og har også for 2023 fått eksterne midlar til formidling. Dette har blitt nytta til med anna shared reading, ein høgtlesingsmetode for grupper, på dagtid i samarbeid med ein frivillig, på kveldstid og i skuletid. Det har også blitt invitert til dikt og te på laurdagar og andre formidlingsarrangement.*
- Biblioteket skal vere ein arena for samskaping, og ein arena for aktivitet. I 2023 skal ein særleg samarbeide med Ung i Nissedal, og bruke biblioteket aktivt som ein møteplass for ungdom.  
*Biblioteket har samarbeida med Ung i Nissedal om kreativ gruppe kvar måndag. I tillegg har biblioteket blitt ein møtestad for born og ungdom etter skulen på måndag og onsdag.*
- Biblioteket nyttar seg av eksterne midlar, og søker spesielt på tilskot frå Nasjonalbiblioteket og Fritt ord. Biblioteket markerer Nordisk litteraturveke  
*Biblioteket fekk tildelt kr. 70.000 frå Nasjonalbiblioteket til ei 10% stilling retta mot formidling ut 2023. Biblioteket fekk også kr. 300.000 frå Udir til å styrke skulebibliotek for 2023 og 2024. Dette resulterte i ei auke i stilling på 30% frå september 2023 og ut 2024. Biblioteket har bemanning på jobb til offentlege biblioteknester måndag og onsdag, og ope for skule tysdag og torsdag i tillegg.*

- 1. juni skal markerast på alle skular og i barnehagar med DKS – arrangement for å markere og sette fokus på homofiles rettar gjennom ulike framsyningar. Dagen skal og markere toleranse, ytringsfridom, aksept og inkludering av alle menneske.  
Regnbogeflagg vert heist på Tveit skule, Kyrkjebygda oppvekstsenter og på kommunehuset og heng oppe i heile juni (med unnatak av offisielle flaggdagar).  
Regnbogeflagg vert kalla inkluderingsflagg, for å markere at flagget står for homofiles rettar, menneskeverd , ytringsfridom og toleranse.  
*Det vart gjennomført arrangement som sette fokus på homofiles rettar, menneskeverd, ytringsfridom og toleranse 1. juni på Tveit skule/Nissedal ungdomsskule og på Kyrkjebygda skule. Barnehagen kom på besøk og. Dagen vart markert med lesestund, film, ein god lunsj og flaggheising med formannskapet i Nissedal, og ordførar Halvor Homme heldt tale for dagen. Målet med dagen var å vise alle born i kommunen at dei er inkluderte og aksepterte for den dei er.*
- Revidere Plan for idrett og friluftsliv i 2023  
*Sak om oppstart av planprosessen vart vedteke i kommunestyret i desember. Vidare prosess med planen vert gjort i 2024. Det har vore eit innleiande møte med Nissedal idrettsråd, som kjem til å vere ein viktig samarbeidspartner i vidare planarbeid.*

## 15.2.5 Vaksenopplæring og flyktningtenesta

Pedagogisk konsulent i eininga har det overordna ansvaret for vaksenopplæring og flyktningtenesta. Det er 100% stilling flyktningkoordinator og totalt 123,5% lærarar tilsett i vaksenopplæringa.

### Vaksenopplæring:

Vaksenopplæringa er i Treungen og leiger lokale i 2. etasje på Prixbygget.

Vaksenopplæringa gir gratis undervisning i norsk og samfunnskunnskap til dei som i fylge integreringslova har rett eller plikt til det. Dette gjeld stort sett flyktningar.

Elevar som ikkje har rett på gratis norskopplæring, får tilbod om undervisning mot betaling, dersom det er kapasitet til dette.

Det vert gjeve undervisning til vaksne etter opplæringslova § 4A.2: *Rett til spesialundervisning på grunnskolens område*. Undervisninga foregår på Mila.

Vaksenopplæringa har plikt til å gi *Opplæring til voksne med behov for alternativ og supplerende kommunikasjon(ASK)* ved behov (opplæringslova § 4A-13)

Vaksenopplæring koordinere kjøp av plasser hos nabokommuner til grunnskuleopplæring for vaksne flyktningar, og elles anna samarbeid med kommunar kring liknande tilbod.

Det er budsjettert med utgifter på omlag 1,2 millionar for å drifta vaksenopplæringa i 2023.

Vi reknar med å få 1,5 million i norsktorskott, så totalt sett kjem vaksenopplæringa i 2023 ut i pluss.

Lovverk:

- Opplæringslova med forskrifter

### Tiltak

- Tett samarbeid med flyktingtenesta i utarbeiding av mål for den enskilde Vaksenopplæringa har samarbeida tett saman med flyktingtenesta kring mål, særskilt rundt språkpraksis og språknivå mål.
- Utarbeide integreringsplan for deltakarar etter Integreringslova Kvar deltakar har fått integreringsplan.
- Samarbeid med PPT, Mila og Kåsa bu og avlastning kring elevar med vedtak etter Opplæringslova § 4A 1 og 2 Har fungert bra i hausthalvåret 2023. Har fått gode tilbakemeldingar på samarbeidet.
- Tilby grunnskuleopplæring etter Opplæringslova § 4A 1 og 2 Gjennomført, jan-des periode
- Gje gratis opplæring i norsk og samfunnskunnskap i til saman 600 timer til dei som har rett og plikt til slik opplæring Gjennomført, jan-des periode. 6 + 6 mnd vedtak for flyktingar med midlertidig kollektiv beskyttelse.
- Elevar som ikkje har rett på gratis opplæring , kan få tilbod om undervisning mot betaling dersom det er kapasitet og økonomisk forsvarleg i forhold til elevtalet Har ikkje vært eit tema i 2023 då vi primært har hatt elevar frå Ukraina.

### Flyktingtenesta:

Legge til rette for ei god integrering og gjere dei nye innbyggjarane så sjølvhjelpe som mogleg, så raskt som mogleg. Dette må gjerast gjennom god planlegging og godt samarbeid mellom dei ulike tenesteytingane i kommunen, samt god dialog med lokalsamfunnet.

Flyktingane sine styrkar og ressursar skal leggast vekt på. I opparbeiding av flyktingtenesta tek vi med oss konklusjonane som blei gjort i evalueringsarbeidet etter førre busettingspriode.

### Tiltak:

- Tett samarbeid med vaksenopplæringa i utarbeiding av mål for den enskilde Har samarbeida tett med vaksenopplæringa, tett samarbeid mellom programrådgivar og lærar på vaksenopplæringa i utarbeiding av integreringsplan.
- Jobbe målretta mot arbeid eller utdanning etter endt introduksjonsprogram for dei vaksne Gjennomført mai-des. Av dei deltakarane som har fått tilbod om arbeid har vi hatt god dialog både med NAV og med aktuelle arbeidsplassar i form av overgangsmøter.
- Som busettingskommune har vi god dialog med IMDI Vi har god dialog med IMDI når det kjem til busettingsarbeid.
- Eininga arbeidar saman for god integrering av barn og unge Eininga har godt samarbeid med bla. Barnehage/skule/SFO.
- Jobbe for integrering gjennom arbeid og fritidsaktivitet i lokalmiljøet Eininga har jobba tett saman med ulike lag/fritidsaktivitetar for integrering av særleg barn og unge skal få moglegheit til å delta på ulike fritidsaktivitetar. Vi har tett samarbeid med psykisk helse kring vaksne flyktingar og får tilbakemeldingar på at dette er eit tilbod som blir godt brukt.
- Revidere flyktingplanen (2023) Arbeid med flyktingplan ikkje ferdig. Jobbar med og få denne revidert innan nytt skuleår tar til. Arbeidet er godt i gang, men fekk ikkje denne ferdig i 2023. Vår 2024 har vi satt frist til å ferdigstille ny flyktingplan. Det skjer endringar kontinuerleg på dette feltet så vi ønskjer å lage ein så generel plan som gjeld for kommunens arbeid med flyktingar.
- Endra namn på flyktingtenesta til integreringstenesta (vår 2023)

**Lovverk:**

- Utlendingslova
- Lov om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid

**Kompetanseutvikling:**

Ein lærar ved kyrkjebygda oppvekstsenter, avd. Skule, tek 60 stp. "Grunnleggande lese-, skrive- og matematikkopplæring" over 2 år. Hausten 2024 starta ein lærar ved Tveit sule/Nissedal ungdomsskuleopp med vidareutdanning i matematikk og ein barnehagelærar starta opp med spesialpedagogikk.

**Sjukefråvær:**

Sjukefråværet i eining for oppvekst og kultur var på 7,65% i 2023. Sjukefråvær er eit tilbakevendande tema som vi held fokus på. I leiarmøte deler vi tankar og tiltak som vi gjennomfører i dei ulike avdelingane. God dialog og «leder før lege» er viktige prinsipp. God tilrettelegging er viktig, men tilrettelegging som fører til meir arbeid for andre skal ikkje vare meir enn maks 6-8 veker. Den sjukmeldte skal delta på personalmøte og andre arena der ein kan halde kontakt med arbeidsplassen. Løfte den tilsette sin verdi som kollega og arbeidstakar, til tross for at den ikkje kan yte 100% i ein periode. Arbeidsgjever kan krevje deltaking og oppmøte så sant det ikkje er til hinder for behandling.

**Kommentar til rekneskapen:**

Eininga har eit meirforbruk på kr 700.000.

Vaksenopplæring har eit meirforbruk på kr 466.000. Storparten av dette (kr 294.000) skuldast at statstilskotet for 2023 var over-/feilbudsjettert.

På Tveit skule var det og gjort ein feil i høve til budsjettert statstilskot. Dette utgjorde kr 419.000 og blei diverre ikkje avdekka ved budsjettgjennomgang. I tillegg kom det utgifter til overtid heilt mot slutten av året som budsjettet ikkje tok høgde for. Dette utgjorde kr 168.000. I tillegg var det og ei overskridning på Tveit skule i høve til undervisningsmateriell på kr 134.000.

På Kyrkjebygda skule var det ein budsjettsprekk på skuleskyss på kr 167.000. Dette skuldast primært skuleskyss pga. trafikkfarleg veg som i mange høve blei løyst med drosje.

På felle barnehage blei ikkje sjukepengar på eit krav på kr 100.000 refundert før årsskifte, som det var tatt høgde for i budsjettet. Dermed gav dette ein tilsvarande budsjettsprekk for Felle barnehage.

På biblioteket er det overskridningar på ulike driftspostar som i sum utgjer kr 94.000. Mykje av dette kan knytast til innkjøp av nytt biblioteksysten (kr 80.000) som ikkje var innarbeidd i budsjett.

Samla på flyktningkoordinator og introduksjonsprogram er det eit mindreforbruk på kr 394.000. Hovudforklarings til dette er vakans i stillingar pga. permisjonar og mindreforbruk på støtte til sertifikat.

På administrasjon på eininga er det eit mindreforbruk på driftspostar på kr 321.000. Største enkelposten her er mindreforbruk på kostnad til gjesteelevar i andre kommunar. I tillegg blei utgifter til opplæringstiltak mindre enn budsjett.

**Status handlingsplan vernerundar:**

Samla handlingsplan etter vernerunder i eininga viste 14 avvik. Per i dag er alle desse utbetra eller under aktiv utbetring.

## 15.3 Eining for velferd

### 15.3.1 Heile eininga

Eining for velferd har ansvar for tenesteområda legetenestar, psykiske helsetenestar, helsestasjon, jordmor, fysioterapeut, institusjonstenestar, heimbaserte tenestar, tenestekontor og tenesta for funksjonshemma

Totalt tal på årsverk i eininga er omlag 74 årsverk fordelt på 129 tilsette og i tillegg kjem ein del vikarar. Kostnadsramme totalt for eininga er omlag 56 mill.

#### Felles mål for heile eininga

- Ha fokus på leiarutvikling og struktur
- Arbeide for heiltidskultur og ha fokus på å redusere uønska deltid i eininga
- Få ei fellesskap-kjensle i eininga som mogleggjer meir samarbeid på tvers av avdelingane og som skapar samhald og kjennskap.
- Følge med på anbefalingar om tenesteutvikling og utvikle tenestane i tråd med det andre kommunar gjer og samfunnet elles. (4.1.4)
- Omsette motteke tilskotsmidlar til planar om utvikling og kursendring for tenestane.
- Få til ein kultur for kvalitetsforbetring i heile eininga
- Eininga skal ha eit heilskapleg perspektiv. Oppgåvene skal løysast i tverrfagleg samarbeid utover eiga avdeling, eining og den kommunale organisasjonen der dette er tenleg både med tanke på samhandlingsreforma, folkehelse og forvaltning av ressursar.
- Eininga gir eit dekkjande, fagleg forsvarleg og effektivt tilbod av helse- og omsorgstenester med utgangspunkt i lokale behov. I dette ligg at kommunen til ei kvar tid har tilgjengelege sjukeheimspllassar, tilrettelagte bustader og kvalifisert personale i tråd med behovet.(4.1.6)
- Eininga utviklar forsvarlege heimbaserte tenestar, slik at pasientar som treng omsorgstenestar i hovudsak får tilbod om det i eigen heim. (4.1.7)
- Gjennom eit utstrakt samarbeid mellom helsestasjon, barnehage, skule og kultur skal kommunen tryggje barn og unge sin oppvekst og stimulere ungdom til å vere røyk- og rusfrie.(4.1.1)
- Kommunen skal saman med innbyggjarane og brukarane av dei ulike tenestene vere med på å auke likeverd, likestilling og hjelpe til å førebyggje sosiale problem. (4.1.8.)
- Kommunen skal vere førebudd på nye oppgåver som ein konsekvens av den store satsinga på hyttebygging og auka tal på innbyggjarar i store delar av året.(4.3.4), (4.1.6)

### Felles tiltak for heile eininga

- Fortsette arbeidet med opplæring av leiatar i ny struktur, samt optimalisere stillingsinstruksar

Me gjekk ut av 2023 med ledige avdelingsleiarstillingar både på Kåsa og på NOS. Avdelingsleiar i helseavdelinga har vore konstituert i delar av stillinga si, for å ivareta tilsette og dagleg drift på NOS. 1 august starta ny avdelingsleiar på Kåsa. Det viste seg etter kort tid, at det ikkje var rette jobben for vedkommande og ho valde på sei opp stillinga si. I denne perioden har einingsleiar difor måtte vere tett på drift både på NOS og på Kåsa. Det har medført at ein ikkje har fått satt fokus på stillingsinstruksar. Leiargruppa har vore gjennom felles opplæring med fellestenesta og ein ser for seg jevnleg behov for dette, slik at alle vert trygge på oppgåver som ligg til dei ulike stillingane. Ein har arbeida med å samle ei leiargruppe som jobbar saman etter ny struktur er i gong. Det vil teke tid, då det er fleire som skal bli i stand til å jobbe etter det tredelte prinsippet som ligg i rolla deira med både fag, personale og økonomi.

- Fortsatt fokus på å etablere møtestrukturar og møteplassar som sikrar meir samarbeid på tvers

Det er oppretta felles leiarmøte med møte annankvar veke. Tenestekontoret er au delaktig her, ved behov for å drøfte sakar med leiargruppa. Tenestekontoret har etablerte møtestrukturar med dei ulike tenestane som fungerer godt.

Einingsleiar har faste møter med tenestekontoret

Ein jobbar med å inkludere både verneombud og tillitsvalde slik at me får gode samarbeidsarenaer.

- Bli med på utviklingsarbeid saman med andre kommunar for tenesteutvikling t.d. slik det nå vert gjort ifht velferdsteknologi i Vest – Telemark og tenestekontora ifht felles tildelingskriteriar.

Med fokus på tenesteutvikling og kompetanse har eininga vore med i fleire ulike prosjekt og samarbeid som:

- Vi samarbeidar med Vest-Telemark kommunane om oppretting av felles simuleringssenter.
- Vi deltek i eit samarbeid i høve innføring av avstandsoppfølging, eit fellesprosjekt i Vestfold og Telemark. Lokal oppfølging med Hans Inge Hagen i Vest-Telemark.
- Vi har deltatt i eit læringsnettverk « Gode pasientforløp» som skal implementerast i fyrste omgang i heimetenesta. Både leiare, tilsette og tenestekontoret har vore med i dette nettverket.
- Heimetenesta er med i eit forskingsprosjekt kalla « Practic»
- Tenestekontoret deltek månadleg i samarbeidsmøter med dei andre Vest- Telemark kommunane, der revidering av tenestekriterier, malar og prosedyrar er tema. Dei jobbar nå med å gjere klart til at malane for tenestekriteriene skal leggjast ut på kommunenes heimeside.

- Søke på tilskotmidlar hos fylkesmannen og frå helsedirektoratet, som er nyttig for kompetanseheving og tenesteutvikling.

Utført vinteren 23

- Fortsette med utvikling av Compilo som kvalitet og avvikshandteringssystem.

Det har ikkje vore mogeleg grunna leiarsituasjonen i eininga gjennom 2023, å ha fullt fokus på Compilo som kvalitetsprogram. Nokre prosedyrar er lagt inn men det trengs eit større arbeid med å rydde i kvalitetssystemet og gjere det brukarvennleg for tilsette.

Tilsette nyttar Compilo svært lite, då dei slit med å finne det dei er på utkikk etter. Ein må au leggje inn oppdaterte prosedyrar. Ein har ikkje ein dedisert ressurs i eininga til dette og ein ser då, at dette er ei oppgåve som leiarane ikkje har mogelegheit til å prioritere.

Compilo vert au nytta som avvikssystem og me har eit forbetringspotensiale i å melde avvik samt handtere avvik.

- Sjå vidare på moglegheitar for bruk av velferdsteknologi i heile eininga  
I forbindelse med ombygging av NOS, fekk ein au tilslag på midlar til å innføre digitalt sjukesignalanlegg, det vil gje oss gode mogeligheter til å nytte mange ulike teknologiar etter behov både på sjukeheimen og i omsorgsbustadane.  
Velferdsteknologi har stort fokus i eininga og ein driv å kartlegger behovet for teknologi i heimetenesta.
- Undersøke moglegheit for felles ressurs ergoterapeut med andre kommunar i Vest-Telemark  
Ikkje utført. Einingsleiar ser behovet for å nytte ein ergoterapeut til både rein ergoterapi men au som eit ledd i tenesteutviklinga, kor ergoterapeut kompetansen trengs for å sikre tverrfaglighet og utvikling innanfor områder som kvardagsmestring og demensarbeid. Ergoterapeutstilling er lyst ut.
- SLT-kontakten arbeider førebyggande både lokalt og regionalt  
SLT kontakt er etablert, men da som ein ekstraoppgåve i tillegg til sin ordinære jobb. Der vart ikkje avsatt ressursar dedisert til SLT arbeid og ein må bruke 2024 til å sjå på korleis oppgåvene som ligg til SLT kontakten skal utførast. Ein bør au sjå til andre kommunar i Vest-Telemark, då dei har fast ressursa til SLT- kontakt i variable stillingsstørleikar. SLT-kontakt er viktig i det førebyggjande arbeidet mot born og unge for å fremme gode og trygge oppvekstvilkår.
- Omsorgsplanen rullerast innan 1. tertial 2024. Planen skal m.a. ta opp følgjande moment:
  - Kreftkoordinator
  - Forløpskoordinator
  - Velferdsteknologikoordinator
  - Ergoterapeut
  - Palliativ behandling

Dette arbeidet er ikkje påbegynt men fleire av punkta som skal takast opp, er på plass. Kreftkoordinator byrjar 01.01.24 i ein 20 % stilling. Ho vil jobbe tett mot palliativ avdeling i Skien og arbeide målretta særskilt inn mot heimetenesta, med palliativ behandling og heimedød. Velferdsteknologiressurs er på plass. Ergoterapeut stilling er lyst ut og ein får håpe ein innan august 2024 har denne på plass. Ergoterapeuten skal jobbe med reine ergoterapeut oppgåver samt dagaktivitetstilbodet for heimebuande personar med ei demens diagnose, kvardagsmestring.
- Utgreie oppstart av dagaktivitetstilbod for personar med demens-sjukdom.  
Påbegynt utgreiing for å vidareutvikle dagens tilbod. Demenskoordinator deltek på pårørande skule i Drangedal i haust, slik at me sjølv kan tilby dette i Nissedal i 2024. Ein har au begynt planlegging for utvikling av demenssatsinga i kommunen framover, med blant anna innføring av tiltakspakke demens.
- Nissedal kommune går inn i eit samarbeid med private aktørar om eit prosjekt med tanke på å legge til rette for bustader i Tveitsund, som kan fungere for personar med nedsett funksjonsevne.  
Ikkje påbegynt i 2023. Det er naudsynt med ein heilskapleg boligplan for Nissedal kommune.

### Endringar i planperioden

- Kartlegge behov for og ta i bruk velferdsteknologiske løysingar som erstatning eller som delar av tenestane Heimetenesta har medisinsk avstandsoppfølging på 5 innbyggjarar. Ein vil kartlegge om fleire kan ha behov. Heimetenesta ynskjer å teste ut fleire teknologiske løysingar, som «roommate». Dette vert lagt inn for 2024.
- Vidareutvikle modellen med heimeteneste/kortidsavdeling  
**Sjå under tiltak**
- Fokus på rekruttering med utlysing av store stillingar, samt utforming av gode kreative turnusordningar med fleire moglege helgemønster. Årturnus innført for NOS og heimetenesta. Tilsette var med på å lage sin egen arbeidsplan for det neste året. Dei fekk mogelighet til å velje mellom ulike løysingar både på helg og vekedag med tanke på vaktlengder ut frå deira behov.
- Opprettig av ny fast stilling som turnuskoordinator, for å få fokus på turnus og fordeling av ressursar, samt gje avdelingsleiarane betre moglegheit til å jobbe med fag, personell og økonomi.

**Turnuskoordinator starta opp 11.04.23**

- Etablere planar som verktøy for planlegging av tenestane framover i tid.

Der er behov for både ein demensplan, kompetanseplan og habilliteringsplan i Nissedal. Når leiagruppa blir komplett og har fått satt seg, er det å håper på, at einingsleiar kan bruke tida si på slikt arbeid. Det er tidkrevjande og med dagens situasjon kor einingsleiar er tett på drift, er dette ikkje mogeleg å prioritere. Det er ikkje realistisk å tru at alt planverk vil bli utført i 2024. Dette planverket må au sjåast i samband med behovet for ein heilskapleg boligplan.

- Kommunen med i satsinga «Demensvenleg Kommune»  
Nissedal kommune vart med i satsinga i 2022 og der blei gjennomført både kurs og møter om korleis ein kan bli eit meir demensvennleg samfunn. Dette arbeidet videreførast i 2024, kor ein vil gjennomføre fleire tiltak for å nå dette målet. Det vil blant anna bli starta opp dagaktivitetstilbod for heimebuande personar med ei demens diagnose, pårørandeskule, informasjonsmøte om demens og innføring av tiltakspakke demens. Arbeidet vidare med å vere ein demensvennleg kommune/ demensvennleg samfunn må forankrast både i planverk og politisk, for å lukkast.
- Nissedal kommune går inn i eit samarbeid med private aktørar om eit prosjekt med tanke på å legge til rette for bustader i Tveitsund, som kan fungere for personar med nedsett funksjonsevne.

Ikkje påbegynt i 2023. Det er naudsynt med ein heilskapleg boligplan for Nissedal kommune.

### **15.3.2 Institusjonsbaserte omsorgstenester**

Nissedal Omsorgssenter (NOS) er kommunens tilbod til innbyggjarane når det gjeld institusjonstenester.

Institusjonstenestene er organisert i 2 avdelingar. Somatisk avdeling har 6 plassar for langtidsopphald. Skjerma avdeling har 6 plassar for personar med demens. I tillegg er høyrer kjøkkenet inn under institusjon. Plass tildelast etter eigne kriteria. Opphold i institusjon har individuelt vedtak, med målsetjing om behandling, rehabilitering og aktivitet.

#### **Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus i avdelinga:**

Lov om helse- og omsorgstenester

Pasient- og brukarrettigheits lova

Helsepersonellova

Norm for informasjonssikkerhet

Kvalitetsforskrifta for pleie og omsorg

Sjukeheimsforskrifta

Demensplan 2015

Kvalitetsreforma «Leve heile livet» 2018 – 2023 (Meld. St. 15 (2017–2018)

Institusjonstenesta har etter omorganiseringa ca. 19 årsverk og ei kostnadsramme på 13,8 mill. Kjøkkenet på NOS ligg og nå under institusjon, medan vaskeri og reinhald er flytta over til teknisk. Største inntekter kjem frå pasientbetaling ved langtidsopphald, medan sal av middag til heimebuande og matsal frå kafeen og genererer noko inntekter

#### Mål for tenestene

- Utvikle Kafe NOStalgia i saman med samfunnskontakten, slik at ein finn beste måten å drifta denne på.
- Sørge for at dei tilsette har optimale arbeidsforhold og større moglegheit for å kunne ivareta smittevern ved NOS
- Sikre forsvarlege tenestar for pasientane og gode, trygge arbeidsforhold for tilsette
- Utvikle institusjonstenestane i tråd med utviklinga i samfunnet og i nært samarbeid med heimebaserte tenester.
- Ha store stillingstørrelsar som sikrar kontinuitet og moglegheit for god oppfølging av pasientane.
- Auka fokus på personar med demens i kommunen slik at dei kan få betre oppfølging i tidlig fase av sjukdommen.

#### Tiltak

- Sette ut på anbod og bygge om kjøkken og vaskeri innan 2024, samt diverse andre ombyggingar for å optimalisere drifta på NOS.

**Prosess i gang og planlagt oppstart av prosjektet er august 2024.**

- Investere i og etablere pasientvarslingssystem på NOS med same tidsperspektiv som ombygginga. jf. omsorgsplanen

**Prosess i gang. Vedtak i kommunestyret sept. 23**

- Sjå på moglegheiter for nye kreative turnusar i samarbeid med tilsette og tillitsvalde og ny turnuskoordinator.

Årturnus er innført for NOS og heimetenesta i 2023. Turnuskoordinator har saman med avdelingsleiarane og tilsette utarbedd årturnus som gjeld frå januar 24 til januar 25. Kåsa skal koblast på i 2024. Ein har nå full oversikt over planlagt fråvær som ferie og anna lovpålagt fri gjennom heile året og kva behov ein har for vikarar. Tilsette har vore med i prosessen og har kunne ynskje seg ulike vaktlengder og periodar dei jobbar ut frå deiras livssituasjon. Ein håpar årturnus vil ha positiv effekt på blant anna sjukefråværet. Årturnus er også ein måte for deltidstilsette å auke i stilling og vil gje betre kontinuitet og kvalitet i tenestane.

- Berre lyse ut store stillingar, for å sikre dei som jobbar, ei inntekt å leve av, samt auke rekrutteringa til stillingane. Jfr omsorgsplanen  
**Stillingar blir nå fortrinnsvis lyst ut store og faste.**
- Fokus på utvikling Compilo som kvalitet og avvikshandteringssystem, tilpassa avdelinga **Dette har ikkje vore mogleg å prioritere i 2023.**
- Planlegge ei permanent kohortavdeling, som ivaretak Nissedal sitt behov ved smitteutbrot, må sjåast på i samanheng med omorganiseringa og ombygging av NOS.  
**Tenk opp mot ombygginga der ein får eit eget isolat. Utover det er der ikkje planlagt for eigen kohort avdeling og korleis det skal driftast.**
- Vidareutvikle samarbeidet mellom demenskontakt og legekontoret.  
**Ein har eit godt samarbeid med legekontoret og dette vil i forbindelse med demenssatsninga som er planlagt for dei neste åra, gjere at ein så tidleg som mogeleg kan sette inn tiltak hos heimebuande personar med ei demens diagnose.**
- Fortsette med samfunnkontakt i 40% stilling i 2023, finansiert av tilskotsmidlar.  
**Prosjektet vart avslutta i 2023, då der ikkje vart midlar til å vidareføre prosjektstillinga. Ein har klart å planlegge å vidareføre nokre av tiltaka som vart oppretta i prosjektpersonen. Tiltaka som fortsetter er mandagssuppe og valfaget «innsats for andre», blant anna takket være dei frivillige og innsatsen dei legg ned på NOS kvar veke.**

### 15.3.3 Heimebaserte omsorgstenester

Heimebaserte tenester omfattar heimesjukepleie og heimehjelp, samt kortidsavdelinga på NOS etter omorganiseringa. Etter vedtak gjevest det tenester i heimen slik at personar kan bu heime etter eige ønskje. Tenestene omfattar også utsyrking og evt oppfylging dersom tryggleiksalarmer vert utløyst. Det er i dag ca. 35 personar som har tryggleiksalarm. På slutten av 2020 er det 50 personar som mottek helsehjelp av heimesjukepleia og 35 personar som får praktisk bistand i heimen (heimehjelp). Det er og aukande behov for tenester og blant heimebuande eldre under 80 år. Dette handlar om samhandlingsreforma og konsekvensen av den: at pasientar vert tidlegare utskrive frå sjukehus og kjem fortare heim.

#### **Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan tenesta:**

Lov om helse- og omsorgstenester

Pasient- og brukarrettighetsolva

Helsepersonellova

Norm for informasjonssikkerhet

Kvalitetsforskrifta for pleie og omsorg

Demensplan 2015

Kvalitetsreforma «Leve heile livet» 2018 – 2023 (Meld. St. 15 (2017–2018)

Heimetenesta har etter omorganiseringa ca. 14 årsverk og ei kostnadsramme på 11,5 mill. Korttidsopphald og praktisk bistand/heimehjelp genererer noko inntekter, medan avlastning er gratis.

Mål for tenestane:

- Flest mogleg av personar som treng omsorgstenester skal få hjelpa dei treng i eigen heim (4.1.6)
- Velferdsteknologi skal bli ein integrert del av heimetenestane. (4.1.4)
- Ha store stillingstørrelsar som sikrar kontinuitet og moglegheit for god oppfølging av pasientane.
- Presise og gode korttidsopphald som sikrar at pasientane får den behandlinga og opptreninga som skal til for å kunne bu lengst mogleg i eigen bustad.

Tiltak:

- Vidareføring av ressurs på 20 - 40% til implementering av velferdsteknologi, slik at kommunen kan levere denne tenesta på ein god måte.  
*Eigen ressurs til velferdsteknologi er på plass.*
- Greie ut løysingar for heimbaserete tenester på natt.  
*Ikkje i gangsatt, ein treng ein driftsgjennomgang og kartlegging av behov, dette vil bli gjort i 2024. Viss ein skal klare å dreie tenestane mot meir heimebasert samstundes som me vil vere avhengig av at fleire bur heime lengre, må ein au kunne tilby folk tenestar på natt. Heimebuande i dag må leggje seg innan kl.21.00, som konsekvens av at me ikkje har eigen nattevakt ute i heimetenesta. Ein sjå korleis velferdsteknologi, som til dømes roommate, kan nyttast på NOS og i heimetenesta, for å frigjere ein av dagens nattevaktar og på den måten ha tilstrekkeleg bemanning på natt med dei årsverka me har i dag.*
- Vidareutvikle korttidsavdelinga etter ny modell, der pasientane møter same personell på korttids-avdelinga som dei har når dei er heime.  
*Gjennomført. Ein ser at der i periodar er overbelegg, som utfordrar bemanningssituasjonen i heimetenesta. Ein ser au, at det er behov for å jobbe med å definere kor mange plassar ein skal ha på korttid og kva dei ulike romma skal nyttast til, som til dømes 2 rom som er tenkt til heildøgns omsorgsbustadar. Det er per i dag ikkje tilstrekkeleg bemanning i heimetenesta til å betjene både korttids/ avlastning samt 2 slike bustadar med dagens bemanning som er ein tilsett på 3 korttidsplassar.. Belegg på korttid i 2023 har vore 79,14%*
- Sjå på moglegheiter for nye kreative turnusar i samarbeid med tilsette og tillitsvalde og ny turnuskoordinator.  
*Årturnus er innført i heimetenesta og på NOS Prosessen starta opp i august og tilsette var med å legge sin egen turnus for det neste året frå januar - januar*
- Berre lyse ut store stillingar, for å sikre dei som jobbar, ei inntekt å leve av, samt auke rekrutteringa til stillingane, jf. omsorgsplanen  
*Stillingar blir nå fortrinnsvis lyst ut store og faste*

### **15.3.4 Helsetenester**

Helseavdelinga held til i Treungen sentrum, og er lokalisert i same bygg som kommuneadministrasjonen og teknisk avdeling. Helseavdelinga omfattar legekontoret, jordmor, fysioterapi, helsestasjon og psykisk helse og i tillegg Mila dagsenter etter omorganiseringa. Netto budsjetttramme for helsetenester er omlag 9,8 mill.

#### **Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan tenestane:**

Lov om helse- og omsorgstenester, Pasient- og brukarrettigheitslova

Helsepersonellova, Folkehelselova, Lov om smittevern

#### Mål for tenestane:

- Utvikle tenestane i tråd med anbefalingar frå helsedirektoratet og elles trendar i samfunnet.
- Vektlegge helsefremmande og førebyggjande tenester. Dette gjeld og skulehelseteneste og helsestasjonsteneste
- Ha svangerskaps- og barselomsorgstenester på eit nivå som imøtekjem brukane sine behov.
- Ha ei tilfredstillande akuttberedskap m.o.t. legevakt, heildøgns medisinsk akuttberedskap, naudmeldeteneste og psykososial beredskap og oppfølging.
- God kvalitet på legetenester i høve til diagnostisering og behandling.

#### Tiltak:

- Utgreie løysingar rundt videokommunikasjon og avstandsoppfølging for oppfølging av pasientar. Det er prosjekt i Telemark nå, som vi har signalisert at vi ønskjer å med på.  
**Videokommunikasjon er i bruk på legekontoret som E-konsultasjon.**  
**Avstandsoppfølging: sjå tiltak under felles**
- Gjennomføre prosjektet «Rusfritt, robust og rettferdig» og sjå på vidareutvikling av tenester i helseavdelinga i tråd med resultat frå dette prosjektet  
**2 tilsette har jobba i prosjektet i 2023 i totalt 100 % stilling. Dei tilsette har jobba godt og målretta med ulike aktivitetar og møteplassar for barn og unge.**
- Utgreie moglege aktivitetar for born/unge i sommarferien  
**Ung i Nissedal arbeidar med dette. I 2023 hadde Ung i Nissedal eit godt samarbeid med frivillige organisasjonar som arrangerte ein aktivitet kvar**
- Vidareføre folkehelse prosjektet " Topptur Nissedal "   
**Topptur Nissedal er eit godt etablert folkehelsetiltak som blei gjennomført på 6. året i 2023. Dei som jobbar med Topptur Nissedal har hatt eit godt samarbeid med idrettslag i kommunen.**
- Utreie moglege løysingar for få dekkje kravet om at kommunen skal ha ein ergoterapeut tilgjengeleg i sine tenester. Jf. helse- og omsorgstenesteloven §3-2.  
**Sjå tiltak under felles**

#### Mila aktivitetssenter

Mila aktivitetssenter organiserer dag-aktivitetar til personar med psykisk utviklingshemming. Det er også eit lågterskel-tilbod til personar som treng det.

### **15.3.5 Habilitering og aktivisering**

Habiliteringstenesta har ca. 28 årsverk og ei netto budsjettramme på 15,5 mill.

#### **Sentrale lovverk og planar med spesielt fokus innan avdelinga:**

- Lov om kommunale helse- og omsorgstenester
- Helsepersonelloven
- Folkehelseloven
- Pasient og brukarrettighetsloven
- Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator

#### **Tenester for funksjonshemma**

Tenestene er organisert i Kåsa bu og avlasting (Kåsa). Det er 8 personar som bur i eigne bustader knytt til Kåsa. I tillegg gjev Kåsa tenester til 2 brukarar som bur i eigen bustad i Nissedal. Brukarane på Kåsa er psykisk og fysisk utviklingshemma og har store bistandsbehov. Alle tenester vert tildela eller vedtak.

I tillegg til tenestene i Kåsa har eininga ansvar for dei personane i kommunen som har vedtak om støttekontakt, avlasting og BPA får det. Behovet for tenestene varierer gjennom året.

#### **Mål for tenestene:**

- Yte sosial, psykososial og medisinsk habilitering og rehabilitering til dei som har medfødte eller fått varige problem/funksjonhemmingar og trenger bistand for å kunne nå mål om deltaking i kvardagsliv og samfunnsliv

#### **Tiltak:**

- Ha tilbod om tilrettelagde bustader til pasient/brukargruppa

Ein ser behov for ein anna type bustad enn dagens omsorgsbustadar til denne brukargruppa. Det vil innan 5 år vere behov for fleire bustadar til denne brukargruppa og det må lagast ein plan for dette. Slik Kåsa er bygd i dag, med sjølvstendige bustadar, brukar ein fleire årsverk enn ein treng, dersom ein hadde hatt eit felles bygg, kor sambruk av personell er mogeleg. Dette må sjåast i samband med utfordringar knytta til kompetanse og rekruttering.

- Yte personleg bistand etter behov

Eit større arbeid med å utforme nye vedtak på Kåsa vart iverksatt hausten 2023. Fleire av vedtaka var gamle og utdaterte. Ein fullstendig funksjonskartlegging er naudsynt for kvar enkelt bebuar, slik at ein sikrar at dei får tenestar innan dei områdane dei treng. Denne brukargruppa har varige samansette behov og eit livslangt behov for tenestar. Målet er at alle vedtak vart oppdatert innan våren 2024.

- Tilby aktivitetstilbod på lågterskelnivå slik at alle som treng det får eit godt og variert tilbod om aktivitet tilpassa deira funksjonsreduksjon.

Blir fylgd opp på Mila og Kvito AS.

Ein samarbeider med andre kommunar som Drangedal, kor bebuarane og tilsette besøker ein gard der. Ein har au eit samarbeid med Åmli og Vinje kommune om nokre arrangementer årleg. Deia tilboda set bebuarane stor pris på. Kåsa er au vertskap og inviterer andre kommunar blant anna Åmli hit til arrangementer.

- Undersøke om velferdsteknologi og kan være nyttig for denne gruppa  
Ikkje starta

#### Kompetanseutvikling:

1 sjukepleiar tek Vidareutdanning i kreftomsorg og palliasjon  
1 sjukepleiar tek videreutdanning i praktisk pedagogisk utdanning  
3 tilsette i helseavdelinga har gjennomført kurs «Motiverande intervju»  
2 tilsette i psykisk helse har delteke på introkurs i kognitiv åferdsterapi  
Mitt livs ABC – 5 personar deltek  
Demensomsorgens ABC – 6 personer deltek  
Turnuskoordinator har vore på 2 dagars grunnkurs i GAT samt hospitert i nabokommune.  
Leiargruppa har hatt 1 dags årsturnus kurs  
Fagkveld skulderkurs for fysioterapeutar og lege  
Ekstern undervisning med diabetessjukepleiar  
Ekstern opplæring med dialysesjukepleiar  
Fysioterapeut og tenestekontoret har vore på kurs i ERS (Elektrisk rullestol)  
Sakshandsamar vore på kurs med Omsorgsjuss

#### Simuleringscenter:

Det er søkt og fått midler fra statsforvalter til å opprette simulerings-senter i Vest Telemark. Her er det ansatt en prosjektleider i 60% stilling, som har fått med nesten alle kommunene (Tokke har eget program, men deltok på 1. samling). Det har vært gjennomført kickoff/oppstartsdag med alle som skal være med, fra Nissedal er dette 5 stykker, blant annet fra Kåsa, NOS, hjemmesykepleien og legekontoret. Målet er å trenere både på prosedyrer og ulike scenario for å være bedre forberedt og tryggere når man står i de ulike situasjonene. Det er søkt om midler til utstyr, svar forventes i mai/juni 2023, samt at det er søkt om midler til å videreføre prosjektet ytterligere et år. Svar kommer i juni 2023. Nåværende prosjektperiode går ut februar. Kommunens innsats vil være å frige personell-sette inn vikar ved kursing. Videre må de som lærer simulerings, som skal ta arbeidet tilbake til kommunen ha anledning til forberedelse og gjennomføring, som også innebærer tidsbruk, også under gjennomføring for andre ansatte. Det er sannsynlig at kommunen må kjøpe inn noe utstyr selv, for eksempel WR briller. 2 tilsette blir i hasut vore på kurs, slik at Nissedal får eigne fasilitatorar og kan drive kompetanseheving i kommunen. Prosjektet er tenkt videreført i 2024, då ein ser behov for at prosjektleiar bistår i implementeringsfasen i dei ulike kommunane.

#### Gode pasientforløp:

Arbeidet skal nå videreutvikles i egen kommunen etter at prosjektperioden med innføring er gjennomført. Gode pasientforløp må rulles ut også ved Kåsa bu og avlastning, samt i psykiatrien, og arbeidet på NOS og i hjemmesykepleien må fortsette. Dette vil kreve at det settes av tid til å innføre og gjennomføre dette. Ved å bruke gode pasientforløp ivaretar vi de vi skal hjelpe på en mer systematisk måte, samt at vi setter bruker/pasient i fokus. Den ansatte blir tryggere i sin rolle og får økt kompetanse ved bruk av dette verktøyet som metode, da det i praksis innebærer økt bruk av kartleggingsverktøy som NEWS (vitale parametere), skåleverktøy knyttet til diagnose og funksjon med mer. Dette vil bidra til at det settes inn rette tiltak og rett kompetanse og er viktig for å ha forventningsavklaring opp mot hva kommunen kan tilby av tjenester.

#### Veiledning av HAVO:

Det er ved Kåsa bu og avlastning behov for veiledning knyttet til pasientarbeid. Dette for å ivareta brukergruppen bedre, samt de ansatte (HMS: Utfordrende arbeidsmiljø med slag og utfordrende atferd). Veiledning av HAVO vil i praksis bidra til økt kompetanse hos de ansatte til hvordan de på en bedre og tryggere måte skal yte tjenester, samt ivaretakelse av seg selv som arbeidstaker.

Dette vil kreve at det frigis personell. HAVO er inne og veileder på fleire bebuere.

#### Sjukefråvær:

Samla sjukefråvær i 2023 var 11,08 %, kor korttidsfråværet var 1,81% og langtidsfråvær var 9,27%. På landsbasis ligg sjukefråvær i helse og omsorgssektoren på 8,7 % , så me ligg vesentleg høgare på sjukefråvær enn landsgjennomsnittet. Alt langtidsfråvær er kjend for leiargruppa og det jobbast systematisk med sjukefråværsoppfølging og tiltak. Det er store variasjonar mellom dei ulike avdelingane, kor sjukefråværet er høgast på somatisk og Kåsa. Tilsette har sølv peika på ustabil leiing, tungt fysisk arbeid og stort arbeidspress som moglege årsakar til fråværet. Arbeidstilsynet hadde tilsyn i haust på NOS, gjaldt sjukeheimen og korttidsavdelinga, kor ein fekk 13 pålegg som hovudsakeleg gjekk på HMS arbeid. Ein vil bruke fyrste halvdel av 2024 til å lukke desse pålegga og ein håpar då, at ein kan finne fleire svar på korleis ein kan få ned sjukefråværet i eininga.

#### Kommentar til rekneskapen:

Eininga har eit meirforbruk på kr 1.332.000.

Eininga har eit samla meirforbruk på løn på 2,1 mill. Hovudtyngda av dette meirforbruket er knyt til Kåsa der det er eit meirforbruk på løn på kr 1.876.000. Den største enkeltposten på Kåsa er vikar, som har eit meirforbuk på kr 1.215.000. Dette kan knytas til den bemanningssituasjonen som har vore på Kåsa gjennom 2023.

Statstilskot ressurskrevjande brukarar blei 13,5 mill., som er kr 1.432.000 meir enn budsjettet la til grunn. Dette tilskotet blei særskilt høgt i 2023 på bakgrunn av at kommunen kom inn under ordninga med særskilt kompensasjon for 2022. Dette blei ein ikkje klar over før våren 2023, slik at dette blei ei inntekt i 2023 på 2,5 mill. Ein har og gjort eit anslag på at ein kjem inn under same ordninga i 2023 og at dette vil utgjere 3 mill. for 2023, som var 0,5 mill. meir enn lagt til grunn i 2. tertial. Med andre ord utgjer tilskot frå denne særskilte ordninga 5,5 mill. i 2023. Utgiftene (vikar m.m.) blei høgare enn budsjett, som nemnd over og dette gir då og høgare grunnlag for refusjon for ressurskrevjande brukar. I sum gir dette at tilskotet blei 1,4 mill. over budsjett.

Opphaldsbetaling på omsorgssenteret blei 2,4 mill. som er kr 257.000 under budsjett. Dette er ein inntektspost som heng saman med beleggsprosent og økonomien til dei som er bebuarar på NOS. Beleggsprosent i 2023 var 87,4%.

Overtid NOS/nattevakter blei kr 167.000 over budsjett. Dette må og knytast til bemanningssituasjon i 2023.

Lønsbudsjettet for heimesjukepleia blei overskridi med kr 472.000. Dei største enkeltpostane her var vikarløn (kr 91.000) og tilleggsøn (kr 88.000).

Prisar på mat har stigi meir enn ordinær prisstigning. Dette har medverka til at post for matvarer på kjøkkenet på NOS har ei overskridning på kr 120.000.

Skjerma avdeling har eit overforbruk i høve til innleige frå vikarbyrå på kr 168.000.

På administrasjon heile eininga er det eit mindreforbruk på lønspostane på kr 403.000. Dette kan knytast til vakans i stillinga som einingsleiar ein periode på våren og sjukefråvær utan at det er leigd inn vikar.

Gjennom 2022 blei sjukefråvær/vakanse i stillingar løyst i stor grad ved bruk av overtid. I byrjinga av 2023 gjorde ein eit val om å heller løyse dette ved innleige frå vikarbyrå. I sum blei det leigd inn frå vikarbyrå gjennom heile året for 8,4 mill. Dette er dels finansiert med sjukepengar, ledige lønsmidlar og tilskot ressurskrevjande brukarar. Men eininga er tilførd i overkant av 7 mill. gjennom tertialkontrollane.

Status handlingsplan vernerundar:

NOS : Tiltak som går på ventilasjon og luftkvalitet utbetra i ombyggings prosjektet. Tiltak som gikk på platting og dør på skjerma er utført.

Kåsa: Tiltak som omhandla temperaturregulering i ein leilegheit er utført. Anna tiltak som gikk på arbeidsmiljø er under arbeid. Siste tiltak omhandla kjemikaliehandbok er au utført.

Mila: Tiltak som omhandla asfalt og humpete vei er utbetra, er lagt grus foran inngangsparti. Tiltak på smøring av dører ved nødutganger er au utført. Tiltak som gjekk på brann teikningane er ikkje eigentleg eit avvik. Brann teikningane inneheld for mykje informasjon og kan gjerast meir oversiktlege men altså ikkje eit avvik.

## 15.4 Eining for teknisk drift

Kjerneoppgåver for Eining for teknisk drift :

- Drift og forvaltning av kommunale bygg og kommunens grunneigedommar
- Drift og forvaltning av kommunens utleiebustader
- Drift og forvaltning av kommunale vass og avløpsanlegg med tilhøyrande leidningsnett
- Prosjektansvar for kommunens bygge- og anleggsprosjekter
- Forvaltning av kommunens bil- og maskinpark
- Beredskap og førebyggjande tiltak mot brann og ulykker
- Drift og vedlikehald av kommunale vegar, ferjedrift og grøntområde
- Reinhald i kommunale bygg – med unntak av Nissedal Omsorgssenter

### 15.4.1 Heile eininga

Eininga har 16 årsverk, fordelt på einingsleiar, 2 avdelingsleiarar, 3 vaktmeistrar, 3 driftsoperatørar og 7 reinhaldarar. I tillegg kjem 16 brannkonstablar i det frivillige brannvesenet. Budsjetttramme for teknisk eining er 15 748 000. I tillegg kjem brutto utgiftsramme på vatn og avløp på omlag 9 mill. (sjølvkostområde).

Felles mål for heile eininga

- Bidra til god folkehelse ved å gje gode grunnleggjande tenester som reint vatn, handtering av avløpsvatn, friluftsområde, reinhald og inneklima i kommunale bygg.
- Utvikle og gjennomføre investeringsprosjekt innan bygg- og kommunaltekniske anlegg på ein fagleg og økonomisk god måte.

Felles tiltak for heile eininga

- Kartlegge oppgåver, ansvar og forventningar innan dei ulike tenesteområda, og definere tydelegare kva som er kjerneoppgåver.  
**Kjerneoppgåvene er drift og vedlikehald av kommunale bygg, vegr/ferje, idrettsanlegg/friområde, vass og avløpsanlegg.** Ein bør på sikt definere klart kva for oppgåver som ligg inn under dei ulike kjerneområda. Frå mai til september fikk eininga eit fritak for å gjennomføre oppgåver definert som 3 oppgåver i lista som skildrar ansvarsfordeling mellom eigar og brukar av kommunale bygg. 3. oppgåver er definert som «evt. bidra». Dette gjorde at ein klarte å få gjennomført mange vedlikehaldsoppgåver som ein tidligare ikkje har hatt tid til.
- Tilbakemelding på disponering av vedlikehaldsmidlar.

Det gjennomført utvendig vedlikehald av fleire kommunale bustader og bygg i sommar og store delar av vedlikehaldsmidlane er nytta til dette arbeidet. Ein har gjennomført følgjande tiltak;

- Mila; Måla heile bygget to strøk.
- Kåsa; Leilighetar måla karmar ol., personalbygg måla eit strøk, bytta ein råtten veranda.
- Utleigebustad; Måla to strøk på Smeitkollen 14 og 16 (ikkje vinduer), og bytta to terrasser, Nytt dusjkabinett i bustad med øydelagt badekar, samt noko akutt vedlikehald.
- NOS; Måla ein av dei eldre omsorgsbustadane innvendig, bytta to terrassar.

Det vart bruka omlag 230.000,- av dei 320.000,- som vart løysa. Resterande midlar var tenkt brukt til å utbetre kjøkkenet i Treungen barnehage. Det var dialog mellom teknisk og barnehagen og gjennomføring, men vart ikkje gjennomført da barnehagen ikkje kom med attendemelding på korleis dei ynskja dette gjennomført.

- Organisere sommarjobb for ungdom/studentar innafor gitt ramme.  
I 2023 vart det tilsett 3 ungdomar på teknisk og ein stilling på reinhald. Frå veke 26-31. Dei var med på ein del av utvendig måleprosjekt saman med målar og tilsette frå teknisk, samt anna førefallande arbeid på teknisk. Det var også tilsett ein reinhaldar var med å jobba i team saman med tilsette på reinhald.

#### Endringar i planperioden

- Det forventast ein auke i drift- og vedlikehaldsoppgåver innan va-sektoren som fylgje av fleire anlegg og nye forsyningssområde

### **15.4.2 Kommunale utlegebustader**

Kommunen har totalt 32 utlegebustader, der 19 tildelast etter «Lov om helse og omsorgstenester» av tenestekontoret i Eining for velferd, og resten tildelast etter gjeldande reglement for utlegebustader av eining for teknisk drift.

Det er avsett 0,45 årsverk, og ei netto budsjetttramme på kr 590.000 til føremålet. Forventa årlege leigeinntekter er kr 1.749.000.

#### Mål for tenestene

- Alle utlegebustader skal haldast i slik stand at dei er attraktive å bu i.
- Alle bustadene er til ei kvar tid leigd ut.

#### Tiltak

- Innføre depositum for leige av kommunale bustader.

Det vil innførast depositum/krav om NAV-garanti for leige av kommunale bustader frå 01.01.2024. Det viser seg gang på gang at ein må renovere, kjøre bort søppel og møbler og at utvask ikkje er tilfredstillande. Det er ikkje ressursar eller midlar til å handtere slike ekstra oppgåver på teknisk det er derfor stort behov for å ha depositum/NAV-garanti. Ein ser for seg at det må stillast eit depositum eller NAV-garanti som tilsvrar 3 månadsleiger. NAV-garantien må også gjelde for skadeverk ikkje bare dekke husleige.

- Gjennomføre naudsnyt vedlikehald innanfor tildelt økonomisk ramme.

Dei økonomiske rammene for vedlikehald er svært låge og behovet for vedlikehald er ekstremt stort. Avsette midlar rekk ikkje ein gong til å dekke akutte utbetringar som ikkje kan vente. Det er behov for store ekstra bevillingar om ein skal heve standarden på kommunale utlegebustader.

- Det leggast fram sak om vurdering av tilstand til kommunale utlegebustader.

Eininga er godt i gang med ein rapport om tilstanden i kommunale bustader, men kom ikkje heilt i mål i 2023 grunna at andre oppgåver måtte prioriterast framfor dette – bla. saken om plassering av midlertidig skule i forbindelse med ombygginga på Tveit. Dette er eit omfattande og tidkrevjande arbeid. Det er anslått at ein slik tilstandsvurdering av alle kommunale bygg (utlegebustader og driftsbygningar) utgjer ca. 1,5 årsverk som kjem i tillegg til vanlege arbeidsoppgåver.

### **15.4.3 Kommunale bygg**

Kommunen driv tenesteyting i totalt 13 bygg. I tillegg eig kommunen ein del bygningsmasse av kulturell og historisk verdi, der nokre av bygga vert leigd ut til næringsverksemd, nokre nyttast til lager og andre står ubruka. Det er avsett 8,7 årsverk, og ei netto budsjettramme på kr 7.265.000.

#### Lovverk

- Plan og bygningsloven
- Forskrift om krav til byggverk og produkter til byggverk (TEK)
- Lov om vern mot forurensinger og om avfall (Forurensingsloven)
- Forskrift om begrensning av forurensing (Forurensingsforskriften)

#### Mål for tenestene

- Alle kommunale bygg der det drivast tenesteyting er funksjonelle og oppfyller alle lovkrav til utforming
- Andre kommunale bygg vert teken vare på slik at dei ikkje mistar sin funksjonelle, historiske eller kulturelle verdi.
- Alle kommunale bygg skal vere kartlagt med omsyn til potensiale og utfordringar knytt til Enøk og universell utforming.

#### Tiltak

- Utarbeide ein langsiktig plan for kommunal bygg  
**Dette arbeidet er ikkje starta sidan ein fortsatt jobbar med kommunale utleigebustader.  
(Sjå kommentar under utleigebustander for definering av arbeidsomfang).**
- Kartlegge behov og etablere gode drift- og vedlikehaldsplanar for alle kommunale bygg i samarbeid med dei som brukar bygga, både tilsette og brukargrupper  
**VA-har kjøpt inn FDV - program (Forvaltning, Drift og Vedlikehald ) som også kan nyttast for kommunale bygg og eigedommar. Eit slikt program vil hjelpe oss med å setje ting i system og sikre dokumentasjon av lovpålagte oppgåver. Det er førebels utarbeidet manuelle lister for alle kommunale driftsbygningar. Ein satsar på å ta i bruk programmet i løpet av 2024.**
- Etablere kjeldesortering i alle bygg.  
**Det vil ikkje vere mogleg å etablere eit søppelskur som ville vert mest ønskeleg for å få sørpla fysisk ut av bygget. Ein vil nå gå for ei løysing der ein sorterer søppel (mat, plast, papir og restavfall) og som blir oppbevart i kjellaren på kommunehuset og frakta til IATA ein gong i veka av Teknisk. Ein legg opp til å ha sorteringsstasjonar i kantina, møterom på teknisk, kommunestyresalen, «kjøkken» legekontoret og gamle biblioteket i første runde.**
- Sikre alle bygg mot ytterlegare forfall ved å prioritere utvendig vedlikehald.  
**Sjå eget punkt under kap. 3.4.1**
- Utgreie betre lysforhold på parkeringsplass på Tveit skule (storskulen)/Fleirbruks huset.  
**Er tatt inn i skuleprosjektet.**
- Det må kome på plass rekkverk i trappa ned til hallen i Fleirbruks huset som gir god støtte til begge hender.  
**Gjennomført.**
- Tilgang til bassenget må endrast frå dagens løysing med stige, til trapp eller liknande.  
Dagens løysing for heis /seil-løysing) for å kome i/opp av bassenget er ei løysing som fungerer dårlig for mange brukarar.  
**Gjennomført jf. kommunestyresak 23/23.**
- Det må kome automatisk dørropnar på biblioteket og inn til administrasjonen på Tveit skule.  
**Tatt inn som ein del av ombygging/opprustinga av storskulen.**

#### **15.4.4 Kommunale grøntanlegg**

Kommunen har store grøntareal, både rundt dei kommunale bygga, i tettstadane, og som idretts- og friluftsområde.

Det er avsett 0,45 årsverk og ei netto budsjetttramme på kr 584.000 til føremålet.

##### **Mål for tenestene**

- Kommunen sine grøntanlegg skal vere attraktive, funksjonelle og tilgjengelege, og legge til rette for aktivitet og trivsel.

##### **Tiltak**

- Etablere og gjennomføre gode vedlikehaldsplanar for alle grøntområde i dialog med dei ulike brukargruppene.

##### **Gjennomført.**

- Aktivt nytte sysselsettingstiltak som ledd i godt sommarvedlikehald.  
*Eininga har ein VTO avtale og denne personen nyttas hovudsakleg til sommarvedlikehald.*
- Tilrettelagt badeplass på sommarsletta må vedlikehaldas.  
*Det viste seg å vere vanskelegare enn antatt å få opp denne frå vatnet, da ein ikkje klarte det med eige utstyr slik ein hadde sett føre seg. Den vil bli tatt opp for sjekk våren 2024.*

#### **15.4.5 Samferdsel (vegar, plassar og Fjoneferga)**

Kommunen har ca. 25 km med kommunale vegar. I tillegg syter kommunen for sommarrenovasjon på ein del rasteplassar langs riks- og fylkesvegar. Kommunen yter tilskot til vedlikehald av private vegar etter eigne retningslinjer. Vidare driv kommunen Fjoneferja gjennom driftsavtale med driftsoperatør. Driftsavtala omfattar også leige av serveringsstaden på Fjonesida av ferjesambandet. Det er avsett 0,5 årsverk og ei netto budsjetttramme på kr 1.763.000 til føremålet.

##### **Lovverk**

- Lov om vegtrafikk (vegtrafikkloven)
- Rettleiar for trafikksikker kommune – utarbeida av trygg trafikk

##### **Mål for tenestene**

- Dei kommunale vegane skal ha normal vegstandard heile året.
- Fjoneferga skal ha ei stabil drift heile året.
- Nissedal kommune skal jobbe mot visjonen om 0 drepte og 0 alvorleg skadde i trafikken.

##### **Tiltak**

- Avklare mogleg om-klassifisering av Fjoneferga til fylkeskommunal ferje.  
*I år har det vore møter med både politisk og administrativ leiing i fylkeskommunen om Fjoneferja og mogleg omklassifisering. Det er truleg eit langsiktig løp å få dette til. Det vert difor no jobba langs fleire tidsaksar: Ein kortsiktig med drift av ferja etter kommunal driftsavtale. Nissedal kommune har sett krav om at fylkeskommunen stiller opp med årlege driftstilskot storleik lik det kommunen vil ha i åra som kjem - 1 mill./år. På lengre sikt vert det jobba med at fylkeskommunen har overtek sambandet. Parallelt med dette vert det jobba med utgreiing av alternativt å lage ei bru over sundet.*
- Kommunen sin handlingsplan for trafikksikring skal rulleraust i 2023.  
*Dette vart ikkje gjennomført da avdelingsleiar på teknisk måtte nytte mykje tid på saka rundt ulike bygg som skulle vurderast i forhold til midlertidig skule under ombygginga på Tveit skule.*

- Stille krav i oppdragsomtalar og fylgje opp inngåtte avtalar om vintervedlikehald.  
**Ein har fylgt opp dei ulike aktørane tett i vinter og det har vært mange utfordringar i Treungen.**
- Utgreie behov for tiltak etter erosjonsskader på bru på Kleivvegen.  
**Ble ikkje utført då avdelingsleiar teknisk måtte mykje tid på saka rundt ulike bygg som skulle vurderast i forbindelse med midlertidig skule.**
- Greie ut sak om tømmeanlegg for bobilar  
**Dette prosjekterast saman med ombygging av renseanlegga i Nissedal og Treungen, ein jobbar med desse prosjekta.**
- Etablere løysing for publikumstoalett på Sundsodden og Kyrkjebygda  
**Sjå eige kommentar under investeringsprosjekt for Sundsodden. Toalett i Kyrkjebygda sentrum vil bli bygd ut saman med ombygging av renseanlegget. I Nissedal sentrum vil ein nyte den alternative løysinga med toalettet på dagens rensealnlegg fram til det skal byggast om.**

#### **15.4.6 Brann- og ulykkeberedskap**

Nissedal kommune sin brann- og ulykkeberedskap er organisert med eit brannvesen med 16 brannkonstablar som har ein stillingsprosent på 1,4 % i kommunen. I tillegg er kommunen med i eit interkommunalt samarbeid, Vest-Telemark brannvesen. Samarbeidet har ein overordna brannmeister med ansvar for førebyggjande arbeid (feiing og tilsyn), og i tillegg står kommunane i dei faglege spørsmåla. Brannvesenet har i dag inga fast vaktordning. Kommunen er også ein del av IUA (interkommunalt utval mot akutt forureining) i Telemark og Sør-Øst 110.

Det er avsett ca. 0,3 årsverk, og ei netto budsjetttramme på kr 1.992.000 til føremålet.

#### Lovverk/regionale føringar/rettleiarar

- Lov om Brann og eksplosjonsvern
- Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen
- Lov om samfunnssikkerhet og beredskap
- Forskrift om kommunal beredskapsplikt
- Meld. St. 10 (2016-2017) Risiko i et trygt samfunn – Samfunnssikkerhet
- Veileder til helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunen, DSB 2014
- Klimahjelperen –en veileder i hvordan ivareta samfunnssikkerhet og klimatilpasning i planlegging etter plan- og bygningsloven, DSB 2015

#### Mål for tenestene

- Nissedal kommune skal vere ein trygg stad å opphalde seg.
- Nissedal kommune skal til ei kvar tid ha oversikt over risiko for uønska hendingar, og jobbe førebyggande for å minimere risiko og/eller konsekvensane av slike hendingar.
- Kommunen skal kunne handtere krisesituasjonar slik at skadeverknadane blir minst mogleg.
- Kommunen skal ha ein brann- og ulykkeberedskap som handterer alle akutte hendingar på ein god måte.

### Tiltak

- Gjennomføre intern ROS-analyse for brann og redningsvesenet med omsyn til deira oppgåver og dimensjonering.

Det er utarbeida ny ROS-analyse for brann og redningsvesenet, førebyggandeanalyse og beredsakpsanalysa iht. ny forskrift felles for alle brannvesena i VTBV. Nissedal brann og redning har er representera i begge arbeidsgruppene. I beredsakpsanalysa kjem det klart fram at brannvesenet må ha mannskapsbil for å kunne handtere alle hendingar som ein blir kalla ut på , og i tillegg er det behov for ein lett utrykningsenhet (fremskutt enhet). Desse analysane vil bli lagt fram for kommunestyre når endelig versjon føreligg. Analysa peikar også på ein rekke utfordringar i forhold til dagens organisering av sjølve brannvesen delen og at det er fleire krav i dagens forskrift som ikkje held mål, bla. vakt og overordna ansvar.

### **15.4.7 Vatn og kloakk**

Nissedal kommune har ca.1.800 abonnentar knytt til vatn og avløp som får levert tenester gjennom ein stor infrastruktur rundt i heile kommunen. Nissedal kommune har sidan 2015 vore vertskommune for drift av felles VA-anlegg for Gautefallheia. Tenestene er underlagt prinsipp om sjølvkost, dvs. at brukarane av tenestene (abonnentane) skal finansiere utgiftene.

Det er avsett 4,5 årsverk, ei brutto utgiftsramme på 9 mill.

#### Lovverk

- Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg
- Lov om matproduksjon og mattrøygghet mv. (Matloven)
- Forskrift om vannforsyning og drikkevann (Drikkevannsforskriften)
- Lov om vern mot forurensinger og om avfall (Forurensingsloven)
- Forskrift om begrensning av forurensing (Forurensingsforskriften)

Både gjeldande og komande økonomiplan syner svært store investeringar innan VA. Eit auka kostnadsnivå på dei planlagde investeringane som fylgje av generell prisvekst, samt ein betydeleg auke i kapitalkostnader, har stor innverknad på gebyrgrunnlaget dei komande åra. Det er berekna samla gebyrgrunnlag slik i planperioden:

	R2021	B2022	B2023	B2024	B2025	B2026
Driftskostnader	8 923 134	10 609 878	10 928 175	10 956 020	11 284 700	11 623 241
Avskrivningar	5 560 657	5 694 950	6 003 463	7 162 500	10 203 218	10 011 180
Kalkulatoriske rentekostnader	2 702 890	5 227 742	9 227 671	11 755 571	12 091 700	11 590 775
<b>Gebyrgrunnlag</b>	<b>17 186 681</b>	<b>21 532 570</b>	<b>26 159 309</b>	<b>29 874 091</b>	<b>33 579 618</b>	<b>33 225 197</b>

Gebyrinntektene, justert for auke i talet på abonnentar, og prisvekst på 3 % pr. år på alle årsgEBYR, gjev slike gebyrinntekter i åra 2023-2026:

	R2021	B2022	B2023	B2024	B2025	B2026
Gebyrinntekter med 3 % prisvekst	16 663 323	19 390 790	20 320 725	19 431 739	20 327 252	21 261 707

For perioden 2023-2026 er det lagt til grunn at årsgebyra må aukast med 70-80 % dersom ein skal opprethalde 100 % dekning innan sjølvkostområdet. Forventa saldo på sjølvkostfond ved inngangen til 2023 er omlag 3,5 million for vatn og 0,5 million for kloakk. Det er lagt til grunn at desse blir bruka i økonomiplanperioden.

#### Årsgebyr

Årsgebyra kan delast mellom Hytter og Hus/næringsbygg/offentlege bygg.

Ved inngangen til 2023 er det lagt til grunn omlag 2.150 abonnentar. Av desse er det ca. 1.675 hytter. Alle hytter har vassmålar og betalar for sitt faktiske forbruk. Prognosane bygger på eit gjennomsnittleg forbruk på 30 m<sup>3</sup> for hytter og 200 m<sup>3</sup> for andre abonnentar.

Tabellen under syner årsgebyra for 2022 for nokre utvalde kommunar, samt Nissedal sine gebyr i budsjett 2023.

<b>Årsgebyr (tal inkl. mva)</b>	<b>m3</b>	<b>Nissedal 2022</b>	<b>Nissedal B2023</b>	<b>Drangedal 2022</b>	<b>Åmli 2022</b>	<b>Kviteseid 2022</b>	<b>Åseral 2022</b>
<b>Vatn</b>							
Hus	200	6 375	6 750	8 202	9 170	9 456	4 576
Hytte	30	3 813	4 275	6 191	2 929	3 416	1 782
<b>Avløp</b>							
Hus	200	6 000	7 125	9 750	8 759	10 359	12 976
Hytte	30	3 863	5 500	6 940	2 666	3 397	5 581
<b>Sum vatn og avløp</b>		<b>12 375</b>	<b>13 875</b>	<b>17 952</b>	<b>17 929</b>	<b>19 815</b>	<b>17 552</b>
<b>Hus</b>		<b>7 675</b>	<b>9 775</b>	<b>13 131</b>	<b>5 596</b>	<b>6 813</b>	<b>7 363</b>

Ein større %-vis auke for hytter enn for hus frå 2022 til 2023 vert grunngjeve med dei betydelege kostnadene som følgje av samtidighetsfaktoren, dvs. at ein må ha ein infrastruktur og eit driftsapparat som klarer å levere store delar av det gjennomsnittlege forbruket i løpet av kort tid (juleferie, vinterferie, påskeferie).

#### Tilkoplingsgebyr

Tilkoplingsgebyra skal i prinsippet vere med å finansiere kapitalkostnadene kommunen får ved å investere i nyanlegg. I all hovudsak er det tilkopling av hytter som gjev desse inntektene. Hytter kan få rett til reduserte gebrysatsar dersom andre enn kommunen har vore med å opparbeide infrastruktur/finansiert kommunen si opparbeiding.

I budsjett 2023 er dei ordinære tilkoplingsgebyra (ofte omtalt som Høg sats) for hytter auka med 5,9 %. Alle andre tilkoplingsgebyr er uendra.

#### Mål for tenestene

- Gjennom gode rutinar for drift, vedlikehald og internkontroll skal kommunen sikre alle abonnentar god kvalitet på drikkevatn og sikre miljøet mot utslepp av kloakk.
- Gjennom nye investeringar sikre at infrastrukturen til ei kvar tid dekker behovet for kapasitet og kvalitet.
- Tenestene skal finansierast av brukarane, dvs. ha 100 % dekningsgrad over tid.
- Med grunnlag i samfunnsøkonomi, miljøomsyn og næringspolitikk skal kommunen satse aktivt for å auke talet på abonnentar, primært gjennom samarbeid med hyttevelling, utbyggingsinteresser og grunneigarar.

#### Tiltak

- Tilpassa og vidareutvikle driftsrutinar slik at dei til ei kvar tid sikrar levering av gode vass- og avløpstjenester.  
*Arbeidet er starta, men det er tidkrevjande og mengda med investeringsprosjekt gjer at ein ikkje klarer å nytte så mykje tid som ein ynskjer/treng til dette. Ein har utvida ein modul som allereie var i bruk i KOMTEK kor ein når også har FDV-program.*
- Forbetre system for internkontroll/kvalitetssystem.  
*Dette er eit omfattande arbeid da alt må byggjast opp på nytt for å tilfredstille dagens krav.*
- Ha spesielt fokus på kartlegging og dokumentering av ledningsnett.  
*Ein har leigd inn ein som har jobba med å kartlegge og dokumentere ledningsnett i sommar og han fortsett utover hausten. I vinter vil han bruke tid på å gå gjennom det som allereie er lagt inn og kvalitetssikre detta.*

- Prioritere arbeidet med planlegging av nytt reinseanlegg, slik at det kan stå ferdig så snart som råd.  
Det er signera kontraktar på både bygg og maskin/prosess som er dei to store tunge entreprisane. I tillegg er ein i mål med ventilasjons entreprisa. Det er forventa byggestart i løpet av oktober. Dette arbeidet har tatt mykje tid for både avdelingsleiar og einingsleiar.
- Fylgje opp etablering av kommunalt va-nett, der det ligg til rette for det, spesielt utbyggingsområdet Naurak.  
[Sjå eigen kommentar under investeringsprosjekt.](#)
- Evaluere og eventuelt revidere «Vass- og avlaupsplan 2017-2027», ein plan som skal gje føringar for eit målretta arbeid innan va-sektoren.  
Ein vil prøve å starte opp arbeidet hausten 2023.
- Prosjektere og bygge nye høgdebasseng i Treungen og Nissedal.  
[Sjå eige kommentar under investeringsprosjekt.](#)

#### Kompetanseutvikling:

2 brannkonstablar har bestått utdanninga «grunnkurs brannkonstabel deltid», dei vil i tillegg ta røykdykkerutdanning som nå er skilt ut som eit tilleggskurs i utdanninga. Brannmester starter på studie i stabsmetodikk (stabsarbeid ved kriser) i oktober som avsluttast våren 2024. Studiet er i regi av USN.

Driftsassistansen arrangerer fagtur til Nederland for melemane og 3 driftsoperatørar deltar. Driftsassistansen skal ha ein fagdag knytt til drift av vassverk – her vil ein stille med 5 deltakerar.

Avdelingsleiar VA og einingsleiar har vært til Finland for å sjå på trykksystem for avløp. Det er planlagt å bygge tre slike stasjonar i forbindelse med transport av avløpsvatn til Langemoen RA. Dette er ikkje vanleg i Noreg og ein måtte derfor til Finnland for å sjå på dette.

Avd. leiar teknisk deltek jamleg i eit eigedomsnettverk i regi av KS. Her utvekslast erfaringar mellom dei ulike kommunane til Telemark innan for fagfeltet bygg og eigedom.

#### Sjukefråvær:

Rapportering fråvær jan – des. 2023

Tidsrom	Korttids %	Langtids %	Samla %
<b>1. kvartal 2023</b>			
VA	4,79	0	4,79
Teknisk	2,36	9,21	9,21
<b>2. kvartal 2023</b>			
VA	11,34	0	11,34
Teknisk	1,72	6,63	8,35
<b>3. kvartal 2023</b>			
VA	0	0	0
Teknisk	2,87	4,95	7,82
<b>4. kvartal 2023</b>			
VA	1,67	0	1,67
Teknisk	2,55	4,52	7,06
<b>Heile 2023</b>			
VA	4,81	0	4,81
Teknisk	8,29	2,45	5,84

### Fråværet for VA-avdelinga i 2023

Korttids fråværet ligg på under 5%, dette er bra sidan det er ein avdeling med få tilsette som gjer at ein fort får store utslag. Fråværet består hovudsakleg av forventa fråvær i forbindelse med vanleg sjukdom. Langtidsfråveret er på 0% for 2023, som er svært bra.

### Fråværet for teknisk (adm., reinhald og ute.avd.) i 2023

Korttids fråværet ligg på ca, 2,5% dette er hovudsakleg forventa fråvær ved vanleg sjukdom. Langtids fråveret er på litt over 5%, ein stor del av dette skyldast planlagde operasjonar med lang rekonvalesens. Det totale fråveret er over 8% men om ein ser det i samband med operasjonar som utgjør hovuddele av det, så ser ein det ikkje som så kritisk at ein vel å setje i verk tiltak.

Eininga arbeidar kontinuerleg med førebygging og oppfølginge av sjukemeldt. Vi har fått opplæring og informasjon om vedtekne retningslinjer for sjukefråværsoppfølging på leiaropplæring. Vi rådfører oss med lokalt NAV-kontor dersom det er behov for rettleiing. Vi nyttar moglegheita til å sette arbeidstakerar til andre oppgåver eller gjennomføre oppgåver som kan gjennomførast med å gi betre tid ved sjukemelding. Dette ser ein positive verknadar av – sjukemeldte kjem raskare tilbake, eller står i jobb. Det kan vere godt å gjere noko anna i ein periode eller kunne jobbe mindre effektivt, og vi har eit hav av førefallande arbeid som ikkje krev anna enn litt tid og motivasjon.

### Kommentar til rekneskapen:

Eininga har eit mindreforbruk på 1.197.000.

I 1. tertial blei ramme til eininga styrka med 1,7 mill. i høve til auke i straumutgifter. Kostnad for straum (eks. VA-område) blei 4,4 mill. som er kr 764.000 under budsjett. Utgiften til straum blir ikke endelig klart før avrekninga kjem på nyåret. Dette var bakgrunn for at det ikkje blei gjort endringar i 2. tertial.

Eininga blei i budsjettet tilførd kr 320.000 for å styrke vedlikehaldet av kommunale bygg. Det er eit mindreforbruk på kjøp av materiell og vedlikehald bygg på kr 400.000. I realiteten har ein då ikkje nytta seg av ekstraløyvinga til vedlikehald, men utførd alt vedlikehaldsarbeid som er gjort i 2023 (jf. rapportering over) innafor opphavleg ramme.

Overføring til Vest-Telemark brannvern blei kr 144.000 under budsjett. Dette skuldast ei avrekning for 2022 som drog ned kostnaden.

Utgifter til gjennomføring av kurs/opplæring brannmannskap blei og planlagt innkjøp av utstyr brannvesen blei kr 87.000 under budsjett.

### VA-Sjølvkost:

Samla for vatn og kloakk er det eit meirforbruk på kr 739.000.

På kloakk blei tilkoplingsavgiftene kr 355.000 lågare enn budsjettet. Dei er då justert ned med 1 mill. i løpet av året. Det blei og budsjettsprekks på driftsutgifter kloakk på kr 283.000. På vatn var det ein budsjettsprekks på driftsutgifter på kr 317.000. På kloakk var byte av kummar ei vesentleg forklaring på overskridinga på driftsutgifter. Dette medverka til at vedlikehald av bygg/anlegg (samla vatn/kloakk) hadde ei overskridning på kr 690.000. Slamtøming blei og over budsjett med kr 116.000. Det er gjennomført eit kartleggingsarbeid av leidningsnettet. Dette har gitt ein budsjettsprekks på innleige av konsulenthjelp på kr 170.000. Delar av overskridingane på dei nemnde driftspostane er dekt inn ved mindreutgift på straum.

I sum gir dette at vatn har eit framførbart underskot på kr 452.000 og avløp har eit framførbart underskot på kr 1.441.000.

Status handlingsplan for vernerundar:

Det er gjennomført vernerundar på teknisk – VA, vaktmeistrar, reinhald og brann 05.06.2023.  
Det er ikkje avdekkta alvorlege avvik.

*Brann;*

*Det må kjøpast inn «skiftekler» til alle mannskaper som kan nyttast i bilen tilbake frå innsats ved behov. eks. brann.*

Dette ble ikkje gjennomført då ein ventar på logo til brannvesenet som skal trykkast på klærne. Dette vil bli gjennomført i starten av 2024.

*Reinhald og vaktmeistrar;*

Begge er svært nøgd med å ha kome inn i nye lokal. Det er skrevet avvik på at det ikkje er utarbeida og gjennomgått branninstruks for nytt bygg.

Det ble ikkje gjennomført i 2023 men vil bli gjort i starten av 2024.

*Vatn og avløp;*

Ein har ein del utfordringar på reinsealeggja i Treungen og Nissedal i forhold til lukt/gass og ventilasjon. Det er skrevet avvik på at ein må sjå om det kan gjerast enkle utbetringar for å få at dei skal fungere optimalt. Begge renseanlegga vil leggast ned i løpet av 2025 i forbindelse med bygging av nytt reinseanlegg på Langemoen.

## 15.5 Plankontor og næringsutvikling

Denne samanslutninga blei oppretta 01.01.2022. Hovudmålsetjinga med ny organisering er å sjå, og å få eit betre samspeil mellom planarbeid, næringsarbeid og arealbaserte kulturaktivitetar. Til eininga er lagt eksisterande interkommunalt plankontor der ei 100 % - stilling er avsett som kommuneplanleggjar, kommunalt næringsarbeid med næringssjef i 100 % stilling og utviklingsdelen av kultursjefens arbeidsoppgåver, stipulert til 20 %.

### Felles tiltak for plan og næring

- Det gjennomførast årleg møte med Statens vegevesen.
- **21. april 2023 hadde kommunen møte med Statens vegvesen der tema var rastepllassar langs riksveg 41. Det har i tillegg vore fleire møte om utbetringane av riksveg 41.**
- Oppfølgjing av fylkesvegstrategi.

Det har vore gjennomført to møte med fylkeskommunen der forventinga om overtaking av ansvaret for Fjoneferja samt opprusting av Fjonevegen og fylkesvegen inn til privat veg mot Jettegrytene har vore tema.

### 15.5.1 Interkommunalt plankontor for Kviteseid og Nissedal

Interkommunalt plankontor utfører lovheimla forvaltingsoppgåver innan arealplanlegging, kartfesting, oppmåling og byggesaksbehandling i kommunane Kviteseid og Nissedal.

Plankontoret har for 2023 budsjettet med 5,15 årsverk fordelt på seks stillingar. Inntektene, i det alt vesentlege behandlingsgebyr, er budsjettet til 4,0 mill. kr. Etter samarbeidsavtalen skal kommunane fordele nettokostnaden ved drifta av plankontoret etter folketalet. For 2023 er andelen til Nissedal berekna til 36,6 %. For sjølvkostområda oppmåling og byggesak er det eit mål å oppnå 100 % dekningsgrad, dvs at desse tenestene skal vere sjølvfinansierte.

### Felles mål for heile plankontoret

- Legge til rette for bustadbygging og næringsetableringar i samsvar med kommuneplanens hovudmål, jf. pkt. 4.1.5 og 4.2.
- Legge til rette for bygging av fritidsbustader i samsvar med kommuneplanens hovudmål, jf. pkt. 4.2 og 4.3.4.
- Sikre eit godt kunnskapsgrunnlag gjennom vidare arealkartleggingar av t.d. kulturminne, naturtypar og friluftslivsaktivitetar.
- Syte for rask behandling av alle typar søknader. Ikkje brot på lovfastsett behandlingstid.

### Felles tiltak for heile plankontoret

- Tilpassa årsverk til eventuell endring i oppdragsmengde og/eller endra saksbehandlingskrav.

### Endringar i planperioden for heile plankontoret

- **Ny plansjef tilsett 15 september 2023.**

### **15.5.2 Administrasjon og plan**

Tenester/arbeidsfelt: Kommuneplanar, reguleringsplanar, digitalt planregister, dispensasjoner fra plan, klagesaker.

Sentralt lovverk/planar: Plan- og bygningslova m/forskrifter, Naturmangfaldlova, Forureiningslova, Kulturminnelova, gjeldane kommuneplan/kommunedelplanar og gjeldande reguleringsplanar.

#### Mål for tenestene

- Alltid ha oppdaterte arealplanar.
- Ha nok detaljplanlagde tomter for bustadbygging, med vekt på sentrumsområda Treungen og Kyrkjebrygda.

#### Tiltak

- Ferdigstille detaljreguleringsplan *Jettegrytene*.

Etter at planforslaget hadde vore på høyring, blei innhaldet justert. Justert planforslag er lagt fram for formannskapet som etter møtet 24.08.23 tilrådde eigengodkjenning av den justerte planen. Planen blei godkjent i kommunestyret 07.09.23, jf. sak 044/23. Det har kome inn klager og forslaget til detaljreguleringsplan for Jettegrytene er sendt til klagebehandling hos Statsforvaltar

- Fullføre rulleringa av kommunedelplanen for Treungen sentrum, lokalisering av ny Tveitsund bru.

Statens vegvesen er engasjert for faglege vurderingar av dei alternative plasseringane av ny Tveitsund bru. Dette vil særleg gjelde landskapsverknadene og ein revisjon av kostnadskalkylane for dei to alternativa. Før desse kan presenterast, skal det gjerast grunnboringar i trasé-alternativen. Dette vil bli gjort i månadsskifte september/oktober. Eit planforslag blir lagt fram for politisk behandling etter at resultatet av desse vurderingane er kjent. Vidare planarbeid vil skje i løpet av 2024 - 2025.

- Abeidet med planstrategien er i gang og forventas vedtatt innan november 2024.

### **15.5.3 Kart og oppmåling**

Tenester/arbeidsfelt: Kartgrunnlaget og oppmåling etter matrikkellova.

Sentralt lovverk/planar: Plan- og bygningslova m/forskrifter, Matrikkellova, Eigarseksjoneringslova, gjeldande kommuneplan/kommunedelplanar og gjeldande reguleringsplanar.

#### Mål for tenestene

- All saksbehandling utan brot på lovfastsett behandlingstid.
- Tenestene skal vere sjølvfinansierte.

#### Tiltak

- Få kommunen autorisert som oppmålingsmynde, jf. nytt forskriftskrav.

Begge oppmålingsingeniørane er sett på etterutdanningsløp som vil kvalifisere for autorisasjon. Ein av oppmålingsingeniørane har derimot sagt opp stillinga med verknad frå 01.12.23. Denne stillinga er vakant.

Tilsett kommuneplanleggjar har nødvendig utdanning, og kan etter to års arbeid få same autorisasjonen.

- Rette opp og supplere i feil/manglende vegadresser.

Nye adresseområde er vedtatt i k-sak 015/23. Bestilte skilt i høve til vedtaket og til rapporterte feil/manglar blei sett opp i eigenregi før sommarferien.

#### **15.5.4 Byggesaksbehandling**

Tenester/arbeidsfelt: Byggesaksbehandling og utsleppssøknader.

Sentralt lovverk/planar: Plan- og bygningslova m/forskrifter, Forureiningslova,

Kulturminnelova, gjeldane kommuneplan/kommunedelplanar og gjeldande reguleringsplanar.

##### Mål for tenestene

- All saksbehandling utan brot på lovfastsett behandlingstid.
- Tenestene skal vere sjølvfinansierte.

##### Tiltak

- Sal av tenester til eigedomsskatteprosjektet (taksering av alle nye skatteobjekt).  
*Det er fram til 01.09. ført 25.50 timer på dette arbeidet. Arbeidet vil halde fram i 2024.*
- Kontrollere at rutinane for prøvetaking og service av § 13-anlegga blir gjennomført.  
*Dette er gjennomført, og rapportert innan fristen som var i mai.*
- Ved søknad om ferdigattest, innføre krav om at tiltaket er koordinatinnmålt.  
*Kravet er lagt inn som standard-vilkår ved alle byggeløyve frå 01.01.23.*

#### **15.5.5 Næringsutvikling (under kommunedirektøren frå 2024)**

Næringsjefen jobbar tett med næringsdrivande og Nissedal næringslag. Sentrale lovverk og planar med særleg fokus på næring er Strategisk næringsplan for Nissedal, Vedtekter for kraftfond og næringsfond, retningsliner for næringsstøtte og samarbeidsavtalar med Vestfold og Telemark fylkeskommune.

##### Mål for tenestene

- Ha eit oppdatert og ajourført planverk.
- Legge til rette næringsareal for utvikling av ny handel og næring og utviding av eksisterande.
- Legge til rette for kompetansearbeidsplassar t.d. via private næringshagar.
- Legge til rette for mindre pendling gjennom arbeid frå kontorfellesskap, næringshagar, heimekontor- og hytter for arbeidsgjevarar utanfor kommunen.
- Utnytte kompetansen hos- og involvere hyttebuarar i kommunen.
- Alle innbyggjarar skal ha tilgang til breiband via fiber, 5G eller satellitt.
- Utvikle Nissedal som eit attraktivt og berekraftig reisemål.
- Vidareutvikle området rundt Jettegrytene.

##### Tiltak

- Arbeide vidare med avklaring og tilrettelegging rundt Jettegrytene kva gjeld både ordna tilkomst, parkering, berekraftig bruk/strategi for besøk og reguleringsplan.  
*Kommunestyret eigengodkjente 07.09., sak 044/23 reguleringsplanen for Jettegrytene m.m. Dialog med fylkeskommunen om at Nissedal ynskjer eit samarbeid om utarbeiding av berekraftig besøksstrategi for området.*
- Arbeide vidare med søknaden om breiband til Felle via 5G og FTB (fast trålaus breiband).  
*Fylkeskommunen la ut anbod for framføring av fiber til fastbuande på Felle. Telenor vann anbodskonkuransen. Arbeidet vil starte i 2024. Fylkeskommunen har innvilga ca. 9 mill. kr til utbygginga. Kommunen må sjølv bidra med ca. 2 mill. kr, 1 mill. over kva som tidlegare er meldt.*

- Samarbeide vidare med Åmli, Froland og Fyresdal i eit prosjekt om utvikling av Nidelva. I februar 2023 blei det klart for oppstart av forprosjektet Naturbasert reiseliv langs Nidelva, del 2. Bak denne fasen av prosjektet står kommunane Kviteseid, Fyresdal, Nissedal, Åmli og Froland i samarbeid med destinasjonsselskapa Visit Telemark og Visit Sørlandet, samt fylkeskommunane Agder og Vestfold/Telemark og Innovasjon Norge. Det ligg ei forventning om å involvere og engasjere aktørar langs heile vassdraget for å kome opp med gode opplevelingar for fastbuande og besøkande, og slik tilføre verdiskaping i heile området. Prosjektet har hausten 2023 invitert til folkemøte om planarbeidet.
- Starte arbeidet med ny strategisk næringsplan etter at nytt politisk styre er på plass hausten 2023.  
**Denne tidsplanen ligg fast.**
- Sikre heilårsdrift av Fjoneferja gjennom tett samarbeid med operatør og ruteplan for heile året.
- **Det er utarbeidd ruteplan for heile 2023. Noverande operatør har sagt opp driftsavtalen** med kommunen og kører siste tur 15. oktober 2023. Det er vedtatt at ferja innstiller drifta frå 16.10. for ein grundig kontroll og med påfylgjande vedlikehald. Nye driftsoperatørar er i gang frå våren 2024.
- Avklare eventuell deltaking i interesseorganisasjonen E134 Haukelivegen AS.  
**Ikkje avklara ennå.**
- Masterplan for reiselivet i Vest-Telemark. Visit Telemark og Mimir har på oppdrag frå Vest-Telemarkrådet starta arbeidet med ein strategi som vil peike på utfordringar, innsatsområde og tiltak som skal løysast i fellesskap i regionen. Målet er at ferdig strategidokument for reiselivet i Vest-Telemark og Nissedal skal vere klart til politisk handsaming før sommaren 2023.
- Utarbeide ny marknadsføringsstrategi. Utarbeiding av strategi for å marknadsføre Nissedal som ein attraktiv kommune å drive næring i, bu og gjeste skjer først etter at reisemålsutviklings-prosessen i Vest-Telemark er ferdig medio 2023.  
**Dette arbeidet er ikkje starta opp.**
- Kartlegge ledige næringslokale og næringsareal i kommunen.  
**Dette arbeidet er enno ikkje gjort.**
- Rekruttere utflytte nissedøler som kan tenke seg å flytte heim att. Her blir det samarbeid med dei andre kommunane i Vest-Telemark.  
**Næringskollegiet i Vest-Telemark har stadig temaet på dagsorden, og planen nå er ein felles søknad om Bygdevekstavtale med nye bustader som viktigaste satsingsområde.**
- Utgreiing av kva som skal skje med kommunens eigedom Fjonesundet. Dette skjer først når/om det blir klart at fylkeskommunen tek over ferjedrifta av Fjoneferja.  
**Det er per i dag ikkje planar om endringar kva gjeld Fjonesundet. Høve til gunstig leige av eigedomen føreset at leidgetakar også driftar Fjoneferja og slik kan disponere eigedomen som bustad og/eller næring.**
- Starte kartlegging og arbeidet med planen «Nissedal mot 2050 - ein berekraftig reiselivskommune - ein plan for bruk av naturen vår». Dette må ein sjå på i samanheng med eksisterande planar, rullering og eventuell uttrekking av hyttefelt.  
**Det pågående arbeidet med å kvalifisere reiselivet i Vest-Telemark til merkeordninga Berekraftig reisemål, vil vere eit viktig grunnarbeid og kartlegging for den komande planen.**

### **15.5.6 Arealbaserte kulturaktivitetar**

Utviklingsdelen av kultursjefens arbeidsoppgåver vil knyte seg til planverk som Plan for idrett og friluftsliv, Kulturminneplan (planarbeid under oppstart) og til gjennomføring av tiltak i reguleringsplanar med særleg fokus på fritidsaktivitetar for fastbuande og for reiselivet.

#### **Mål for tenestene**

- Ha eit oppdatert og ajourført planverk.
- Vere ein aktør for lokalt næringsliv for auka bruk av natur- og kultur(minne)basert reiseliv (jf. kommuneplanens punkt 4.2.1, 4.2.2, 4.2.5).
- Utvikle/stimulere tiltak som gir betre folkehelse for innbyggjarane.

#### **Tiltak**

- Arbeide vidare med kommunal kulturminneplan.  
*Arbeidet startar opp i haust med tidlegare plansjef som ansvarleg.*
- Samarbeide med eining for teknisk drift om å ferdigstille ny tur- og sykkelløype frå Tjønnefoss til Høgfoss, innanfor retningslinjer for spelemiddelordninga. Søkje om spelemidlar til bru over Raudåna og ev. finne andre eksterne midlar. Totalt kostnad på prosjektet: 4 mill.  
*Arbeidet med tilrettelegging for tur-og sykkelløype på VA-trasé mellom Tjønnefoss og Ilekleiv er straks ferdig. Bru over Raudåna er ferdig. Ny trase fører til at det ikkje lenger er nødvendig å sykle på riksvegen, og einaste kryssingspunkt med riksveg er ved Haukerhyl på Nissedal sin del av traséen.*
- Arbeide med søknader om spelemidlar knytt til Plan for idrett og friluftsliv.  
*Søknadar til spelemiddelordninga er sendt inn for 2023. For Nissedal er det sendt inn 2 ordinære og ein nærmiljøsøknad. Åmli og Nissedal motorsportklubb har fått innvilga støtte til klubblokale på Nidlev arena, og Nissedal kommune søker om støtte til tur og sykkelbru over Raudåna. Søknaden til Nissedal kommune er godkjend, men fekk ikkje støtte i 2023. Søknaden må fornyast i 2024. Gautefall Discgolfklubb fekk spelemidlar til Frisbeegolfbane 18 hol, på Felehovet Nord.*
- Jobbe vidare mot realisering av klatrehall i Lokstallen gjennom å søkje eksterne midlar og samarbeide med eksterne og lokale aktørar.  
*Arbeidet med realisering av klatrehall blir nå jobba med gjennom å søkje eksterne midlar til finansiering. I juni fekk klatrehallen tilsegn på 1.750.000 frå Vestfold og Telemark fylkeskommune. Midlane kan nyttast til å starte opp restaurering av vindauge og anna restaurering av eksisterande bygg før resten av finansiering er klart. Kommunestyret vedtok ei tidsramme på å finne finansiering til juni 2024.*
- Jobbe med å formidle kulturhistoria i området Treungen sentrum og Sommarsletta som er plukka ut av Riksantikvaren til å vere av nasjonal interesse. Området har stort potensiale til å formidle historia gjennom informasjonsskilt og andre løysingar for formidling. Det er søkt fylkeskommunen om støtte til eit formidlingsprosjekt for området.  
*Det blir jobba med formidling av området.*
- Arbeide vidare med realisering av universelt utforma bru for gange og sykkel.  
*Det blir jobba med realisering av bru for gange og sykkel. Prosjektering av bru er straks ferdig, og ein vil då bruke den som grunnlag til å gå i dialog med eksterne aktørar for å sjå om det er mogleg å realisere bruua.*
- Legge til rette for kulturbaserte næringer og halde fram samarbeidet med Treungenfestivalen.  
*Det er eit etablert samarbeid med Treungenfestivalen.*

- Fange opp og søke støtte frå eksterne finansieringskjelder for ulike aktivitetstiltak i privat eller kommunal regi.

Det er søkt om støtte frå Vestfold og Telemark Fylkeskommune til å gjere Treungbanen tur-og sykkelløype universelt utforma frå Sommarsletta til Myrane. Dette er Nissedal kommunes sentrumsnære UU-sti. Den har derre ikkje hatt godt nok dekke, eller hatt nok kvilebenkar jamfør standard for UU-sti og aldersvenleg samfunn. Det er løyvd kr. 250.000 til å legge nytt grusdekke, flate ut bakke over Milavegen og sette ut 10 nye benkar. Det er lagt nytt grusdekke, og benkar er straks klare frå Kvito. Tiltaket blir gjort i samarbeid med Nissedal eldreråd, Rådet for funksjonshemma, Nissedal pensjonistlag og tilsette og brukarar på Mila.

Det er òg søkt om støtte frå Gunnar Dybdahls stiftelse til å skilte og sette opp nye benkar på den nye traséen frå Tjørullkroa til Ilekleiv. Det er løyvd kr. 100.000 til dette tiltaket, som vil bli gjennomført når benkar er klare til levering. Skilting er delvis gjennomført, retningskilt er sett opp, det manglar berre informasjonsskilt. Skilting og merking, samt å sette ut 5 benkar på strekninga, blir gjort i samarbeid med Nissedal historielag og grunneigarar.

Det er søkt om midlar frå Vestfold og Telemark fylkeskommune til prosjektering for å resirkulere lysløypa i Treungen til sykkelløype, og sjå på moglege løysingar for auka sykkelbruk. På denne søknaden blei det tilsegn på kr. 150.000 til prosjektering. Arbeidet vil starte i haust, og vere i samarbeid med grunneigar, Treungen idrettslag og Ung i Nissedal.

#### Kompetanseutvikling:

Som tidlegare nemnd var dei to oppmålingsingeniørane i gang med nødvendig etterutdanning/kurs for å bli autorisert etter nye krav til kommunal oppmålingsmynde frå 2023, nå utsett til 2025. Begge har fullført kurset «Plan- og bygningsrett», 10 studiepoeng. Han som kjem til å halde fram i arbeidet skal nå til med kurset «Tingsrett», 30 studiepoeng.

#### Sjukefråvær:

Sjukefråværet for plan og for næring var 4,34 % i heile 2023. 2,59 % er relatert til arbeidsplassen/arbeidsmiljøet for dei tilsette.

#### Kommentar til rekneskapen:

Plan- og næring har eit mindreforbruk kr 521.000.

Næringsadministrasjon er kr 55.000 under budsjett. Dette er i hovudsak forklare med at det ved oppgjer av kraftfondet var ledige midlar og då næringssjefstillinga berre er dels finanisert med kraftfondsmidlar, blei ledige midlar inntektsførd her utover det som var budsjettert.

I førebuing til 2. tertial blei det avklart at ramma til plan og næring kunne reduserast med kr 330.000. Ved ein feil blei ikkje dette med då sak om 2. tertial blei lagt fram og ramma blei ikkje redusert. Midlane har ligget unytta og gir dermed grunnlag for eit mindreforbruk på tilsvarande sum.

Inntektene på ulike ansvar på plankontoret er over budsjett. Dette gjeld adm. plan (kr 128.000), bygningskontroll (kr 48.000), oppmåling (kr 14.000).

